



*Foto: Sigbjørn Linga*



## Innhold

1	You`ll never walk alone .....	3
2	Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future .....	15
2.2	Kommuneplan 2015-2030 og visjon for Kvam herad .....	15
2.3	Hovudmål.....	15
2.4	Hovudstrategiar .....	15
3	Om budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.....	17
3.1	Om driftsbudsjett og økonomiplan .....	17
3.2	Organisering av tenesteproduksjonen i Kvam herad .....	19
3.3	Hovudlinjer i driftsbudsjett og økonomiplan.....	21
3.4	Status innsparringstiltak.....	24
3.5	Om investeringsbudsjett og økonomiplan .....	25
3.6	Føresetnader for budsjett og økonomiplan .....	27
3.7	Sentrale risikoelement .....	28
3.8	Søknader og tiltak .....	29
4	Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett 2016-2019 .....	34
5	Budsjettskjema 1A – Finans, skatt og rammetilskot.....	37
6	Budsjettskjema 1 B - Tenestekområde 2016-2019.....	39
6.1	Politisk verksemd .....	41
6.2	Administrasjon, styring og fellesutgifter.....	44
6.3	Barnehagar .....	48
6.4	Grunnskuleopplæring .....	52
6.5	Kommunehelse .....	58
6.6	Pleie og omsorg .....	64
6.7	Sosialtenesta.....	69
6.8	Barnevern .....	72
6.9	Bustader.....	75
6.11	Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø .....	77
6.12	Næringsforvaltning og konsesjonskraft.....	81
6.13	Brann ogulukkesvern .....	84
6.14	Samferdsel og grøntanlegg .....	86
6.15	Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR) .....	88
6.16	Kultur .....	90
6.17	Kyrkje .....	96
6.18	Finans og fellespostar .....	97
6.19	Særtema: Kvam familie og læringscenter.....	98
6.20	Fellestema: Kommunale bygg.....	101
6.21	Fellestema: Sosiale kostnader inkludert premieavvik.....	102
6.22	Fellestema: Avskrivningar .....	104
7	Økonomisk hovudoversikt – investeringsbudsjett 2016-2019 .....	105
7.1	Budsjettskjema 2A – Investeringsbudsjett .....	107
7.2	Budsjettskjema 2B – Investeringsbudsjett .....	107
8	Prosjekt i økonomiplanperioden 2016 – 2019 .....	110
8.1	Prosjektoversikt .....	111
8.2	Nye prosjekt.....	114
8.4	Aktive investeringsprosjekt .....	118

8.5	Aktive skule- og barnehageprosjekt .....	123
8.6	Aktive VA – prosjekt .....	124
9	HST-094/15 – Kvam heradsstyre sitt budsjettvedtak .....	127
10	Oppdaterte hovudtabellar – Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 .....	130
10.1	Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett 2016-2019.....	131
10.2	Budsjettskjema 1A – Finans, skatt og rammetilskot .....	132
10.3	Budsjettskjema 1B – Tenesteområde 2016-2019 .....	132
10.4	Økonomisk hovudoversikt – investeringsbudsjett 2016-2019.....	133
10.5	Budsjettskjema 2A – investeringsbudsjett 2016-2019.....	134
10.6	Budsjettskjema 2B – investeringsbudsjett 2016-2019.....	134

I dette dokumentet er kapittel 1-8 rådmannen sitt framlegg til budsjett, medan heradsstyret sitt vedtak er presentert i kapittel 9. I kapittel 10 er hovudtabellane frå kapittel 4-8 oppdatert for endringar i kapittel 9 (HST-094/15), HST-099/15 og HST-123/15.

# 1 You`ll never walk alone

Rådmannen legg ved dette fram framlegg til årsbudsjett for 2016. Årsbudsjettet byggjer på ei framskriving av driftsnivået i 2015, vedtak i økonomiplan 2016-2019, saman med endringar i framlagt statsbudsjett 2016 og andre endringar i heradet sine økonomiske rammevilkår.

Forslaget vert lagt fram i ein periode med auka usikkerheit knytt til utviklinga i norsk økonomi samstundes som verda står i ei migrasjonsutfordring med ukjende framtidige dimensjonar.

When you walk through a storm  
Hold your head up high  
And don't be afraid of the dark  
At the end of the storm  
There's a golden sky  
And the sweet silver song of a lark

Walk on through the wind  
Walk on through the rain  
Though your dreams be tossed and blown

Walk on walk on with hope in your heart  
And you'll never walk alone  
You'll never walk alone

Kommunane er grunnmuren i det norske velferdssamfunnet, og ein viktig demokratisk arena og forvaltar av ein stor del av fellesskapet sine ressursar. I tillegg er sektoren ein viktig arbeidsgivar, myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar og tenesteytar. Regjeringa ønskjer sterke kommunar som ivaretek sine oppgåver på ein god måte for sine innbyggjarar. Staten skal gje kommunesektoren gode og klare rammevilkår, men kommunen har sjølv ansvar for den økonomiske balansen og den løpande drifta og investeringar i eigen kommune. I Kommuneproposjonen 2016 (Prop.121 S (2014-2015)) legg regjeringa fram sin politikk for kommunesektoren i tida som kjem;

For regjeringa er det viktig at me er i stand til å løysa dagens oppgåver, men også at me rustar oss for framtida. Kommunesektoren spelar ei viktig i rolla på alle samfunnsområde, og er sentrale aktørar i å løysa framtidas utfordringar. Regjeringa vil gjennomføra eit kunnskapslyft for alle. Kunnskap gjev framtidsmoglegheiter for alle, uansett bakgrunn, og dannar grunnlaget for sosial mobilitet i samfunnet. Kunnskap er avgjerande for å styrkja norsk konkurransekraft og byggja landet for framtida.

Regjeringa vil gi eit velferdslyft for eldre og sjuke, og vil utvikla ein helsa- og omsorgssektor med større aktivitet og kvalitet. Regjeringa vil auka innsatsen for å styrkja tryggleiken. Regjeringa vil forbetra det sosiale tryggleiksnettet, slik at fleire blir inkluderte i samfunnet og kan hjelpa til å skapa framtidas velferd. Det er i kommunane dei grunnleggjande velferdstenestene skjer. Kommunesektoren spelar derfor ei avgjerande rolla i å realisera regjeringa sine målsetjingar.

Kommunane har svart på regjeringa sitt initiativ til kommunereform og er godt i gang med å diskutera korleis framtidas kommunar skal sjå ut. Kommunereforma vil hjelpa til å rusta kommunane til å kunne handtera dei utfordringane me veit kjem i tiåra framover.

Storbyane er viktige for utviklinga i den einskilde landsdelen, og ein stadig større del av befolkninga bur i byar eller i byområde. Regjeringa vil derfor føra ein aktiv storbypolitikk, og ein ny regionalpolitikk der storbyane og regionane omkring utviklar eit samspel til det felles beste. For å ivareta ei berekraftig

utvikling er det viktig at byane tek ansvar for god planlegging, og at staten legg til rette gjennom føremålstenlege juridiske og økonomiske rammer.

### **Utfordringar i kommunesektoren**

Kommunane skal sørgja for eit breitt spekter av tenester som er svært viktige for menneske i ulike livssituasjonar og livsfasar.

Tenestene kommunane skal yta til innbyggjarane sine er dei siste tiåra vorte stadig meir komplekse og krev høg kompetanse. Mange kommunar har utfordringar knytt til både å rekruttera og til å halda på arbeidstakarar med etterspurt kompetanse.

Desse utfordringane vil berta endå større i åra framover. Det vil verta ein aukande konkurranse om kompetent arbeidskraft, og konkurransen vil spesielt merkast i offentleg sektor.

Den demografiske utviklinga vil gje auka behov for offentlege velferdstenester dei neste tiåra. Fram mot 2040 vil tal eldre over 67 år doblast, og det vil vera stadig færre personar i yrkesaktiv alder bak kvar person over 67 år. Kommunane har ansvaret for dei sentrale velferdstenestene til innbyggjarane, og vil i stor grad måtte handtera verknadane av den demografiske utviklinga. Endringane i alderssamansetjinga vil vera krevjande for alle kommunar, men vil spesielt gje store utfordringar for dei minste kommunane.

Befolkninga i byområda aukar og er forventa å auka kraftig i åra framover. Rask befolkningstilvekst gjev stort behov for utbygging av infrastruktur og offentlege tenester. Mange kommunegrenser innanfor same tettstad og integrerte arbeidsmarknadar kan også gjera det utfordrande å planleggja, blant anna for ei god utbygging av kollektivtrafikk.

Auka privat kjøpekraft og velferd fører til at innbyggjarane sine forventingar til kvaliteten på og omfanget av det kommunale tenestetilbodet vil auka. For mange offentlege tenester aukar etterspørselen med inntektsnivået i samfunnet.

Det er rikeleg uvissa i anslaga for den økonomiske utviklinga. Veksten hos dei viktigaste handelspartnarane våre er låg, og petroleumssektoren vil ikkje lenger vera den vekstmotoren i norsk økonomi som den har vore. Produktivitetsveksten i norsk økonomi har også vore svakare enn det me har vore vane til. Avtakande inntekter frå petroleumssektoren vil isolert sett minska handlingsrommet i dei offentlege finansane på sikt.

Regjeringa prioriterer kommunesektoren og vil sørgja for solide og klare inntektsrammer. For å sikra ei berekraftig drift er det likevel viktig at kommunane har god økonomistyring og planlegging for framtida. Det er viktig at kommunane utnyttar ressursane sine godt og til det beste for innbyggjarane.

Produktivitetskommissjonen, som la fram sin fyrste rapport i januar 2015, viser til analysar frå Senter for økonomisk forskning om potensialet for effektivisering i kommunesektoren. Potensialet for effektivisering i analysane vert vurdert til 15 pst. for kommunane samla innanfor sektorane barnehage, skule og pleie og omsorg, dersom alle kommunar blir like effektive som den mest effektive av samanliknbare kommunar.

Norske kommunar vert påverka av regelverksutviklinga som følgjer av internasjonalisering og samarbeidet i EU og EØS. Det er viktig at kommunane held seg oppdaterte om regelverksutviklinga og utnyttar dei moglegheitene som dette samarbeidet gir.

I takt med at kommunesektoren sine oppgåver har vorte fleire og meir komplekse, har den statlege detaljstyringa av kommunesektoren auka. Mange kommunar har gått inn i interkommunale samarbeid for å kunne levera gode tenester til innbyggjarane. Utviklinga i retning av sterk statleg styring og omfattande interkommunale samarbeid fører til innsnevra handlingsrom for kommunane, og til å flytta makt ut av kommunestyre

### **Levande lokaldemokrati**

For å rusta kommunane til å handtera framtidas utfordringar har regjeringa teke initiativ til ei kommunereform. Kommunereforma vil gje sterkare kommunar med større kompetanse og kapasitet til å ivareta og vidareutvikla velferdstenestene til innbyggjarane. Kommunereforma vil leggja eit grunnlag for at fleire oppgåver kan løysast nærmare innbyggjarane og styrkja det lokale sjølvstyret. Kommunar

med større fagmiljø vil lettare kunne tiltrekkja seg og halda på kompetanse. Dette vil føra til eit betre og meir likeverdig tenestetilbod i heile landet.

Bykommunar og byområde har nokre særskilde utfordringar, og det vil vera like viktig å vurdera om kommunegrensene er føremålstenlege i store som i små kommunar. Samanhengande byområde er ofte splitta opp i fleire kommunar, og både for innbyggjarar og næringsliv kan grensene i det daglege opplevast som lite funksjonelle. Det er også store utfordringar knytte til å få til ei heilskapleg areal- og samfunnsplanlegging i byområda, og ikkje minst få til gode transportløyningar. Kommunegrenser som danner meir funksjonelle samfunnsutviklingsområde vil styrkja kommunane sitt høve til å gjennomføra ei heilskapleg areal- og samfunnsplanlegging.

Det er brei politisk semja om behovet for ei kommunereform. Etter Stortinget si handsaming av kommunereforma vart alle landet sine kommunar inviterte til å starta lokale prosessar med sikte på vedtak om samanslåing innan våren 2016. Stortinget gav tilslutninga si til at fylkesmannen skulle få oppdraget med å tilretteleggja for gode lokale prosessar, blant anna gjennom eigne prosessrettleiarar i det enkelte fylkesmannsembete. Fylkesmannen skal samarbeida med KS regionalt og involvera andre aktørar, som Sametinget, der det er aktuelt. Både KS og Sametinget har fått økonomisk stønad til arbeidet med kommunereforma.

Ein kommunestruktur med sterkare kommunar gir eit solid grunnlag for overføring av oppgåver til kommunane. Regjeringa ønskjer at fleire oppgåver skal løysast nærmare innbyggjarane. Dette vil gi auka makt og rådvelde til kommunane og dermed auka lokalt sjølvstyre og ei meir effektiv drift. Fleire oppgåver vil gi kommunane høve til å utvikla eit meir heilskapleg og samanhengande tenestetilbod til innbyggjarane, samtidig som det vil kunne føra til å skapa større interessa for lokalpolitikken.

Større kommunar, med gjennomgåande god kapasitet og kompetanse, vil kunne gjennomføra ein velferdspolitik i tråd med nasjonale mål, og behovet for statleg detaljstyring vil reduserast. Overføring av oppgåver til kommunane vil følgjast av tilsvarende overføring av økonomiske ressursar. Rammestyling skal vera prinsippet for staten si styring, noko som vil gi kommunane større fridom til å prioritera og tilpassa velferdstilbodet til innbyggjarane sine behov. Dette vil også gi ein meir effektiv ressursbruk.

Regjeringa legg prinsippet om juridisk og økonomisk rammestyling til grunn, og detaljert styring gjennom lovverk eller øyremerking bør berre nyttast når det er nødvendig for å sikra nasjonale omsyn. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med ein gjennomgang av den statlege styringa av kommunane med sikte på å redusera statleg detaljstyring. Blant anna er det behov for betre koordinering og effektivisering av det statlege tilsynet med kommunane. Større kommunar vil gi grunnlag for å redusera omfanget av landsomfattande statlege tilsyn. Resultatet av denne gjennomgangen vil presenterast for Stortinget våren 2017.

Rammefinansiering er og vil framleis vera hovudprinsippet for finansiering av kommunesektoren. Rammefinansiering legg til rette for lokaldemokratiet ved at lokalpolitikarar sjølv kan prioritera i tråd med lokale behov. Dette fører til ein effektiv bruk av offentlege ressursar.

Internasjonale avtaler, og då særleg EØS-avtalen, påverkar kommunane sine rammevilkår og det kommunale sjølvstyret. Det skjer for tida fleire prosessar for å avklara problemstillingar kor EØS-retten grip inn i og stiller krav til kommunesektoren og organiseringa til kommunane. Regjeringa er oppteken av å støtta opp om det lokale handlingsrommet og å finna heilskaplege løysingar for kommunesektoren. Det er også viktig at kommunane utnyttar dei moglegheitene internasjonale avtalar gir for utvikling og innovasjon.

Regjeringa ønskjer å la kommunane behalda ein større del av verdiskapinga lokalt, og å gje kommunane incentiv til å auka eige inntektsgrunnlag

For å styrkja økonomien i kommunar med store investeringsbehov som følgje av sterk befolkningstilvekst, har regjeringa styrkt veksttilskotet med verknad frå 2015.

### **Ein enklare kvardag for folk flest**

Regjeringa har ambisjonar om å fornya og forbetra forvaltninga og offentleg sektor, og innbyggjarar og næringsliv har forventningar om ein enklare kvardag. Ei av regjeringa sine åtte satsingsområde er *En*

*enklare kvardag for folk flest.* I dette inngår fleire tema – digitalisering, regelverksforenkling, fjerning av tidstjuvar, auka valfridom samt betre styring og leiing.

For å støtta opp om samarbeidet mellom norske kommunar og frivillig sektor har departementet gått i gang med å utarbeida ein rettleiar for samarbeid med frivillige. Rettleiaren vil etter planen vera ferdig hausten 2015, og den vil innehalda konkrete råd for kommunar som ønskjer å innleia samarbeid med frivillige aktørar. I rettleiaren vil det vera konkrete eksempel på samarbeid innan einskilde tenester, henta frå kommunar som har etablert vellukka samarbeid.

Departementet vil utarbeida ein ny *Digital agenda*, ei stortingsmelding om nasjonal IKT-politikk. Ein vesentleg del av offentlege tenester til innbyggjarar og næringsliv er kommunale, men det er store ulikskapar i kor langt kommunane har kome i utviklinga av digitale tenester. Samtidig har staten utvikla ei rekkja fellesløysingar. Det er behov for å avklara forholdet mellom statleg og kommunal IKT-utvikling, og å utarbeida føremålstenlege mekanismar som sikrar betre styring og gjennomføring på tvers av forvaltingsnivåa.

Digital kommunikasjon er no hovudregelen når offentlig forvaltning kommuniserer med innbyggjarar og næringsliv. Det er etablert eit felles register for stat og kommunar med den digitale kontaktinformasjonen til innbyggjarane. Frå 1. februar 2016 er det obligatorisk for alle forvaltingsorgan, også kommunar, å nytta dette registeret. Digital post frå forvaltninga til innbyggjarar skal sendast til ei sikker digital postkassa som innbyggjarane vel sjølv. Mange kommunar har teke i bruk SvarUt, som ei løysing for å kunne senda digital post til innbyggjarar og næringsliv. Denne skal koplast til sikker digital postkassa, slik at innbyggjarane vil få post frå stat og kommune i same postkassa.

Økonomiplan og årsbudsjett er dei viktigaste dokumenta i handlingsdelen av det kommunale plansystemet og er heimla både i kommunelova og plan- og bygningslova. Kommuneplanen er eit ambisjons- og retningsdokument, medan økonomiplanen skal hjelpe oss å nå måla. I økonomiplanen og årsbudsjettet må ein ta omsyn til økonomiske rammevilkår og andre samfunnsendringar og utfordringar. Økonomiplanen skal såleis fylgja opp den nyleg vedtekne kommuneplanen med tildeling av ressursar og ikkje minst prioriteringar innanfor tilgjengelege rammer.

Kvam herad må sjølv setja klare mål for samfunnsutvikling og prioriteringar for velferdsproduksjonen slik at dei samla ressursane vert best muleg utnytta. Fordeling av ressursane må tilpassast den geografiske og demografiske utviklinga i den enkelte kommune. Demografiske endringar fører til endra befolkningsammansetting, endra behov for tenester og gjev ei utfordring for sysselsettinga framover både kva gjeld kapasitet og krav til kompetanse.

Det er varsla omfattande endringar for kommunesektoren i åra som kjem. I neste økonomiplanperiode er det frå regjeringa si side lagt opp til både avklaring av framtidig kommunestruktur og førebuing til etablering av nye kommunar frå årsskiftet 2019/2020. Kommunereforma kan koma til å prega planlegging og arbeidet i den neste økonomiplanperioden. Allereie i 2016 skal det takast stilling til om kommunen skal inngå i ei større kommune, og dette skal eventuelt gjennomførast innan 2020. Det er òg varsla endringar i kommunane sine oppgåver, og ei stortingsmelding om dette ligg til behandling i Stortinget. Oppgåveendringa vert sett i samband med kommunereforma.

Kommunane har ei viktig samfunnsutviklarrolle gjennom ansvaret for ei berekraftig planlegging og tilrettelegging for vekst, utvikling og bevaring av fellesskapet sine ressursar. Samfunnsutviklarrolla handlar om å utnytte det lokalpolitiske handlingsrommet til å drive omstilling og offensiv lokalsamfunnsutvikling. Dette må skje i eit strategisk perspektiv og må sjåast på som ledd i ei kontinuerleg langtidsplanlegging. Gjennom handlingsprogram og økonomiplan vil denne rolla kunne verte tydelegare, og gjere det lettare å måle effekten av lokalpolitisk arbeid på viktige samfunnsområde. Årsbudsjett og årsmeldingar set fokus på den operative delen av kommunen si verksemd og enkelttiltak. Handlingsprogram og økonomiplan skal gjere det mogleg for kommunen å

endre praksis og skape noko nytt i tråd med samfunnsutfordringane, og drive heilskapleg økonomisk planlegging over ein lengre tidshorison.

Gjennom strategiarbeidet knytt opp til kommuneplanen, har kommunen fått dokumentert at utfordringane er store om framtida skal møtast aktivt. For å lukkast i praksis må det skje ein innsats på brei front, og i samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet. Kommunane skal tidleg i kvar kommunestyreperiode utarbeide ein planstrategi for perioden. I kommuneproposisjonen foreslår regjeringa at dette for neste periode vert å samordne med framdrifta i kommunereformprosessen.

Regjeringa har tatt mål av seg til å utvikle ein regionalpolitikk for konkurransedyktige byar og distrikt. Regjeringa peiker på at ein stadig større del av befolkninga bur i byar. Det er oppfordra til å ha bu- og arbeidsmarknadsregionar som utgangspunkt for kommunereformarbeidet, noko som er begrunna ut frå behovet for meir heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.

Visjonen om å «skapa ei oppsiktsvekkjande framtid» og hovudmålet å «vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen» er Kvam herad sitt svar på korleis me skal vera senteret i ein konkurransedyktig region. Det vil vera ein balansegang i det vidare kommunereformarbeidet å visa både at me er levedyktige for framtida, og samstundes visa nok storsinn og audmjuke til å trekkja til oss moglege samarbeidspartar.

Regjeringa varslar òg ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet som vil bli lagt fram i 2017. Gjennomgangen vil verta sett i samanheng med kommunereforma, og vil kunne endra dagens kriterier for kommunane sitt inntektsgrunnlag. På inntektssida er det varsla at regjeringa vil innføra ein ny selskapsskatt frå 2017. Statistikken for fordelinga av selskapsskatt er ikkje klar før sommaren 2016, men det kan ventast at selskapsskatten vil føra til større ulikskapar mellom kommunane.

Endringane i inntektssystemet vil kunne endre føresetnadane for dei statlege overføringane i siste del av økonomiplanperioden. Regjeringa synest også å legge vekt på at smådrift gir ulemper, og etterlyser større og sterkare fagmiljø og organisasjonsformer. Det er varsla fleire andre reformer som vil påverke kommunesektoren.

Sjølv om det er varsla omfattande endringar i kommunesektoren, legg økonomiplanen for dei neste fire åra opp til ei framskrivning av eksisterande plan, med kjende endringar. Framtidige økonomiplanar og årsbudsjett må heller justerast når fleire faktorar er kjent.

Ei god økonomiforvaltning er heilt sentralt i kommunen sitt ansvar etter lov. Målet er å etablere ein sunn driftssituasjon som er mindre avhengig av «ekstraordinære» inntekter frå kraft, eigedomsskatt og finans i dagleg drift. Gjennom omstilling av drifta har kommunen freista koma på rett veg til å leggja grunnlaget for ein meir stabil økonomi i tida som kjem, men inntektsnivået framover ser likevel ikkje ut til å liggja på eit nivå som gjev høve til å stabilisera driftsnivået der det ligg i dag. Økonomiutfordringane er store i den neste val- og økonomiplanperioden, og kommuneøkonomien er på langt nær å sjå som «friskmeld».

Inntektssvikt og press på kostnadane har prega budsjett, tertialrapportar og årsmeldingar dei seinare åra. Etter ein periode fram mot 2010 der kraftinntektene såg ut til å veksa inn i himmelen, snudde dette brått og dei siste åra har me sett ein vedvarande årleg reduksjon i kraftrelaterte inntekter i kommunekassen. Spådommar tyder på at situasjonen vil halda seg på nivået me er no, eller faktisk endå lågare dei neste fem åra.

På same tid byrja skatteinngangen i kommunen å gradvis gå ned relatert til resten av landet. Frå å ha lege stabilt på 93 % av landssnittet i lange tider, har Kvam sin del stadig blitt lågare. Etter september



2015 låg skatteinngangen i Kvam på 86,9 % av landssnittet. Dette er urovekkjande når denne inntekta utgjer 28% av dei totale inntektene i kommunen.

Endringa av kommunane sitt inntektssystem i 2011 slo hardt ut for Kvam herad og kommunen fekk ein kraftig reduksjon i rammetilskotet. Rammetilskotet har elles òg hatt ei relativt sett negativ utvikling ut over det som skjedde ved omlegginga av inntektssystemet. Kvam herad har i tillegg frå årtusenskiftet utnytta moglegheitene for å nytta momskompensasjon frå investeringar og premieavvik på pensjonen i drift. Det har etter kvart kome innstramingar i dette regelverket og kommunen har måtta fasa dette utatt frå drifta.

Med bakgrunn i dette har ikkje kommunen sine inntekter auka i takt med behova. Parallelt med denne inntektssvikten har enkelte tenester i kommunane vore under sterkt press i dei seinare år, og Kvam har ikkje vore noko unntak. Spesielt barnevern, spesialundervisning, ressurskrevjande brukarar, økonomisk sosialhjelp og pleie og omsorg har opplevd ein sterk behovs- og kostnadsvekst på grunn av samfunnsendringar. Kostnadsveksten har vore sterkare enn det som har vore kompensert gjennom inntektene.

Både politisk og administrativt har me gjort mange grep for å få inn ekstra inntekter eller redusera kostnader, utan å redusera kvaliteten på tenestene merkbart. Når me har ein vedvarande inntektsvikt på områder utanfor kommunen sin kontroll, og samstundes ein kostnadsvekst på grunn av samfunnsendringar, så oppstår det fort ein økonomisk ubalanse, sjølv om ein gjer mykje bra for å omstilla seg. Grunna svakare resultat enn tilrådingane og små fondsavsetningar, er kommunen dårleg rusta til å møte meir krevjande tider. Situasjonen er like alvorleg no som den var i juni då heradsstyret vedtok økonomiplanen for 2016-2019.

Ein framleis stram kommuneøkonomi krev omfattande effektivisering for at tenester skal produserast og leverast i nødvendig omfang og av tilfredsstillande kvalitet. Statlege krav, føringar og rettslovgivinga, som stadig aukar i omfang, vanskeleggjer ei slik effektivisering, og påfører kommunesektoren ei stadig aukande mengd forvaltningssaker, med ei aukande byråkratisering som resultat. Dette er kvardagen kommunesektoren har å halda seg til. Forslaget til statsbudsjett som vart lagt fram i oktober, reduserer ikkje Kvam herad sine utfordringar.

Med dei store globale utfordringane i verdsøkonomien, er rådmannen innforstått med at regjeringa ser behovet for eit stramt økonomisk grep rundt landet sin økonomi. I så måte kan kommuneopplegget for 2016 fortone seg som langt betre enn det ein kunne forventa og for så vidt frykta, men samsvarer samtidig med det som blei skissert i kommuneproposisjonen i vår. Når det er sagt, viser forslaget til kommunerammer for 2016 at det framleis vert satsa på kommunane på trass av omfattande økonomiske problem både i Europa og i store delar av verda.

At viljen og forventningane lokalt er større enn den økonomiske evna, er noko sektoren må leva med og dei økonomiske utfordringane må løysast lokalt. Kommunesektoren vil også i framtida levera gode tenester i eit monaleg omfang til dei av landet sine innbyggjarar som har dei største behova for hjelp og stønad. Men ein må kunne stille spørsmål ved om ein vil vere i stand til å fornye perspektivet på kommunen si rolle og samstundes levere tenester i samsvar med forventningane i framtida. Dagens unge har andre forventingar til tenestene og kommunen sine arbeidsmåtar, og dette krev endring og omstilling. Forventningane til Kvam herad sitt engasjement for eit fornya og spanande samfunn gjeld ikkje berre for kommunen si tenesteyting, men gjerne vel så mykje til kommunen si samfunnsutviklarrolle.

Sannsynet talar for at det vil ta tid før kommunen igjen blir i posisjon til å kunne ha eit økonomisk handlingsrom som kan disponerast til ulike ynskete satsingar, fungera som «buffer» i forhold til uventa

utgiftsaukar eller til eigenfinansiering av investeringar. Kommunen er likevel nøydd til å lukkast med snarast å få balanse mellom utgifter og inntekter. Slik balanse bør oppnåast allereie i 2016, men trass i kraftige grep på kostnadssida i framlegg til budsjett klarar ikkje rådmannen å leggja fram balanse i budsjettet før i 2017. Likevel ligg det i tala mange risikomoment som kan påverka negativt.

Både auka utgifter, større etterspurnad etter lovmessige tenester, og svikt i inntekter kan medføre store utfordringar for kommunen i økonomiplanperioden. Særleg er det fleire forhold som kan kome til å verka inn på kommunens inntektsnivå og økonomiske handlingsrom i økonomiplanperioden 2016-2019:

- Konjunktursvingingar i den norske økonomien og usikkerheit i den globale finansmarknaden
- Sviktande skatteinntekter som ikkje fullt ut vert kompensert
- Endring i rentenivå
- Endringar i inntektssystemet
- Konsekvensar av klimaendringar
- Konsekvensar av migrasjonsutfordringane


Dersom konjunkturedgangen held fram vil det kunne råke samfunnet på ein slik måte at kommunen vil merke auka press på tenestene og forventning om å stille opp for fellesskapet.

Uforutsigbare inntektsrammer utset driftsøkonomien for press. Kommunen bør tilstreba å byggja opp eit større disposisjonsfond. Økonomiplanen 2016-2019 synleggjer at det er lite som tyder på at det vil vere mogleg, men me må i alle fall gjera alt me kan for å verna om det me har. Rådmannen vil igjen oppmoda om ei prioritering av dei lovpålagde tenestene dei neste åra.

I Kvam herad er heilt nødvendige effektiviseringstiltak planlagt å skulle gjennomførast meir planmessig og strukturert enn tidlegare gjennom utrulling av effektiviseringsverktøyet «Lean» i alle einingar. Utrullinga av Lean er like mykje innføring av ein kultur eller eit tankesett der ein kvar prosess må optimaliserast gjennom grundig vurdering av nødvendig ressursbruk. Dette er ein metodikk som har sitt utspring frå industrien, men som etter kvart er velutprøvd i norske kommunar. Det beste med Lean er at det set brukaren i fokus. Det handlar om å forstå og forenkla arbeidsprosessar, fjerna tidstjuvar og setja i fokus dei verdiskapande aktivitetane - det vil seia aktivitetane som gjev nytteverdi for brukaren. Lean er ein nedafrå og opp strategi. I tillegg til verdiskapande aktivitet og arbeidsflyt, har Lean fokus på læringskultur. Ein god læringskultur tilbyr psykologisk tryggleik, påskjønner ulikskap, er prega av openheit for nye idéar og rom for refleksjon. I Lean lærer me gjennom å eksperimentera, samla og analysera data, fokus på opplæring og trening samt deling av informasjon.

Me ynskjer at det å arbeida med kontinuerleg forbetring og læring på arbeidsplassen blir normalen der alle leiarar og medarbeidarar i kommunen er aktive i forbetnings- og fornyingsarbeid.

Me ynskjer effektivisera gjennom å identifisera og eliminera ikkje-verdiskapande aktivitetar. Me vil redusera sårbarheita og få betre tid til ulike oppgåver gjennom å gjera oppgåvene rett og tilstrekkeleg fyrste gang. I modellen under ser du korleis auka brukar- og medarbeidartrivsel og straumlinjeforma prosessar kan gje oss større tiltrekkingskraft overfor innbyggjarar og arbeidstakarar samt større økonomisk handlefridom.



Omstilling og endring må ha høgt fokus, men erfaringa tilseier at endringar kommunen har vurdert tar tid både i vedtaks- og gjennomføringsfasen. Likevel er det slik at både viljen og evna til endring i kommunen er mykje høgare enn sitt rykte. Det er få personar i Kvam herad som har dei same oppgåvene i dag som for fem år sidan, vidare er det endå færre som løyser dei oppgåvene på same måte i dag som dei gjorde for fem år sidan. Dette viser at organisasjonen heile tida er i utvikling, utan at det skapar så mykje bølger.

Målet for omstillingsarbeidet er å oppretthalda og vidareutvikla eit godt tenestetilbod kombinert med å bremsa kostnadsveksten. Det me skal få til er å produsera meir og helst like godt med relativt mindre ressursar. Mykje av svaret ligg i smart organisering og ny teknologi. Det leiar oss fram til satsing, nytenking og investering i kompetanse, verktøy og metodikk.

Det vil framleis vera både nødvendig og ønskjeleg å kontinuerleg arbeida for effektivisering av organisasjonen, men det er usikkert om feltet har eit potensial for resultatforbetring som er stort nok samanlikna med det samla omstillingsbehovet.

Det er mange utfordringar globalt, nasjonalt og lokalt som påverkar også her i Kvam. Mange er nemnt utover i budsjettokumentet, men rådmannen vil innleiingsvis trekkja fram to særskilte aktuelle samfunnsutfordringar.

Verda står no overfor vår tids største utfordring. I eit omfang me ikkje har sett sidan 2. verdskrig legg vaksne og barn ut på farlege reiser med håp om å få ei tryggare framtid. Ved inngangen til 2015 var 60 millionar menneske i verda på flukt og talet har auka betydeleg vidare utover i året. Mange er menneske som har opplevd krig og opphalde seg i urolige område i fleire år. Dei har mist håpet om ei løysing, når verdssamfunnet ikkje løyser konflikhtar og kriser oppstår motløysa og til slutt dei store

folkevandringane. Om lag halvparten av dei som er på flukt er barn som gjerne har vore på flukt store deler av sitt korte liv. Dersom dei ikkje oppnår snarleg stabilitet i livet vil mangel på trygge rammer og utdanning kunna skapa store vanskar for dei resten av livet. Me ser sjølve i vårt eige lokalsamfunn kor viktig det er med tidleg innsats.

Noreg vert òg råka av migrasjonsstraumane. Me opplever no ei rekordstor tilstrøyming av menneske som søker vern. Særleg kjem det mange frå Syria, Afghanistan og Eritrea. Talet på asylsøkjjarar som kjem til landet har auka frå 500-600 per månad i starten av 2015 til 5000 i september og 8600 i oktober. Eit urovekkjande høgt tal av dei som kjem er barn under 15 år som reiser aleine. Kommunane har dei to siste åra busett langt fleire enn før slik at talet har auka frå 5-6000 per år til rundt 11000 i 2015. Det er høgst uvisst kor mange som vil ha behov for busetjing i 2016 men talet kan bli tre-dobla frå nivået i år.

Ein kan dela asylsøklar sine fyrste år i Noreg inn i tre fasar og kommunane sitt ansvar er ulikt i dei ulike fasane. Det fyrste som skjer når ein person kjem til Noreg for å søkja asyl er at vedkomande blir registrert av Politiets utlendingsenhet (PU), før det ber vidare til eit asylmottak.

Før det blir teke ei avgjerd på søknaden blir asylsøkjaren intervjuet av Utlendingsdirektoratet (UDI), som vil finna svar på om han eller ho oppfyller kriteria for vern. Dersom søknaden blir avslått, og asylsøkjaren blir bedd om å forlata Noreg, ankar dei fleste vedtaket til Utlendingsnemnda (UNE). Dersom anken blir forkasta må asylsøkjaren ut av Noreg, anten ved å reisa frivillig eller ved å bli tvangsreturnert av Politiets utlendingsenhet.

Etablering og drift av asylmottak er ei statleg oppgåva, men mottaket vil naturlegvis liggja i ein vertskommune. Vertskommunane er forplikta etter lova å gi nødvendig helsetilbod, skuletilbod, språkopplæring for vaksne, barnevern og barnehagetilbod til 4-5 åringar. Vertskommunen får eit tilskot etter type mottak og storleik. Mange av asylsøkjjarane har store helseproblem. Fleire har sjukdomar som over lang tid ikkje har blitt behandla. Andre er sterkt traumatisert både som følgje av krig og av sjølve flukta. Som ein konsekvens vil det vera nødvendig å styrkja helsetenesta i vertskommunane, både med omsyn til behandling, og til meir rettleiing av helsetenestene til å handtera traume. Den kanskje største utfordringa for vertskommunane er ressurskrevjande brukarar. Det kan vera barn med nedsett funksjonsevna som har behov for spesialundervising, eller det kan gjelda barnevern eller helsetenester. Det finst eit eige tilskot innanfor barnevern, men dette er avgrensa til saker som gjeld omsorgsplassering. Andre utgifter må dekkjast av vertskommunetilskotet (andre barnevernstiltak, helse) eller innanfor rammetilskotet (spesialundervising). I den samanhengen er det ei ulempa for kommunane at asylsøkjjarar ikkje inngår i kalkylegrunlaget for rammetilskotet. Kvam herad har per i dag ingen mottak i kommunen, men oppretting av mottak kan skje utan kommunal godkjenning.

Dei som får innvilga asylsøknaden må stilla seg i såkalla busetjingskø. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) skal så finna ein kommune å busetja flyktningen i. Kvoteflyktningar blir prioriterte føre asylsøkjjarar i busetjingskøen. For kommunane er busetjing av flyktningar ei frivillig oppgåva, og kommunane fastset sjølv kor mange og kva flyktningar dei vil ta imot. Ved å gjera vedtak om busetjing, forpliktar kommunen seg blant anna til å gi tilbod om introduksjonsprogram i tråd med introduksjonslova.

Sjølve ordninga med frivillig busetjing kviler på føresetnaden om at busetjingsmodellen, gjennom tett samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter, greier å løysa utfordringane. Dersom det over tid hopar seg opp med flyktningar i mottak som ikkje får busetjing, vil ordninga med frivilligheit setjast under press. Det er viktig at kommunane sjølv fastset og planlegg for årleg busetjing, slik at dei kan vurdere kor mange dei kan gi eit tilbod. Forsvinn frivilligheita mister kommunane

forhandlingsposisjonen i forhold til rammevilkår, noko som i dag sikrar tilskotsordningar som gjev god dekning av kommunane sine utgifter til flyktningar totalt sett.

Busetjingsmåla (full behovsdekning gjennom frivillige vedtak) vert ikkje nådd i 2015. Dei viktigaste årsakene er mangel på bustad, deretter kjem kapasitet i tenesteapparatet, og vanskeleg arbeidsmarknad. Spesielt når det gjeld gruppa einslege mindreårige er det misnøya i kommunane med rammevilkåra for busetjing. Integreringstilskotet som blir utbetalt over 5 år til kommunar som buset, er foreslått auka til kr 746 200 over 5 år for einslege vaksne og 696 200 for dei andre (familiar, einslege mindreårige).

Kommunar som aukar talet må byggja opp tenestetilbodet tilsvarande. Auka busetjing krev fleire tilsette til den praktiske busetjinga, rettleiarar til introduksjonsprogrammet, lærarar og lokale til vaksenopplæring og program, tolkar m.m.

Det er viktig å sjå busetjing og integrering i samanheng. Med eit godt introduksjonsprogram kan flyktningane koma ut i arbeidslivet og bli ein ressurs som yter positivt til samfunnet.

- Lov om introduksjonsprogram definerer rettane til dei som kjem til Noreg, og kva kommunane skal tilby:
- Introduksjonslova gjeld alle som har rett på norskopplæring. Kommunane mottok eit tilskot over 3 år på til saman kr 57 700 for personar frå vestlege land og kr 125 600 for andre land til norskopplæring.
- Alle har rett på minst 600 timar norsk, inntil 3000 timar for dei svakaste. Retten til norskopplæring startar allereie i asylmottaket, når opphald er innvilga.
- Introduksjonsprogrammet gjeld alle flyktningar som er busette etter avtale med IMDI og kommunen. Då programmet blei innført kom det ingen ekstra midlar til kommunane. Utgifter til program skal dekkjast av integreringstilskotet. I tillegg til sjølve drifta skal kommunane utbetala ein introduksjonsstønad til alle deltakarar. Den utgjer 2 gangar grunnbeløpet i folketrygda.

Den norske introduksjonslova er særskilt omfattande og pålegg kommunane å byggja opp eit stort apparat:

- Kommunen skal tilby den einskilde med rett og plikt eit program innan tre månadar etter busetjing
- Programmet skal vara i 2 år (såframt ein ikkje finn arbeid eller utdanning) med moglegheit for forlenging til 3
- Programmet skal vera på fulltid, det vil seia mellom 30-37,5 t) og heilårleg (47 veker) og det skal vera individuelt tilpassa

For Noreg fell migrasjonsutfordringa saman med andre store utfordringar knytte til fall i oljeprisen, auka arbeidsløysa og aukande omstillingsbehov. NAV sine ferske hovudtal om arbeidsmarknaden viser ein kraftig auke i arbeidsløysa siste månad, og at det no er 11 prosent fleire ledige enn på same tid i fjor. Me vil ikkje meistra dei langsiktige integreringsutfordringane dersom me ikkje klarer vårt eige land si økonomiske omstilling, eller dersom store flyktninggrupper står utan jobb og med låg arbeidsdeltakinga.

Utanforskap er eit relativt nytt og delvis kontroversielt omgrep. I daglegtalet handlar utanforskap gjerne om enkeltpersonar og/eller grupper som er i ein uønskt posisjon i forhold til ulike arenaar eller fellesskap. Dette gjeld for eksempel personar som ikkje deltek i skule- og arbeidsliv, som ikkje er ein del av eller har eit svært avgrensa sosialt nettverk, som ikkje opplever tilhøyrse til storsamfunn og/eller lokalsamfunn eller som på andre måtar ikkje deltek på det me kan definera som vanlege og

daglegdagse arenaar. Samtidig er det slik at personar godt kan delta på ein eller fleire av dei ovannemnde arenaane og likevel kjenna seg utanfor. Motsett er det også slik at det å ikkje delta på ein av desse arenaane ikkje nødvendigvis blir opplevt som eit problem for den einskilde.

Omgrepet utanforskap er nært knytt til termar som sosial eksklusjon og marginalisering på den eine sida, og integrasjon og tilhøyrse på den andre sida. Utanforskap kan forståast både som ein prosess og eit resultat. Vidare kan det skiljast mellom objektivt og subjektivt utanforskap.

Konsekvensane av utanforskapet er store, både for den einskilde og for samfunnet. Det handlar om utanforskap som har alvorlege økonomiske og sosiale konsekvensar, som er til hinder for at det enkelte menneske kan leva eit godt liv og som gjer at samfunnet ikkje får mobilisert ressursane til innbyggjarane for å løysa viktige samfunnsoppgåver.

Det er fleire faktorar som fører til eller forsterkar utanforskap. Det er også slik at årsaker til og konsekvensar av utanforskap i mange tilfelle er det same. Viktige årsaker til utanforskap er:

- Psykiske helseproblem
- Einsemd
- Rus- og alkoholproblem
- Fattigdom
- Manglande integrering

Andre viktige årsaker er omsorgssvikt, fråfall i vidaregåande opplæring, langvarig sjukefråvær, nedsett funksjonsevna, mobbing og arbeidsløysa.

Årsak og konsekvens er to sider av same sak og ulike forhold kan hengja saman og gjensidig forsterka kvarandre, med vedvarande utanforskap som resultat. Ungdom/unge som ikkje fullfører vidaregåande opplæring er utsett, både fordi dei har problem i utgangspunktet som gjer at dei ikkje fullfører, og at manglande fullføring gjer at dei får problem med å få og stå i arbeid.

Sjølv om dei aller fleste innbyggjarane i Noreg har høg levestandard og materiell velstand, viser funn frå statistikk og forskning vedvarande og delvis aukande fattigdomsproblematikk, der innvandrarbefolkning og eineforsørgjarar er hardast ramma. Ein stor del i arbeidsfør alder deltek ikkje i arbeidslivet grunna helseproblem, kor psykiske lidningar er ei viktig årsak. Det er også mange personar med nedsett funksjonsevna og mange personar med innvandrarbakgrunn som av ulike grunnar står utanfor arbeidslivet.

Årsakene til at ein ikkje har greitt å løysa desse problema er samansette, og det finst ikkje ei løysing eller eitt svar på korleis desse problema kan førebyggjast og/eller overvinnast. Funna som er presenterte så langt, tyder på at løysingane på desse problema må finnast i mellomromma mellom ulike livsområde, og i samhandling mellom sosiale fellesskap, kommune og stat.

Forskning tyder på at det er nokon «gjengangarar» når det gjeld kvifor utanforskapsproblem oppstår og varar:

- Barn og unge med problem blir fanga opp for seint og får ikkje det tilbod og den oppfølginga dei har behov for, slik at dei kan realisera sitt potensiale og tileigna seg nødvendig kompetanse og dugleikar for vidare skulegang og arbeidsliv
- Lite dialog og samhandling mellom ulike aktørar, inkludert lokalsamfunn, arbeidsgivarar og ulike fag- og tenesteområde. Personar med samansette problem og/eller behov får ikkje eigna tilbod for å koma i meiningsfylt aktivitet eller arbeid
- For dårleg implementering av tiltak, som fører til svakare prosess- og resultatkvalitet og dårlegare måloppnåing.

- Resultat av tiltak og innsatsar blir ikkje målte, dokumenterte eller evaluerte. Det er for liten kunnskap om kva som verkar/ikkje verkar, og dermed dårlegare grunnlag for prioritering og styring av innsatsar
- Motstridande styringssignal frå kommunale og statlege styresmakter fører til uvissa når det gjeld kva og kven som skal prioriterast. Dette kan medføre lågare lojalitet til avgjerder og at vedtekne tiltak og innsatsar ikkje blir iverksett

Kommunar har eit breitt verkemiddelapparat og kan lettare sjå ulike fag- og sektorområde i samanheng. Kommunesektoren har større fridomsgradar/moglegheiter for lokal tilpassing av tiltak. Kommunane sin lokalkunnskap, oversikt og nærleik til innbyggjarane gjer dei særleg eigna til å førebyggja og redusera utanforskap gjennom:

- Tidleg innsats og tverrfagleg arbeid
- Kompetanse til å sjå og handla
- Tiltak mot fråfall
- Lære- og praksisplassar
- Haldningsskapande arbeid
- Utvikling av formelle og uformelle arenaar for aktivitet, frivilligheit og kultur

Verset i starten av denne innleiinga er i våre dagar kanskje mest kjend som fotballhymne. Den blir brukt av supporterar til fotballklubbar over heile verda, men også i mange andre samanhengar utanfor fotballverda. Teksten handlar om håp, tru og det å aldri gje opp sjølv i mørke stunder. Det kan høva godt i desse tider.

Kvam, den 10. november 2015

Arild McClellan Steine

- rådmann -

## 2 Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future

### 2.2 Kommuneplan 2015-2030 og visjon for Kvam herad

Kvam herad har som visjon å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid. Visjonen ligg til grunn for den nyleg vedtekte kommuneplanen for 2015-2030 (HST-064/15, 6.10.15). Slagordet ut frå visjonen er «Framtida er her».

Dei samfunna som klarar å skapa ei oppsiktsvekkjande framtid er dei som oppmodar til eksperimentering, dyrkar risikovilje, pleier sine innovatørar, set pris på kreativitet og fremmar det særeigne. Dette gjev oss fire underbyggjande faktorar:

**Talent**  
**Toleranse**  
**Trivsel**  
**Teknologiutnytting**

### 2.3 Hovudmål

Hovudmålet til Kvam herad er:

Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen.

### 2.4 Hovudstrategiar

Kommuneplanen set langsiktige mål og strategiar for heile Kvammasamfunnet, Kvam herad sin tenesteproduksjon og kommunen som organisasjon. For å få dette til er fylgjande hovudstrategiar valt i planperioden: «stadutvikling», «bustad», «infrastruktur», «verdiskaping» og «livskvalitet».

Stadutvikling
<b>Overordna mål</b> Sentra våre skal byggja på ei berekraftig utvikling, styrkjast med eit større mangfald av private og offentlege tenestetilbod, ei god blanding mellom bustad, forretning og kontor, god tilrettelegging for <u>alle</u> med varierte møteplassar som innbyr til trivsel, samarbeid opplevingar og fysisk aktivitet.

Bustad
<b>Overordna mål</b> Kvam herad skal ha eit variert bustadstilbod tilgjengeleg for alle grupper som ynskjer å busetja seg i kommunen og som ynskjer å verta buande, samt at folk vert buande lengst mogleg i sin eigen heim.



### **Infrastruktur og kommunikasjon**

#### **Overordna mål**

Kvam skal ha ein trafikk sikker og effektiv infrastruktur –eksternt i mot Bergen for å utvide kommunen sin bu- og arbeidsregion, og internt i heile kommunen for å sikre ei betre samhandling mellom grendene.

### **Verdiskaping igjennom samarbeid**

#### **Overordna mål**

I Kvam vil me ha ein kultur for å dyrka fram entreprenørane, kunnskapen, møteplassane, det frivillige arbeidet, kulturtilboda og lokaldemokratiet

### **Livskvalitet**

#### **Overordna mål**

I Kvam skal me arbeida for at dei som bur i kommunen skal oppleva høg livskvalitet og at samfunnet vårt vert opplevd på same vis.

## 3 Om budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

### 3.1 Om driftsbudsjett og økonomiplan

Kommunelova har to sentrale krav til dei kommunale budsjetta: balanse og realisme. Balansekravet inneber at dei budsjetterte inntektene minst må dekkja budsjetterte utgifter. Realismekravet tyder at budsjettet skal byggja på realistiske estimat for inntekter og utgifter. Ein kommune kan ikkje gå konkurs, men dersom den driv med eit underskot som det ikkje finnest fondsmidlar til å dekkja inn, vert den sett under administrasjon av fylkesmannen og vert ein såkalla ROBEK-kommune<sup>1</sup>. Kommunebudsjettet er delt opp i to: drift og investering. Kommunen kan låna til investeringar, men ikkje til drift. Rente og avdrag på låna må betalast i drifta.

I budsjett- og årsmeldingssamanheng, er det offentlege Noreg oppteken av to hovudelement for den kommunale drifta:

1. Kva teneste brukar kommunane pengar på?
2. Kva ressursar brukar kommunane for å produsera tenestene?

Tenestene er inndelt i KOSTRA-funksjonar, der KOSTRA står for KOmmuneSTatRApportering. Tenesteproduksjonen til kommunen er omfattande og mangfaldig, og KOSTRA-funksjonane er igjen inndelt i KOSTRA-tema, som t.d. politisk verksemd, barnehage, kommunehelse og kultur.

Ressursane kommunane brukar for å produsera tenestene, er i hovudsak personell. I tillegg kjøper kommunen ein del varer og tenester frå andre. Ressursane er inndelt i KOSTRA-artar som kjem fram i dei økonomiske hovudoversiktane for drift- og investeringsbudsjett.

I Kvam herad er det desse to hovudelementa som utgjer grunnlaget for rammene heradsstyret set for drifta i kommunen i samband med budsjett/økonomiplan. Rådmannen får i budsjett/økonomiplan beskjed om kva ressursar som kan nyttast i «Hovudoversikt drift», og kor mykje av ressursane som skal brukast på dei ulike tenestene i «Budsjettskjema 1B - Tenesteområde». Tenesteområda er inndelt tilsvarende som KOSTRA-tema. I tillegg til dei økonomiske rammene, er det i kapittelet for «Tenesteområde» skrive om tenesteproduksjonen innanfor dei ulike KOSTRA-tema/-funksjonar, og utfordringar og mål for desse.

Utover å gje ein oversikt på kva den enkelte kommunen brukar av ressursar, og kva teneste dei produserer, er det eit heilt regelverk knytt til KOSTRA som skal gjera det mogeleg å samanlikna kommunar. Statistisk sentralbyrå hentar kvart år inn tal frå årsmeldingane til kommunane, og ei rekkje andre kvantitetstal frå drifta. Tala vert presentert på SSB sine sider, [www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra](http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra). Har kommunen vesentleg høgare utgifter til ei teneste enn samanliknbare kommunar, kan det tyda på at kommunen driv tenesta for dyrt, eller at tenesta er særskilt høgt politisk prioritert i denne kommunen i høve andre kommunar. Eller at ein eller fleire av kommunane fører på feil teneste eller konto/art i høve KOSTRA rettleiaren. Det siste er diverre utbreidd, sjølv om rettleiaren har vore sentral i mange år. Dette skuldast bl.a. at rettleiaren endrar seg frå år til år, og rettleiaren for komande budsjettår vert publisert etter til at statsbudsjett er lagt fram, og kommunebudsjett utarbeidd. Rettleiaren er òg svært omfattande, og det er framleis område som ikkje er presise og kan

---


<sup>1</sup> ROBEK = Register om betinget godkjenning og kontroll. Kommunar i ROBEK må ha godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å kunna føreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtar, samt at det skal kontrollerast om budsjettvedtaka er lovlege.

verta tolka på ulik måte i kommunane. I Kvam herad er det eit kontinuerleg arbeid for å auka kunnskap om KOSTRA og å verta meir presis i bruken av dei ulike KOSTRA-funksjonar og –artar. Sjølv om det er feilkjelder i KOSTRA i høve samanlikningar med andre kommunar, gjev KOSTRA verdifull informasjon og indikasjon på nivået på tenesteproduksjonen i høve andre kommunar. Det er difor teke med fleire nøkkeltal/indikatorar frå KOSTRA i kapittelet om «Tenesteområde». Kommunane er svært ulike i høve folkemengda og økonomiske rammer. Alle kommunar er difor inndelt i KOSTRA-grupper for å gje eit betre samanlikningsgrunnlag. Kvam herad ligg i gruppe 11, som er ei gruppa for mellomstore kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar, og middels frie disponible inntekter.


Sjølv om det er neste års rammer for drifta som ofte har fokus i budsjettarbeidet, skal kommunane laga ein 4-årig økonomiplan samstundes. Det vil seia at det heradsstyret skal leggja ein plan for sine økonomiske prioriteringar 4 år fram i tid, men at planen vert revidert årleg. Det er ei utfordring for langsiktig økonomisk planlegging at staten som set rammer for det aller meste av kommunen si drift, berre lagar årlege budsjett. Å laga økonomiplan er likevel svært nyttig for Kvam herad som har veldig mange investeringsprosjekt som strekkjer seg over tid, og som påverkar driftsbudsjetta. I det årlege budsjettarbeidet må ein difor sjå framover på korleis effekten av prosjekta påverkar drifta, og leggja eit løp for korleis det skal løysast. Det meste av tenesteproduksjonen i kommunen skjer med arbeidskraft som hovudinnsatsfaktor, og evt. omstillingar i tenesteproduksjonen tek tid å få sett i verk.

### 3.2 Organisering av tenesteproduksjonen i Kvam herad

Det er rådmannen si oppgåva å organisera arbeidet med tenesteproduksjonen på best mogeleg måte innanfor dei gjevne politiske rammene. Val av organisasjonsløyning ligg innanfor rådmannen sine fullmakter og stadige endringar i rammer, aukande forventningar til tenesteproduksjon og krav til effektiv drift, har ført til meir eller mindre kontinuerleg omorganisering i kommunane. Siste store omorganisering i Kvam herad vart gjort 2012/2013, men det har vore fleire mindre justeringar i etterkant. Kvam herad har følgjande organisasjonskart:



Kvar av elementa i kartet ovanfor symboliserer ei eining, med unntak av rådman og HR-sjef. Dei store driftseiningane har fått blå farge: «Oppvekst», «Helse og omsorg» og «Teknisk». Einingane er igjen delt opp i avdelingar, som t.d. organisasjonskartet for Helse og omsorg viser:



Det er ein viss samanheng mellom KOSTRA-tema og intern organisering. Tenesteproduksjonen til Helse og omsorg er fordelt på 3 ulike tenesteområde i budsjettet: Kommnehelse, Pleie og omsorg og Sosialtenesta/NAV. Samstundes er det ikkje berre Helse og omsorg som produserer desse tenestene, men totalproduktet vert produsert på tvers av fleire einingar og avdelingar i kommunen. Til dømes er eining for Helse og omsorg i Kvam herad hovudleverandøren i tenesteområdet «Pleie og omsorg», men nesten alle dei andre einingane leverer tenester innanfor området. Tilsvarande er det til dømes for «Samfunn og utvikling» som er ei tverrfagleg eining som arbeider på tvers av fleire tenesteområde. Dei leverer tenester både til grunnskuleopplæring, kommnehelse, fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø, næringstøtte og kommunal forretningsdrift og kultur. Tenestene innafor einingane vert difor ikkje omhandla under eitt, men er å finna att gjennom heile budsjett- og økonomiplanen.

Det er generelt trong for utstrakt samarbeid på tvers av einingane og på tvers av avdelingar. På nokre område er trongen for samarbeid så stort, at det vert formalisert som t.d. for Kvam familie- og læringscenter (KFL). Sidan etablering av KFL er eit sentralt tema i kommunen for tida, har KFL fått sitt eige avsnitt under tenesteområde-kapittelet, i tillegg til at tenesteproduksjonen er omtala under kvart KOSTRA-tema. Dette gjeld og for kommunale bygg, som er eit delprodukt i dei aller fleste KOSTRA-tema.

### 3.3 Hovudlinjer i driftsbudsjett og økonomiplan

2015 er eit svært utfordrande år for kommunen der det er budsjettet med eit netto driftsunderskot på 19,3 mnok. Underskotet må finansierast med tidlegare avsette fondsmidlar. Eit slikt stort underskot tærer på fondsmidlane, og kommunen må over tid driva i balanse.

I 2015 fekk kommunen store fall i kraftinntekter og statlege inntekter. Det vart difor vedteke eit utkast til økonomiplan i juni med eit innsparingsnivå på om lag 40 mnok. I framlegg til statsbudsjett for 2016 kom det ein stor auke i statlege inntekter på 23,5 mnok. I tillegg er det ein auke i inntekter frå brukarar på 5,8 mnok. Totalt aukar inntektene med 35,8 mnok medan veksten i driftsutgiftene er avgrensa til 18,5 mnok. Kommunen får likevel eit negativt driftsresultat på 3 mnok i 2016:

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring 2016- 2015	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum driftsinntekter	687,0	722,8	35,8	721,9	722,6	722,9
Sum driftsutgifter	707,2	725,8	18,5	714,4	713,1	711,1
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-20,3</b>	<b>-2,9</b>	<b>17,3</b>	<b>7,6</b>	<b>9,5</b>	<b>11,7</b>
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	-36,2	-39,8	-3,7	-46,9	-50,9	-50,9
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-19,3</b>	<b>-3,0</b>	<b>16,3</b>	<b>7,4</b>	<b>7,3</b>	<b>9,6</b>
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	-2,8 %	-0,4 %	2,4 %	1,0 %	1,0 %	1,3 %

Det er tilrådd at ein kommune bør ha eit netto driftsresultat på 1,75% av driftsinntekter. Auken i statlege inntekter reduserer behovet for innsparingar noko, men driftsnivået må framleis ned for å nå eit mål om ei drift i balanse. Innsparingane frå utkastet til økonomiplan som vart vedteke i juni-15, er difor i hovudsak innarbeidd i budsjettframlegget. Men den planlagde innsparinga på 3 mnok i pleie og omsorg er fjernai budsjettframlegget, då det er eit stort press på institusjonssenger .

Kvam når ikkje 1,75% i økonomiplanperioden, men går i rett retning. Netto driftsresultat endrar seg frå -2,8% i 2015 til 1,3% i 2019 dersom føresetnader, estimat og rammer held i komande 4-årsperiode. Tidlegare erfaringar viser at det tek tid å gjennomføra innsparingstiltak, og at aukande forventningar til kommunar og rammeendringar set eit varig press på kommuneøkonomien. Det er difor viktig å ha ein kontinuerleg prosess for vurdering av tenesteproduksjonen og stadig jakta på betre måtar å gjennomføra produksjonen på. Kvam herad startar difor opp med LEAN i 2016 som er ein metode for å skapa ein lærande organisasjon med fokus på innsparingar ut frå eit brukarperspektiv.

Driftsutgiftene aukar med 18,5 mnok i 2016 i høve 2015, og vert deretter redusert med 14,7 mnok som følgje av ulike innsparingstiltak. Auken i driftsutgifter kjem i hovudsak frå auke i den største utgiftsposten til kommune; lønsutgiftene aukar med 9,1 mnok, eller 2,3%. Den generelle lønsveksten er på 2,7%, så det ligg inne noko innsparingar i tal stillingar. Auken i kjøp av varer og tenester er litt større, heile 10,7 mnok. 6,4 mnok av denne summen gjeld kjøp til driftsprosjekt som fell vekk i 2017, totalt 9,6 mnok. Det vil seia at auken i kjøp til den ordinære drifta er på 4,3 mnok i 2016. I 2018 er summen for driftsprosjekt 2,5 mnok og i 0 i 2019.


VAR<sup>2</sup>-området er eit eige budsjett/rekneskap i det totale driftsbudsjettet/-rekneskapen til kommunen. Denne tenesteproduksjon skal vera sjølvfinansierande. VAR-området må ikkje gå i null

<sup>2</sup> VAR = Vatn Avlaup og Renovasjon


kvart år, men i løpet av ein 5-årsperiode. Eventuelt underskot/overskot må finansierast med øyremerka fondsmidlar/setjast av på fond. I tabellen ovanfor er VAR innbaka med følgjande tal:

	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring 2016-2015	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum driftsinntekter	17,5	19,6	2,1	23,8	24,5	25,4
Sum driftsutgifter	21,7	23,6	1,8	26,0	26,0	26,0
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-4,3</b>	<b>-4,0</b>	<b>0,3</b>	<b>-2,2</b>	<b>-1,5</b>	<b>-0,6</b>

Dei statlege inntektene fordelt på skatt på inntekt og formue og rammetilskot, utgjør nesten ¾ av driftsinntektene. Inntektene fordeler seg elles på følgjande måte i 2016:



Dei statlege inntektene er igjen fordelt på rammetilskot (272 mnok, 38%), skatt på inntekt og formue (211 mill.kr, 28%) og andre statlege overføringane (34 mnok, 6%). Prosentfordelinga mellom inntektene endrar seg lite frå år til år. Det gjeld og driftsutgiftene som er fordelt på følgjande hovudpostar:



Løn utgjør 404 mill.kr (56%) og sosiale utgifter 112 mill.kr (15%) av dei totale utgiftene. Det vil seia at det er eit påslag på nesten 28% på lønsutgifter til sosiale utgifter.

Kommune-Noreg har ei stor utfordring i høve pensjonsløyninga si. Det har vore ein stor vekst i pensjonskostnadane til kommunane som følgje av bl.a. lengre levertid på pensjonistar og lågare avkastning på pensjonmidlar. Staten har så langt vore klar på at dei ikkje vil kompensera for heile veksten i pensjonsutgifter, og regjeringsskiftet har ikkje medført endringar i denne haldninga. I tillegg har kommunane eit oppsamla premieavvik på om lag 30 milliardar som det er uavklara korleis skal handterast. Premieavviket oppstår som følgje av ein rekneskapsregel frå 2002 som medfører at kommunane etter gjeldande rekneskapsreglar får føra lågare pensjonsutgifter i rekneskapen enn det dei eigentleg har. I starten kunne ein dela opp pensjonsutgifter på inntil 15 år. Dette har seinare vorte redusert til 7 år. Ein av konsekvensane er at ein skyv ei aukande gjeld framover i tid. I budsjettet for 2016 ser det ut som at premieavviket fører til at pensjonsutgiftene vert lågare enn i 2015.

Resultatet frå finansieringstransaksjonar er forverra med 3,7 mnok til eit underskot på 39,8 mnok. Resultatet av finansieringstransaksjonar vert ytterlegare forverra i økonomiplanperioden som følgje av investeringsnivået i Kvam herad. Kvam herad har hatt svært store investeringar over lang tid, og det får følgjer for driftsbudsjettet til kommunen. Alle investeringar vert ført i investeringsrekneskapen og vert stort sett finansiert med lån. Lånerenter og –avdrag vert ført i driftsrekneskapen. Når desse utgiftene aukar, må enten driftsinntektene auka for å dekkja inn dei auka utgiftene, eller andre driftsutgifter reduserast. I planperioden aukar prosentdelen av rente og avdrag i høve driftsinntekter frå 7,9% i 2015 til 9% i 2019. Dette er før nye prosjekt bl.a. innan helsesektoren er innarbeidd i økonomiplanen. Desse er omtala i prosjektkapittelet, men summane er førebels ukjende. Det vil seia at utgiftene til rente og avdrag mest sannsynleg vil auka utover det som ligg i tabellen under:

	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Endring 2016- 2015</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	24,0	23,1	-0,9	27,1	30,1	30,1
Avdragsutgifter	30,2	32,3	2,1	35,3	35,3	35,3
<b>Sum lånerenter og -avdrag</b>	<b>54,2</b>	<b>55,4</b>	<b>1,2</b>	<b>62,4</b>	<b>65,4</b>	<b>65,4</b>
Rente og avdrag i % av driftsinntekter	7,9 %	7,7 %	3,3 %	8,6 %	9,0 %	9,0 %

Det er difor svært viktig at komande investeringsprosjekt i all hovudsak påverkar drifta slikt at det medfører at netto driftsresultat vert forbetra.



### 3.4 Status innsparingstiltak

Innsparingar frå økonomiplan 2015-2018						
2016	2017	2018		KOSTRA	Tema	Status øk.plan 2016-2019
-3 000	-3 000	-3 000		Diverse	Generelle innsparingskrav i rådmannen sitt budsjettframlegg	Innarbeidd 5 mnok
-2 000	-2 500	-3 500		Diverse	Auka krav til innsparing i HST-110/14	
-3 000	-3 000	-3 000		Pleie og omsorg	Ekstraløyving til PLO i 2015, ikkje vidareført i øk.plan	Innsparinga er reverset
0	-3 000	-3 000		Barnehage	Innsparingar i løn etter endra barnehagestruktur	Innsparinga er 50% lågare i 2017
0	-1 000	-1 000		Barnehage	Reduserte overføringar til private barnehagar	Innsparinga er forskyvd til 2018
-296	-266	-296		Politisk	Innsparingar endra politisk organisering (færre utval)	Innarbeidd i framlegg
-148	0	-148		Administrasjon	Reduserte utgifter i år utan val	Innarbeidd i framlegg
-120	-714	-714		Barnehage	Redusert husleige - barnehagar i eigne bygg	Innarbeidd i framlegg
-636	-959	-959		Diverse	Redusert husleige - andre tenester i eigne bygg	Innarbeidd i framlegg
-149	-149	-149		Bustad	Redusert netto utgifter framleigebustader	Deler innarbeidd i framlegg
-185	-185	-235		Diverse	Ulike mindre innsparingar	Innarbeidd i framlegg
-330	-430	-430		Kultur	Pol. tillegg 2015: TIL-forskottering + jubileum i 2015/2016	Innarbeidd i framlegg
-150	-150	-150		Kultur	Pol. tillegg 2015: Tour de fjords	Innarbeidd i framlegg
2 400	1 500	1 000		Finans	Auka lånerente - auka lånevolum	Nytt tal - høgare volum i plan
1 000	1 300	150		Finans	Auka låneavdrag	Nytt tal - høgare volum i plan
0	1 000	1 000		Finans	Redusert byggjelånsrenta	Nytt tal - høgare volum i plan
200	400	400		Finans	Auka rentevolum Husbanklån	Nytt tal - lågare volum i plan
-10 500	-12 500	-13 000		VA	Auka gebyrinntekter VA-området	Nye tal i tråd med nye kalkyler
1 000	2 000	3 000		Finans	Redusert aksjeutbytte Kvam kraftverk AS	Innarbeidd i framlegg
<b>-15 914</b>	<b>-21 653</b>	<b>-24 031</b>		<b>Sum</b>	<b>Sum spesifiserte innsparingskrav/endringar 2015-2018</b>	
Innsparingar frå utkast økonomiplan 2016-2019						
2016	2017	2018	2019	KOSTRA	Kommentar	
-100	-500	-500	-500	Finans	Sal av kommunale eigedomar - auka finansinntekter	Innarbeidd i framlegg
0	-500	-500	-500	Finans	Auka avkastning plasseringar - endra finansreglement	Innarbeidd i framlegg
-100	-500	-500	-500	Diverse	Redusera kommunale bygg - lågare utgifter reinhald og FDV	Innarbeidd i framlegg
0	-500	-1 000	-1 000	Diverse	Gjennomgang reinhald, FDV, byggjesak og brannvern	Innarbeidd i framlegg
0	-1 600	-3 000	-3 500	Grunnskule	Gjennomgang grunnskuleundervisning, SFO og vaksenopplæring	Innarbeidd i framlegg
-1 000	-3 000	-3 000	-3 000	Diverse	Digitalisering adm.tenester	Innarbeidd i framlegg
-500	-1 000	-2 000	-2 000	Pleie og omsorg	Velferdsteknologi	Innarbeidd i framlegg
0	0	0	0	Diverse	Serviceerklæringar	Innarbeidd i framlegg
-500	-1 000	-1 000	-1 000	Plan	Sjølvfinansierande tenester - byggjesak og plan	Innarbeidd i framlegg
-60	-60	-60	-60	Diverse	Utleige kommunale bygg til næringsdrivande og privatpersonar	Utgår
-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	Diverse	Tilskotsmidlar til Kvam herad	Innarbeidd i framlegg
-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	Pleie og omsorg	Tilskot ressurskrevjande brukarar	Innarbeidd i framlegg
-1 000	-1 000	-1 500	-2 000	Sosialteneste	Tilskostmidlar frå Kvam herad - sosialhjelp	Innarbeidd i framlegg
-70	-200	-200	-200	Diverse	Tilskostmidlar frå Kvam herad - næring, kultur o.l.	Innarbeidd i framlegg
-70	-140	-140	-140	Grunnskule	Tilskostmidlar frå Kvam herad - skystilskot vaksenopplæring	Innarbeidd i framlegg, 140 f.o.m. 2016
-1 000	-1 500	-2 000	-2 000	Diverse	Innsparingar i innkjøp	Innarbeidd i framlegg
-4 600	-3 500	-3 600	-2 600	Diverse	Stillingsvurdering/vakante stillingar + andre innsparingar	Innarbeidd i framlegg
<b>-13 000</b>	<b>-19 000</b>	<b>-23 000</b>	<b>-23 000</b>	<b>Sum</b>	<b>Sum innsparingstiltak 2016-2019</b>	
<b>-28 914</b>	<b>-40 653</b>	<b>-47 031</b>		<b>Totalsum</b>		

### 3.5 Om investeringsbudsjett og økonomiplan

I investeringsrekneskapen finn me kjøp av varige driftsmidlar som har ein verdi over kr 100.000 og ei levetid over 3 år. Med nokre få unntak som mindre kjøp av bygg og tomter, og tilsvarande sal, er alle slike kjøp organiserte som investeringsprosjekt i Kvam herad. Alle investeringsprosjekt vert vedtekte av heradsstyret. Kommunen kan ikkje lånefinansiera drifta si, men investeringane. Det er ikkje lov til å nytta inntekter frå sal av eigedomar eller midlar frå investeringsfond i driftsrekneskapen.

Som tidlegare nemnt bør investeringa medføra at drifta enten får auka inntekter eller lågare utgifter. Dersom ikkje, medfører investeringa ei omprioritering av driftsmidlane. Dette er noko fylkesmannen er svært oppteken av i sine innspel til kommunen sine budsjett. I praksis er det vanskeleg å berre gjennomføra investeringar som gjev tilsvarande endringar i driftsrekneskapen. Det er for eksempel trong for investeringar i bygg, vegar, IT og teknisk utstyr for å oppretthalda nivået på tenestene, utan at det nødvendigvis vil gje innsparingar i drifta. Då må innsparingane koma på andre tenesteområde.

Det ligg inne store investeringar dei to fyrste åra i økonomiplanen. I hovudsak er desse knytt til barnehageutbygging og VA-prosjekt. Tala i tabellane under er i kr 1.000.

	<b>Budsjett</b>				
	<b>2015, justert</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Sum inntekter	25 913	54 757	9 658	2 625	2 300
Sum utgifter	128 238	245 335	104 133	19 866	8 241
Sum finanstransaksjonar	28 898	41 066	15 600	15 600	15 600
<b>Finanseringsbehov</b>	<b>-131 223</b>	<b>-231 644</b>	<b>-110 076</b>	<b>-32 841</b>	<b>-21 541</b>

Investeringsprosjekta er i all hovudsak lånefinansiert, og det ligg inne eit låneopptak på 360 mnok i perioden 2016-2019. Det ligg 121 mnok i ubrukte lånemidlar frå 2014 som dekke lånebehovet i 2015 på grunn av tidsforskyvingar i prosjekta. I tillegg er det om lag 20 mnok til 2016-prosjekta, men det gjev eit netto låneopptak på 340 mnok i økonomiplanperioden.

	<b>Budsjett</b>				
	<b>2015, justert</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Bruk av lån	99 844	213 808	104 266	27 031	15 731
Motteke avdrag på utlån	7 600	2 900	2 900	2 900	2 900
Bruk av ubundne investeringsfond	16 210	9 210	2 910	2 910	2 910
Bruk av bundne fond	7 569	5 726	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>131 223</b>	<b>231 644</b>	<b>110 076</b>	<b>32 841</b>	<b>21 541</b>

Ved inngangen av 2016 vil kommunen ha ca. 950 mnok i brutto lån, og vil koma godt over 1 milliard i lån. Ei lånegjeld på 75% av driftsinntektene for netto lånegjeld<sup>3</sup>, er eit mål som gjerne er brukt i kommunar. Slik såg det ut i KOSTRA for 2014:

<sup>3</sup> Netto gjeld er brutto gjeld (kortsiktig og langsiktig) fråtrekt finansielle krav (bankinnskott, aksjar og andelar m.v.)

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	102,5	105,2	75,1	68,7	69,8	56,6
Bruk av lån (netto), i % av brutto investeringsutgifter	84,8	56,3	59,8	70	68,6	61,1

I tillegg ligg det ei rekkje prosjekt på blokka, til trass for at kommunen har investert svært mykje dei seinare åra. Det er difor tinga ei rekkje utgreiingar i 2016 for å kartleggja tilstand på ulike kommunale eigedomar i 2016 for å få ein totaloversikt på kva som må gjerast i åra framover. Når desse er klare, må ein nytta 2016 til å gå nøye gjennom alle prosjekta igjen, og laga ei nøysam prioritering til økonomiplanen 2017-2020.

### 3.6 Føresetnader for budsjett og økonomiplan

Budsjettet for 2016 og økonomiplanen 2016-2018 er laga med følgjande føresetnader:

- I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein pris- og lønsvekst på 2,7%. Dette er og lagt til grunn i Kvam herad sitt budsjett for 2016. Det er ikkje lagt inn vidare pris- og lønsvekst i økonomiplanperioden, og 2017-2019 er i 2016-tal.
- Kommunen sine prisar for brukarbetalingar og salsinntekter vert i utgangspunktet auka med deflatoren (2,7% i 2016). Mange av inntekstpostane har ei anna utvikling enn denne satsen. Dette gjeld for eksempel husleigeinntektene (ihht. husleigelova), VA-gebyr (sjølvkost), foreldrebetaling for barnehageplassar og satsar for PLO-tenester som har statlege satsar. Det er ikkje lagt inn endringar i prisnivået i 2017-2019.
- Kvam herad nyttar KS sin prognosemodell til utrekning av skatt og rammetilskot. Statsbudsjettet vert berre utarbeidd for 1 år, medan kommunen skal utarbeida ein økonomiplan for dei 3 påfølgjande åra i tillegg. I økonomiplanen ligg dei statlege inntektene lik som i 2015, inkl. skjønstilskotet
- Eigedomsskatten er lagt inn med 4 promille i økonomiplanperioden.
- Nettoinntekter frå heimfallsinntekter og sal av konsesjonskraft er lagt inn i tråd med prognosar utarbeidd av Kvam kraftverk hausten 2015. Same sum er lagt inn i økonomiplanperioden.
- Lønsbudsjettet er laga på same stillingsnivå som 2015, men justert for politisk vedtekne endringar og evt. andre endringar som har kome fram i løpet av budsjettprosessen. I tillegg vert det lagt på lønsauke lik prosentsatsen henta frå Statsbudsjettet (2,7%). Vidare er innsparingstiltak innarbeidd i økonomiplanen.
- Det er lagt inn innsparingar ved sjukefråvær på 2 mnok i økonomiplanperioden, som i 2015.
- Det er lagt inn innsparingar i 2016 og i 2017-2019 i tråd med utkast til økonomiplan vedteken juni-15.
- Pensjon er lagt inn i tråd med prognosane frå tenestepensjonsleverandørane for 2016 og uendra i resten av perioden, då innsparingar i lønsutgifter ikkje slår direkte inn i pensjonsnivået.
- Det er ikkje lagt inn ein generell prisvekst på kjøp av varer og tenester, men budsjettpostane i 2016 er justert i tråd med vurdering av nivå og avtalar. Det er ikkje lagt inn prisvekst i resten av perioden.
- Finansinntekter og -utgifter er rekna ut med estimerte satsar frå kommunen sin finansmeklar Bergen Capital Management for nye lån/refinansiering. Det er nytta minimumssats (3,5% av låneportefølje) for utrekning av låneavdrag. For plasseringane er høgaste sats brukt, om lag 2%.
- Fleire av innsparingskrav i perioden er ikkje konkretiserte, men må arbeidast vidare med, bl.a. i LEAN-prosjektet. Inntil vidare er desse lagt inn som ei innsparing på løn, då dette er største utgiftsposten og den mest sannsynlege innsatsfaktoren det må sparast inn på.

### 3.7 Sentrale risikoelement

Sjølv om kommunen sitt budsjett har om lag 700 mnok i driftsinntekter og -utgifter, er det likevel små marginar til å handtera endringar. Dei fleste budsjettpostane har bindingar som gjer at det er utfordrande å gjera om drifta på kort sikt. Hovudårsaka er at 70% av driftsutgiftene er personalutgifter som er vanskeleg å tilpassa på kort sikt. I og med at kommunen har om lag 1.000 tilsette, oppstår det ein del vakante stillingar i løpet av eit år. Men stillinga kan vera innanfor eit politisk satsingsområde heller enn i eit innsparingsområde.

- Veksten i skatteinntekter statsbudsjettet legg opp til, er svært høg. Rådmannen legg likevel dette til grunn i sitt framlegg, og forutset at evt. svikt i skatteinntekter vert kompensert i revidert nasjonalbudsjett.
- Dei seinare år med fleirtalsregjering har gjort at framlegget til statsbudsjett har hatt få endringar i stortinget si handsaming. Det er no ei mindretalsregjering, og det kan difor koma endringar i rammevilkåra til kommunane i løpet av handsaminga.
- Kraftinntektene er for tida relativt låge, og ser ut til å halda fram på same nivå fram til ein får auka eksportkapasiteten ut av kraftområdet Kvam er i, noko som ikkje skjer før i 2020. Men historikken viser at inntektene kan svinga med millionsummar for Kvam herad sin del. Tidlegare heradsstyrevedtak seier auka inntekter utover budsjett skal setjast av til fond, og dette med som eit årleg punkt i budsjettvedtaket.
- 2016 er eit såkalla «hovudoppgjer» i lønsforhandlingar. Lønsoppgjeret vert i hovudsak forhandla sentralt og kommunen har relativt liten innverknad på resultatet. Estimat for lønsveksten er på 2,7%, men forhandlingsresultatet kan sjølvstøtt avvika frå dette.
- Kommunane i Noreg har ei felles problemstilling i høve pensjonsutgifter. Staten kjem som tidlegare omtala, ikkje til å finansiera dei auka pensjonsutgiftene. I tillegg opparbeider kommune-Noreg eit stort premieavvik som ingen veit korleis skal handterast.
- Kommunen har rentebindingar på fleire av låna i porteføljen, men noko av porteføljen skal refinansierast i 2016. Det er likevel ikkje noko som tyder på store endringar i rentenivået. Men med over 900 mill.kr i lån, vil 1% endring i rentenivå medføre auke i renteutgiftene på over 9 mill.kr. Ein del vil verta kompensert av inntekter frå VAR-området og andre rentekompensasjonsordningar.
- Som tidlegare, kan enkeltsaker krevja hastetiltak og relativt store ressursar. Som døme har me barnevernssaker og ressurskrevjande brukarar. Staten gjev tilskot til begge desse gruppene, men har sjølv funne ut at sakene er så mange og krevjande at dei har redusert sitt relative tilskot. Dermed sit kommunen att med endå større utgift og risiko enn tidlegare.
- Eit nytt risikomoment som me har fått kjenna både på kroppen og i kommuneøkonomien dei siste åra, er konsekvensar av klimaendringane. Store nedbørmengder, store variasjonar i snømengde og ulike typar ras, er hendingar som får konsekvensar for kommunen sin økonomi.

### 3.8 Søknader og tiltak

Under er det ei liste med søknader til Kvam herad og ein del av dei interne tiltaksframlegga. Nokre tiltak er innarbeidd i budsjettframlegget, andre ikkje. Dersom nye tiltak skal innarbeidast i budsjettframlegget for 2016 må tiltaket finansierast med tilsvarande innsparingar i utgifter på andre område. Frie fondsmidlar i Kvam herad er i svært stor grad bunden opp i tidlegare vedtak, slik at det ikkje er tilrådeleg å bruka desse som finansieringskjelda for evt. nye tiltak. Kommunen treng resterande midlar som ein buffer.

Tiltak som er innarbeidd har kode R=rammeutviding eller P=drifts- eller investeringsprosjekt. Dei som har kode 0 i tabellen har fått avslag i framlegget til rådmannen. Det er svært mange gode tiltak og prosjekt, men den vanskelege økonomiske situasjonen gjer at kommunen må prioritera lovpålagte tenester, og ikkje kan støtta eksterne tiltak i like stor grad som tidlegare. Det har bl.a. komme inn ein del søknader om forskotering av spelemidlar og mva. Kommunen får om lag 2 mnok per år i spelemidlar. Kommunen har tidlegare forskottert spelemidlar, og har per i dag fleire år att før det som allereie er bygd har fått spelemidlar. Hardangarbad-prosjektet er eit prosjekt som førebels ikkje har kome på lista, og legg eit beslag på framtidige spelemidlar i opptil 10 år. Samstundes tapar kommunen renteinntekter ved å forskottera midlar, og har ikkje lenger økonomiske rammer til dette. Tala i tabellen under er i kr 1.000:

Nr.	Forslagsstillar	Forslagstittel	Om tiltaket	2016	2017	2018	2019	Totalt	0=avslag, R=rammeutviding i bud. framlegg, P=prosjekt i bud.framlegg	Tilbakemelding
1	Helse og omsorg felles	Kvardags-rehabilitering	Prosjekt starta haust 2015 med 0,3 mnok. Tidleg innsats/ førebyggjande arbeid i tråd med helse og omsorgsplan	200				200	R	Lagt inn i framlegg
2	Røde Kors	Flyktningeguide-koordinator	Røde kors ber om avtale med Kvam herad på 0,3 mnok per år	300	300	300	300	1 200	0	Ikkje lagt inn i framlegg. Dersom ordninga skal vidareførast bør det tilpassast NAV og Grannhjelpa betre enn tidlegare
3	NAV	Ombygging mottak NAV	Plan frå 2012 til 0,6 mnok som tryggleikstiltak og "teieplikt"-tiltak. Medfører auka husleige på om lag kr 40.000. Utgifter fordelt mellom NAV og Kvam herad 30/70.	40	40	40	40	160	R	Husleigeavtale til 2022. Få ei 50/50 deling med NAV stat
4	Helse og omsorg KRB/ Legetenesta	Kreftkoordinator	50% stilling opprinneleg finansiert med tilskot frå Kreftforeninga. Nedtrapping av tilskot over 4 år					0	R	Ramma vert utvida for å kompensera for lågare tilskot
5	Helse og omsorg KRB/ Legetenesta	Øyeblikkelig Hjelp-døgniltbod	Lovpålagt oppgåve frå 1.1.2016. KRB må auka grunnbemanninga med om lag 2,9 årsverk og det må forhandlast ny avtale med legane for å få 1 ØH-seng. Samarbeid med Voss kommune på natt	2 600	2 600	2 600	2 600	10 400	R	Kommunen har fått auke i rammetilskot på 2,6 mnok for å dekkja den nye oppgåva
6	Pleie og omsorg	Takheis	Grunna fysisk tunge brukarar ynskje om takheis (eller lignende) på 2 pasientrom. Betre situasjon for brukar og betre arbeidssituasjon for tilsette	100				100	P	Lagt inn i framlegg
7	Pleie og omsorg	Utskifting av utstyr m.m. PLO	Behov for utskifting av inventar og utstyr, decubitusmadrasser, sengemadrasser, dyner, puter, senger, møblar. Kvalitet-, hygiene,- og arbeidsmiljøtiltak	200				200	0	Avventar kartlegging av behov og plan/program for utskifting av utstyr for å sjå om dette er noko som kan takast som investeringsprosjekt, eller drift
8	Pleie og omsorg	Auka grunnbemanning	Press på heildøgns plasser og mange utskrivingsklare i sjukehus. Ynskjer vidareføring av auka ramme inntil nye institusjonssenger er på plass.	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000	R	Innsparingstiltak reversert. Når nye institusjonssenger er på plass, må midlane brukast til desse.
9	Pleie og omsorg	Nye institusjonssenger og omsorgsbustader	Mål om å erstatta min. 9 institusjonssenger. Forprosjekt starta august 2015, forventa pol.sak januar 2016					0	Eiga sak	Avventar eiga HST-sak

Nr.	Forslagsstillar	Forslagstittel	Om tiltaket	2016	2017	2018	2019	Totalt	0=avslag, R=rammeutviding i bud. framlegg, P=prosjekt i bud.framlegg	Tilbakemelding
10	Ergo-fysioterapi-tenesta	Driftstilskot fysioterapi	Auka driftstilskot fysioterapi med 1,9 i tråd med HST-sak og temaplan	722	722	722	722	2 888	R	Ja til 0,5 i auka driftstilskot - utgjør 190'
11	Oppvekst/ Ergo-fysioterapi-tenesta	Barnefysioterapi	Auke i ressurs til barnefysioterapeut med 50 % stilling i helsestasjon og skulehelseteneste. I HST-sak/temaplan ligg det auka på 1 stilling	300	300	300	300	1 200	0	Ikkje økonomi til å prioritera dette
12	Rus, psykiatri, flyktning	Bustadbehov	Må vurdera evt. nytt bufelleskap psykiatr, nye bustader for rus og bustadplan for flyktningar					0	Eiga sak	Avventar bustadplan
13	Oppvekst	Skuleskys Hatlestrand	Auka skysskostnader som følgje av politisk vedtak om at elevar 1-7 trinn frå Gravdal kan velgja å gå på Hatlestrand skule	400	400	400	400	1 600	R	Lagt inn i framlegg
14	Oppvekst/ legetenesta	Auka legeressurs til helsestasjon og skulehelsetenesta	Samle tenesta på to legar, auke kompetanse, kontinuitet og tryggleik. Auka ressursar og fokus på skulehelsetenesta, spesielt Kvam ungdomskule, helsestasjon for ungdom og vidaregåande skulane. Og ikkje minst flyktningehelsetenesta, der me i dag kun har 10 % ressurs. Auke til 12% stilling	150	150	150	150	600	0	Ikkje økonomi til å prioritera dette
15	Oppvekst	Videreføre prosjekt IKT i skule og barnehage	I tråd med digitaliseringsstrategi. Skule har behov for auka maskintettleik, kvaliteten på nettverk må vera god nok, kvaliteten på skulane bør vera lik med omsyn til utstyr som elektroniske tavler, elev og lærarpc mm. Dette er naysynt for at skulen skal kunna arbeida forsvarleg med læringsplattformen itslearning og pedagogiske læringsverktøy. Barnehage har behov for IKT utstyr som t.d nettbrett og prosjektorar til bruk i det pedagogiske arbeidet.					0	P	
16	Oppvekst/ Helse og omsorg	Kommunelogoped	Auke logoped med 20%. Viktig for å gje afasi-pasientar rask behandling	150	150	150	150	600	0	Ikkje økonomi til å prioritera dette
17	Teknisk	Redningsbil Ålvik	Noverande redningsbil i Ålvik er frå 1984, og må skiftast ut. Elkem Bjølvefossen tilbyr seg å kjøpa ny bil med plass til 5 personar dersom kommunen gjev eit tilskot som tilsvarar om lag halve kostnaden.	225				225	P	Lagt inn tilskot som driftsprosjekt
18	Teknisk	Innkjøp compatible GPS - digitalt naudnett	Det må kjøpast inn GPS til brann som er compatible med det digitale naudnett	230	180			410	P	Lagt inn i framlegg - P65161
19	Teknisk	Abo/vedlikehald digitalt naudnett	Kraftig auke i abonnement og vedlikehald av digitalt naudnett	400	400	400	400	1 600	R	Lagt inn i framlegg
20	Teknisk	Rassikring murar og fjell	Årleg prosjektsum i økonomiplanen. Fortsatt stort behov for sikring av kommunale vegmurar, samt fjellparti inntil kommunale vegar	1000	1000	1000	1000	4 000	0	Omfanget må kartleggjast og tiltak prioriterast

Nr.	Forslagsstillar	Forslagstittel	Om tiltaket	2016	2017	2018	2019	Totalt	O=avslag, R=rammeutviding i bud. framlegg, P=prosjekt i bud.framlegg	Tilbakemelding
21	Teknisk	Rehabilitering Hatlevegen	Stort etterslep på vedlikehold av bygningsmasse. Arbeid må gjerast i 2016 for å unngå store råteskadar	816				816	R	Lagt inn som driftsprosjekt i framlegg - P62161. Finansiert med ekstraord. tilskot i statsbudsjettet
22	Teknisk	Sanering Nedre Vik, Øystese	Sanering knytt til ny barnehage i Øystese, må takast samtidig med bygginga	1500	3000			4 500	R/P	Lagt inn i framlegg - P61164
23	Teknisk	Opning av dam på Solhaug	Konsulent i 2016 og arbeid i 2017. Dam må tappast ned og demning rivast	300	1000			1 300	R	Førebels lagt 0,3 mnok i drift og 1 mnok som invest.prosjekt i framlegg - P61165. Tiltaket må utgreiast nærmare.
24	Teknisk	Flaumsikring iht. ROS	Årleg prosjekt for sikringsarbeid iht. ROS	1000	1000	1000	1000	4 000	0	Avventar kartlegging og beredskapsplan
25	Teknisk	Utskifting av vegljons til LED	Utskifting til LED-vegljongs langs kommunale vegar. Kraftverket har starta arbeidet i 2015, samt planlagt vidare utskifting i 2016 og 2017. Brukar 1,5 mnok på utskifting. LED lever lenger. Sparer på drift på sikt - kjøp av KK	2450	2450			4 900	P	Lagt inn i framlegg - P61166. Lagt inn krav til innsparing i drift i øk.plan
26	Teknisk	Rassikring i Bergshagen	Kostnadsoverslag frå geolog, rassikring av fjellvegg ved kommunal veg	2000				2 000	P	Lagt inn i framlegg - P62163
27	Teknisk	Utvendig rehabilitering av rådhuset	4 veggar står att i arbeidet med å rehabilitere vindauge og fasade		1000	1000		2 000	P	Lagt inn i framlegg - P62171
28	Teknisk	Riving av trebygg Soltorp	Riving av trebygg ved Soltorp grunna farlege forhold ved bygget	400				400	0	Avventar totalprosjekt for området, slik at rivinga inngår i eit invest.prosjekt
29	Teknisk	Kartlegging av tilstand kommunale vegar	Kartlegging av status og tilstand på kommunale vegar	250				250	P	Lagt inn i framlegg som driftsprosjekt - P61167
30	Teknisk	Kartlegging av tilstand kommunale bygg	Kartlegging av status og tilstand på kommunale bygg	250				250	P	Lagt inn i framlegg som driftsprosjekt - P62162
31	Teknisk	VA Tolomarka - sigevatn	Tett avlaupsleidning frå deponiet i Tolomarka. Finansierast med renovasjonsgebyr	500				500	P	Lagt inn i framlegg - P61168
32	Teknisk	Sanering VA -avlau	Årleg prosjekt for diverse saneringsarbeid avlau	3000	3000	3000	3000	12 000	50% P i 2016	Lagt inn buffer på 1,5 mnok i framlegg for 2016 - P61169. Avventar VA-plan før vidare prosjekt vert
33	Teknisk	Sandering VA - vatn	Årleg prosjekt for diverse saneringsarbeid vatn	3000	3000	3000	3000	12 000	50% P i 2016	Lagt inn buffer på 1,5 mnok i framlegg for 2016 - P61160. Avventar VA-plan før vidare prosjekt vert
34	Teknisk	Bruprojekt - Netelandsbrua	Utvida rammer med 0,5 mnok. Nytt estimat basert på prosjektering/konsulentrapport	500				500	P	Lagt inn utvida rammer P61152
35	Teknisk	Branntryggleik - Strandebarmheimen	Utvida rammer med 0,5 mnok. Nytt estimat basert på innkomne anbod	300				300	P	Lagt inn utvida rammer P62155
36	Teknisk	Høgdebasseng Torpe	Prosjektering bør starta i løpet av 2016, men bygging skjer i løpet av planperioden						0	Avventar prosjektering
37	Teknisk	Høgdebasseng Sandven	Prosjektering bør starta i løpet av 2016, men bygging skjer i løpet av planperioden						0	Avventar prosjektering



Nr.	Forslagsstiller	Forslagstittel	Om tiltaket	2016	2017	2018	2019	Totalt	0=avslag, R=rammeutviding i bud. framlegg, P=prosjekti bud.framlegg	Tilbakemelding
38	Hardingtonar	Nytt mobilt tribuneanlegg	Hardingtonar har søkt om midlar til nytt mobilt tribuneanlegg. Primært til bruk i idrettshallen i Norheimsund. Anlegget er mobilt og kan nyttast i fleire hallar i Kvam. Amfiet har plass til ca 300 personar og kan gjera både konsertar og idrettsarrangement meir intime ved bruk av flyttbare amfi.	500				500	0	Ikkje økonomi til å prioritera dette
39	Ålvik idrettslag	Lån og tilskot til kunstgrasbane i Ålvik	Ålvik idrettslag ynskjer å laga kunstgrasbane på idrettsplatsen i Ålvik. Banen vil vera om lag 40 x 60 m. Idrettslaget søkjer om direkte støtte og mellomfinansiering på den delen som det vert søkt om spelemidlar og momskompensasjon. Dei søkjer om støtte på 100 000,- i 2016 og om lån på 840 000,- i 2016, 540 000,- i 2017 og 540 000,- i 2018,	940	540	540		2 020	0	Ikkje økonomi til å bruka av kommunen sin likviditet i mange år eller å yta tilskot
40	Skytebane-nemnda	Forskotering av spelemidlar og mva	Øystese jæger og fiskelag søkjer om forskotering av spelemidlar og meirverdiavgift, gjeld elgbane, skeet og trap i Vangdalsåsen. Utan forskotering må laga byggja ut ein og ein bane	1 601	156			1 757	0	Ikkje økonomi til å bruka av kommunen sin likviditet i mange år
41	Skytebane-nemnda	Forskotering av spelemidlar og mva - pistolklubb	Kvam pistolklubb søkjer om forskotering av spelemidlar og meirverdiavgift, gjeld standplassbygg og skiveanlegg 25 m og 50 m i Vangdalsåsen. Utan forskotering må laga byggja ut ein og ein bane.	129	1 308			1 437	0	Ikkje økonomi til å bruka av kommunen sin likviditet i mange år
42	Skytebane-nemnda	Forskotering av spelemidlar og mva - skytterlag	Skyttarlaga søkjer om forskotering av spelemidlar og meirverdiavgift, gjeld 100 og 200 m riflebane, garderobar, klubbhus og miniatyrbane i Vangdalsåsen. Utan forskotering må laga byggja ut ein og ein bane.	3327	1099	1152		5 578	0	Ikkje økonomi til å bruka av kommunen sin likviditet i mange år
43	Hardanger skeiseklubb og grendeutvalet i Vikøy	Ny rulleskeisebane	I samband med etablering av ny barnahage i Norheimsund sentrum så forsvinn rulleskeisebanen, ny lokalisering er tenkt i Vikøy på evjo i samband med utfyllinga. Kvam herad må truleg betala tilbake opptil 195 000 i tidlegare tilskot til bane dersom det ikkje vert ny bane innan to år.	1 100				1 100	0	Ikkje økonomi til å prioritera dette
44	Kvamskogen næringslag	Løypekøyring på Kvamskogen	Løypekøyring på Kvamskogen er eit spleiselag i mellom mange aktørar, mellom anna så har Kvam herad bidrege i mange år med 70 000,-. Beløpet har vore uemda lenge, slik at det no er ynskje om å utvida tilskotet	30	30	30	30	120	R	Lagt inn i framlegg
45	Kvam næringsråd	Støtte til oppgradering av turstiar i Kvam.	Næringsrådet fekk tidlegare kompensasjonsmidlar for arbeidet med opparbeidng av, og merkjing av stiar. Kravet i høve til midlane er no stramma opp og næringsrådet får ikkje lengre kompensasjonsmidlar for dette arbeidet.	100				100	0	Ikkje økonomi til å prioritera dette
46	Reisemål Hardangerfjord	Utvida tilskot til Reisemål Hardangerfjord	I ny fordeling i høve til tilskot til Reisemål Hardangerjord er det føreslått å auka tilskotet frå 460 000,- til 512 000,- kr	52	52	52	52	208	0	Har avtale for 2016. Avventar ny avtale f.o.m. 2017
47	Sjusete skisenter	Driftstilskot Sjusete	Søknad om å auka driftstilskot frå 0,2 mnok til 0,3 mnok	100	100	100	100	400	R	Lagt inn kr 20.000 i framlegg
48	Stab	Oppgradering eller utskrifting av økonomi-, avviks og kvalitetssystem	Eksisterande økonomisystem må oppgraderast i løpet av 2016. Oppgraderinga er kostbar samstundes med at funksjonalitet/modular i systemet bør utvidast, og det er difor nødvendig å vurdere andre system som eit alternativ. I tillegg har kommunen eit eigenutvikla avviks- og kvalitetssystem i dag som er utdatert og krevjande å vedlikehalda. Å skaffa nytt avvikssystem er eit av tiltaka i tråd med internkontroll-nettverksarbeidet.	1 800				1 800	P	Lagt inn i framlegg
49	Stab	Lagring av lyd og bilete	Utvida arkivsystemet til å handtera lyd og bilete		200			200	0	Tiltak i tråd med digitaliseringsstrategi, men avventar til 2017

Nr.	Forslagsstiller	Forslagstittel	Om tiltaket	2016	2017	2018	2019	Totalt	0=avslag, R=rammeutviding i bud. framlegg, P=prosjekt i bud.framlegg	Tilbakemelding
50	Stab	Hardangerrådet	Årsmøtet i Hardangerrådet har vedteke å auka kontingenten med 5%	56	56	56	56	224	R	Lagt inn i framlegg. Det er og lagt inn innsparing på leige av hybel i Berlin i regi av Hardangerrådet. Ca 30.000 f.o.m. 2017
51	Stab	Digitalisering av lokalhistorisk arkiv	Prosjektet er avhengig av samarbeid mellom KH, Hfk og Nasjonalbiblioteket. Lokalhistorisk arkiv vert gjort tilgjengeleg for ålmenta, flytta og forvalta av biblioteket. Prosjektet bør ha litt lokale midlar for å utløysa eksterne tilskot.	50				50	0	Avventar ny biblioteksplan
52	Stab	Prøveprosjekt velferdsnett Ålvik	Kvam kraftverk treng eit anleggstilskot for å få fiber til "Pensjonisten" i Ålvik. Tilskotet opnar for at andre kommunale institusjonar i Ålvik og kan få fiber.	200				200	P - drift	Lagt inn i framlegg. Viktig for pilotprosjekt i Ålvik vedr. framtidige velferdsløysingar.
53	Kyrkjeleg fellesråd	Auka tilskot til Kyrkjeleg fellesråd	Kyrkjeleg fellesråd får i 2015 eit tilskot på 4,85 mnok og ber om å få auka dette med 3,1% til 5 mnok i 2016.	150	150	150	150	600	R	Lagt inn i framlegg. Auke i tilskot til Kyrkjeleg fellesråd fører automatisk til ein auke i tilskot til andre livssynsorganisasjonar med medlemmer i Kvam herad
55	Grannehjelpa	Auka tilskot til Grannehjelpa	Grannehjelpa ber om å få auka tilskotet frå kr 606.000 til kr 650.000. Tilskotet har ikkje vore justert sidan 2011.	44	44	44	44	44		Ikkje innarbeidd i framlegg då søknaden mangla i budsjettsaka når tiltaka vart gjennomgått

## 4 Økonomisk hovedoversikt – driftsbudsjett 2016-2019

DRIFTSINNTEKTER	Rekneskap	Budsjett 2015,	Endring	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
	2014	justert	2016-2015				
Brukarbetalingar	24 522	23 330	1 460	24 790	24 790	24 790	24 790
Andre sals- og leigeinntekter	52 118	45 602	4 326	49 928	54 309	55 184	56 004
Overføringar med krav til motyting	73 785	72 318	2 140	74 459	72 245	71 995	71 495
Rammetilskot frå staten	265 028	263 820	8 512	272 332	272 332	272 332	272 332
Andre statlege overføringar	41 964	31 199	2 401	33 600	33 600	33 600	33 600
Andre overføringar	7 439	7 367	2 043	9 410	6 360	6 360	6 360
Skatt på inntekt og formue	191 886	196 449	14 952	211 401	211 401	211 401	211 401
Eigedomsskatt	39 835	43 000	0	43 000	43 000	43 000	43 000
Andre direkte og indirekte skattar	4 004	3 900	0	3 900	3 900	3 900	3 900
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>B</b>	<b>700 582</b>	<b>686 985</b>	<b>722 819</b>	<b>721 937</b>	<b>722 562</b>	<b>722 882</b>
DRIFTSUTGIFTER	Rekneskap	Budsjett 2015,	Endring	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
	2014	justert	2016-2015				
Lønsutgifter	378 266	394 538	9 122	403 660	398 142	394 922	395 798
Sosiale utgifter	114 641	115 553	-3 990	111 563	111 130	110 771	110 711
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	86 793	75 555	7 486	83 041	74 933	76 168	74 433
Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	39 513	33 070	7 313	40 383	40 223	40 223	40 223
Overføringar	66 913	53 598	-6 266	47 332	43 210	42 210	41 210
Avskrivningar	31 189	37 086	2 693	39 779	46 717	48 762	48 762
Fordeelte utgifter	-2 132	-2 155	2 155	0	0	0	0
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>715 182</b>	<b>707 245</b>	<b>725 758</b>	<b>714 355</b>	<b>713 056</b>	<b>711 137</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>D=B-C</b>	<b>-14 600</b>	<b>-20 260</b>	<b>17 321</b>	<b>-2 939</b>	<b>7 582</b>	<b>11 745</b>
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER	Rekneskap	Budsjett 2015,	Endring	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
	2014	justert	2015				
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	33 678	18 050	-2 500	15 550	15 450	14 450	14 450
Gevinst finansielle instrumenter	668	200	0	200	200	200	200
Mottekne avdrag på lån	10	0	0	0	0	0	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>E</b>	<b>34 357</b>	<b>18 250</b>	<b>15 750</b>	<b>15 650</b>	<b>14 650</b>	<b>14 650</b>
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	25 107	24 005	-872	23 133	27 133	30 133	30 133
Tap finansielle instrumenter	613	200	0	200	200	200	200
Avdragsutgifter	29 709	30 200	2 050	32 250	35 250	35 250	35 250
Utlån	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>F</b>	<b>55 429</b>	<b>54 405</b>	<b>55 583</b>	<b>62 583</b>	<b>65 583</b>	<b>65 583</b>
<b>Resultat eksterne finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>-21 072</b>	<b>-36 155</b>	<b>-3 678</b>	<b>-39 833</b>	<b>-46 933</b>	<b>-50 933</b>
Motpost avskrivningar	31 189	37 086	2 693	39 779	46 717	48 762	48 762
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>I</b>	<b>-4 484</b>	<b>-19 329</b>	<b>16 335</b>	<b>-2 994</b>	<b>7 367</b>	<b>9 575</b>
AVSETNINGAR	Rekneskap	Budsjett 2015,	Endring	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
	2014	justert	2015				
Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	768	1 156	-1 156	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	4 586	12 055	-10 030	2 025	0	0	0
Bruk av bundne fond	31 163	29 982	-8 561	21 421	18 195	20 124	18 324
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>J</b>	<b>36 516</b>	<b>43 193</b>	<b>-19 747</b>	<b>23 446</b>	<b>18 195</b>	<b>20 124</b>
Overført til investeringsrekneskapet	13	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidligare års regnskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Avsetningar disposisjonsfond	676	2 640	5 309	7 949	11 012	12 106	11 825
Avsetningar til bundne fond	31 344	21 224	-8 721	12 503	14 550	15 354	16 074
<b>Sum avsetningar</b>	<b>K</b>	<b>32 032</b>	<b>23 864</b>	<b>-3 412</b>	<b>20 452</b>	<b>25 562</b>	<b>27 899</b>
Udisponert Regnskapsmessig meir-/mindreforbruk	L=I+J-K	0	0	0	0	0	0

**Kommentar til tabell:** I = L23 (D) + L34 (G) + L35 (motpost avskrivningar). Tal i 1.000 kr

## **FØLGJANDE ENDRINGAR ER LAGT INN I BUDSJETTFRAMLEGGET I HØVE 2015:**

**Driftsinntekter aukar med totalt 35,8 mnok frå 2015 til 2016.**

### **LN01 - Brukarbetaling - aukar med 1,4 mnok**

På SFO og barnehage er auken på 0,4 mnok som fylgje av prisauke og endringar i forventa barnetal. Auken på 1,1 mnok på brukarbetaling helse er knytt til prisauke og oppjustering av mengde etter rekneskap 2015.

### **LN02 - Andre sals- og leigeinntekter aukar med 4,3 mnok**

Husleigeinntekter aukar med 1,1 mnok. Ny utrekning av sjølvkost på VAR medfører auke i gebyrinntektene på 2,9 mnok. På byggesak er gebyrinntektene auka med 10% (0,25 mnok). Dette er for at byggesak skal nærma seg sjølvkost. Andre gebyrinntekter aukar med 2,7%. I øk.planperioden varierer sals- og leigeinntekter i takt med VA-inntekter.

### **LN03 - Overføringar med krav til motytingar aukar med 2,1 mnok**

Auke i refusjonar frå staten, frå private og frå andre kommunar utgjer til saman 1,3 mnok. I statsbudsjett 2016 vart det, som eit sysselsetjingstiltak, gitt eit øyremerka eingangstilskot til vedlikehald av kommunale bygg. For Kvam utgjorde dette 0,8 mnok. I øk.planperioden ligg det inne auka tilskotsmidlar som innsparingstiltak på 0,8 mnok, men eit inntekstbortall på 1,6 mnok, gjer at den samla inntekta går ned.

### **LN04 - Rammetilskot frå staten aukar med 8,5 mnok**

### **LN05 - Andre statlege overføringar aukar med 2,4 mnok**

Integreringstilskot frå IMDI er venta å auke med 1,8 mnok som fylgje av auka tal flyktningar i 2016. Vertskommunetilskot aukar med 0,5 mnok. I budsjett 2016 er det lagt inn ein auke på kraftinntekter på 0,2 mnok og ein reduksjon i statlege overføringar på 0,2 mnok.

### **LN06 Andre overføringar aukar med 2,0 mnok**

Reduksjon i overføringar frå fylket på grunn av tidsforskyving av prosjekt.

### **LN07 - Skatt på inntekt og formue - aukar med 14,9 mnok**

**Driftsutgifter aukar med til saman 18,5 mnok**

### **LN11 Lønsutgifter - aukar med 9,1 mnok**

I 2016 er det hovudoppgjer og lønsjusteringspott for 2016 er auka med 6,9 mnok. I tillegg er det ein generell vekst frå 2015 og ei rekkje andre mindre endringar på om lag 2 mnok. På helse er det auke på løn på 1,6 mnok på grunn av ressurskrevjande brukarar og retting av lønsbudsjett ihht turnus. Budsjett på ØH døgntilbod er auka med 2,3 mnok knytt til grunnbemanning KRB og legevakt. Det er auke i stillingar på 1,4 mnok fordelt på 0,4 mnok til LEAN stilling, 0,8 mnok vakante stillingar i 2015 og 0,2 mnok sentral kurspott. I statsbudsjettet var det foreslått statleggjering av skatteoppkrevjar, nokon som for 2016 gjev ein reduksjon på 0,5 mnok. På lønsutgifter er det lagt inn eit innsparingskrav fordelt på alle einingar med totalt 4,6 mnok. Innsparinga vil ikkje nødvendigvis koma på løn, men er i fyrste omgang plassert her. I 2017 ligg det inne ytterlegare innsparingstiltak på om lag 5 mnok og i 2018 er det auka til 8,2 mnok og noko under 8 mnok i 2019.

### **LN12 Sosiale utgifter - reduksjon på 4,0 mnok**

Premien for 2016 aukar med 5,8 mnok, men sidan premieavviket aukar med heile 10,5 mnok vert pensjonskostnaden inkludert tidlegare års premieavvik redusert med 3,7 mnok i forhold til 2016. På arbeidsgjevaravgift er det ein reduksjon på 0,3 mnok.

### **LN13 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon - aukar med 7,5 mnok**

Endringar i driftsprosjekt utgjer ein auke på 4,8 mnok. Budsjett på mat aukar med 1,0, skuleskyss aukar med 1,1 mnok, kostnad til leasingbilar blant anna ny legevaktbil aukar med 0,5 mnok og kostnad knytt til kontrollutvalet aukar med 0,2 mnok. Anna budsjettauke er knytt til IT, transport, leige av utstyr, kjøp av tenester, materiale til vedlikehald på til saman 2,8 mnok. Husleige er redusert

med 0,4 mnok og det er lagt inn ei generell innsparing på 0,3 mnok. Ein kostnad på 2,2 mnok er overført til LN14.

I 2017 fell driftsprosjektet ut, men det kjem eit nytt på 2 mnok i 2018. Elles ligg det inne innsparingskrav på 2-3 mnok i perioden.

**LN14 Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon - aukar med 7,3 mnok**

Kostnad knytt til avtale med Hardanger AKS aukar med 0,5 mnok. Kjøp av tenester frå staten knytt til barnevern aukar med 1,0 mnok, kostnad til gjesteelevar aukar med 1,0 mnok, medan overføring til private barnehagar går ned med 0,25 mnok på grunn av ny utregningsmåte. Sysselsetjingstiltaket som vart referert til under LN03 gjev ein kostnadsauke på 0,8 mnok. Overføringar til private på 3,2 mnok og Museumsavtalen på 0,77 mnok er flytta frå LN15 til LN14.

Tilsynsavtalen med BIR på 0,1 mnok fell vekk f.o.m. 2017

**LN15 Overføringar - er redusert med 6,2 mnok**

Overføring til friskulen aukar med 0,4 mnok, hjelpetiltak i barnevernet aukar med 0,25 mnok, kostnad til redningsbil i Ålvik 0,25 mnok og overføring til kyrkja og andre religiøse foreiningar aukar med 0,22 mnok. Skatt og mva på kraftinntekter er redusert med 1,4 mnok og andre overføringar er redusert med 0,8 mnok. Overføringar til private på 3,2 mnok og museumsavtalen på 0,7 mnok er flytta frå LN15 til LN14. Sosialhjelp er redusert med 1 mnok som innsparingstiltak. Dette kravet aukar i løpet av perioden. I tillegg er det lagt inn reduksjon i tilskot til privat barnehage på 1 mnok frå 2018.

**LN16 Avskrivningar aukar med 2,7 mnok.**

På grunn av mange investeringsprosjekt, aukar avskrivninga i øk.planperioden.

**Brutto driftsresultat er forbetra med 17,3 mnok frå 2015 til 2016, til eit underskot på 2,9 mnok.**

**Resultat eksterne finansieringstransaksjonar er forverra med til saman 3,7 mnok til eit resultat på - 39,9 mnok**

**LN20 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak er redusert med 2,5 mnok**

Utbytte frå Kvam Kraftverk er redusert med 1,0 mnok til 6,5 mnok i tråd med nedtrappingsplan. På bankrente og avkastning på plasseringar er det ein reduksjon på 1,7 mnok. Kalkulatorisk rente aukar med 0,2 mnok.

**LN24 Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter er redusert med 0,9 mnok**

Redusert nivå på lånerente gjev ein kostnadsreduksjon på 0,5 mnok. Kalkulatoriske renter er redusert med 0,4 mnok.

**LN26 Avdragsutgifter aukar med 2,0 mnok på grunn av auke i låneavdrag.**

**Netto driftsresultat er forbetra med 16,3 mnok frå 2015 til 2016, til eit underskot på 3,0 mnok**

Med innsparingstiltak, har ein eit overskot på 7,4-9,6 mnok i resten av økonomiplanperioden.

**Bruk og avsetning av fondsmidlar**

Bruk av fond er redusert med 19,7 mnok, medan avsetningane er redusert med 3,4 mnok.

Det er ikkje foreslått bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk i 2016. På bruk av disposisjonsfond er det lagt opp til å bruke 10,0 mnok mindre enn i 2015. Det som er foreslått finansiert av disp.fond i 2016 er redningsbil i Ålvik (0,25), Ingebrigt Vik jubileum (0,1), LEAN prosjekt (1,0), kartlegging av tilstand på kommunale bygg og vegar (0,5) og Tidsforskyving av trafikkisikringsprosjekt (0,2). Reduksjonen på bruk av bundne fond er i sin heilheit knytt til VAR. Det er foreslått ein auke i avsetjing til disposisjonsfond på 5,3 mnok, herav mindreforbruk på 5,8 mnok. Mottak av spelemidlar som tidlegare er forskottert av drift er sett av til disp.fond. Beløpet er 0,5 mnok lågare enn i 2015.

## 5 Budsjettskjema 1A – Finans, skatt og rammetilskot

Budsjettskjema 1 A inneheld dei store frie inntektene til kommunen i tillegg til fondsdiskoneringane. Samlesummen frå skjema er det som kommunen kan bruka på tenesteproduksjonen.

<b>BUDSJETTSKJEMA 1A (tusen kr)</b>							
	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Budsjett 2015, justert</b>	<b>Endring 2016-2015</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
<b>Driftsinntekter</b>							
1. Skatt på inntekt og formue	-191 886	-196 449	-14 952	-211 401	-211 401	-211 401	-211 401
2. Ordinært rammetilskot	-265 028	-263 820	-8 512	-272 332	-272 332	-272 332	-272 332
3. Skatt på eigedom	-39 835	-43 000	0	-43 000	-43 000	-43 000	-43 000
4. Andre direkte eller indirekte skatter	-4 004	-3 900	0	-3 900	-3 900	-3 900	-3 900
5. Andre generelle statstilskot	-41 964	-31 199	-2 401	-33 600	-33 600	-33 600	-33 600
<b>6. Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-542 717</b>	<b>-538 368</b>	<b>-25 865</b>	<b>-564 233</b>	<b>-564 233</b>	<b>-564 233</b>	<b>-564 233</b>
7. Renteinntekter og utbytte	-33 689	-18 050	2 500	-15 550	-15 450	-14 450	-14 450
8. Gevinst finansielle instrumenter	-668	-200	0	-200	-200	-200	-200
9. Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	25 107	24 005	-872	23 133	27 133	30 133	30 133
10. Tap finansielle instrumenter	613	200	0	200	200	200	200
11. Avdrag lån	29 709	30 200	2 050	32 250	35 250	35 250	35 250
<b>12. Netto finansinntekter / -utgifter</b>	<b>21 072</b>	<b>36 155</b>	<b>3 678</b>	<b>39 833</b>	<b>46 933</b>	<b>50 933</b>	<b>50 933</b>
14. Til ubundne avsetningar	676	2 640	5 309	7 949	11 012	12 106	11 825
15. Til bundne avsetningar	31 344	21 224	-8 721	12 503	14 550	15 354	16 074
16. Bruk av tidlegare overskot	-768	-1 156	1 156	0	0	0	0
17. Bruk av ubundne avsetningar	-4 586	-12 055	10 030	-2 025	0	0	0
18. Bruk av bundne avsetningar	-31 163	-29 982	8 561	-21 421	-18 195	-20 124	-18 324
<b>19. Netto avsetningar</b>	<b>-4 496</b>	<b>-19 329</b>	<b>16 335</b>	<b>-2 994</b>	<b>7 367</b>	<b>7 336</b>	<b>9 575</b>
20. Overført til investeringsrekneskapet	13	0	0	0	0	0	0
21. Til fordeling	-526 129	-521 542	-5 852	-527 394	-509 933	-505 964	-503 725
<b>22. Sum fordelt til drift (skjema 1B)</b>	<b>526 129</b>	<b>521 542</b>	<b>5 852</b>	<b>527 394</b>	<b>509 933</b>	<b>505 964</b>	<b>503 725</b>
<b>23. Rekneskapsmessig meirforbruk(+)/mindreforbruk(-)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

1. Staten legg opp til ein høg skattevekst til neste år, med heile 7,6% eller 15 mnok for Kvam herad sin del. Regjeringa har dei seinare åra budsjettert med høg skattevekst som ikkje har vist seg å innfri. For 2016 er skatteøren til kommunane endra, noko som gjer auken noko meir sannsynleg, og budsjettframlegget er basert på staten sitt estimat.
2. Det statlege rammetilskotet og Kvam sin del av skatteinntektene frå bedriftene og lønstakarane i kommunen utgjer over 70% av driftsinntektene til kommunen. Rammetilskotet vert i hovudsak tildelt ut frå folketalet, fordelt på ulike folkegrupper (ordinært rammetilskot). I tillegg får kommunen eit distriktstilskot og ein skjønnsdel. Skjønnsdelen har i mange år vore ein kompensasjon for at Kvam ikkje lenger fekk redusert arbeidsgjevaravgift (vart auka frå 10,6% til 14,1%). 2015 var siste året med kompensasjon for redusert arbeidsgjevaravgift. For 2016 utgjer skjønnsmidlar 9,1 mnok, 0,5 mnok lågare enn i 2015. Skjønnsmidlane vert truleg ikkje fjerna heilt, men fylkesmannen sine totale skjønnsmidlar har vorte redusert for kvart år, og han vil stå friare i høve tildelinga av desse. Til sist får kommunen ei inntektsutjamning som er ein kompensasjon til kommunar med skatteinntekter under landssnittet. Per september 2015 var låg Kvam på 86,9% i høve landssnittet. Elementa i rammetilskotet kan oppsummerast på følgjande måte:

Rammetilskot	2015	2016	Endring	%-vis skilnad
Distriktstilskot Sør-Norge	3 489	5 329	1 840	52,7 %
Inntektsutjamning	14 355	14 980	625	4,4 %
Ordinært	235 526	242 923	7 397	3,1 %
Skjønsdel	9 600	9 100	-500	-5,2 %
<b>Sum rammetilskot</b>	<b>262 970</b>	<b>272 332</b>	<b>9 362</b>	<b>3,6 %</b>
Skatt	196 449	211 401	14 952	7,6 %
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>459 419</b>	<b>483 733</b>	<b>24 314</b>	<b>5,3 %</b>

Veksten i rammetilskotet skal i tillegg til å dekkja den generelle løns- og prisvekst på 2,7%, mellom anna dekkja følgjande nye oppgåver:

- a. Augeblikkeleg hjelp, døgnopphald (ØH-seng), 2,7 mnok
- b. Brukarstyrt personleg assistanse, 0,5 mnok
- c. Ny naturfagtime, 0,1 mnok

Til fråtrekk i rammetilskotet kjem m.a.:

- a. Statleggjering av skatteinnkrevjing, 1,1 mnok
- b. Netto av 6 ulike endringar i barnehage, 0,3 mnok
- c. Auke i elevtal statlege og private skular, 0,2 mnok

I tillegg er det lagt opp til ei satsing på helsestasjons- og skulehelseteneste, og utdanning av deltidsbrannpersonell. Staten har og nok ein gang redusert sitt tilskot til ressurskrevjande brukarar.

3. Kvam herad har eigeidomsatt på maksimalsatsen 7 promille for verk og bruk, medan bustader og fritidseigeidomar har ein sats på 4 promille. Det er ikkje gjort endringar i nivået i økonomiplanperioden.
4. Kommunen mottok årleg konsesjonsavgift på om lag 3,9 mnok som vert sett av på næringsfond.
5. Kommunen får tilskot til flyktningar, vertskommunetilskot, heimfallsinntekter og kompensasjon for renteutgifter til investeringar. Det er budsjettert ein auke på 0,4 i vertskommunetilskot og 1,7 mnok i tilskot vedr. flyktningar, og 0,2 mnok meir i heimfallsinntekter.
6. Sum frie disponible inntekter auka med 26,9 i høve 2015, til 564 mnok. Det er ikkje gjort endringar på desse budsjettpostane i økonomiplanperioden.
7. Utbytte frå Kvam kraftverk AS (KK) er redusert med 1 mnok til 6,5 mnok i tråd med nedtrappingsplanen til KK. Det er lagt inn ytterlegare nedtrapping på 1 mnok årleg i 2017 og 2018 og. Rentenivået og volumet på bankplasseringar er forventa å verta lågare i 2016, og renteinntektene er redusert med 1,5 mnok.
8. Gevinst av plasseringar i obligasjonar er budsjettert med same sum som i 2015 i 2016-2019.
9. På grunn av lågare rentenivå på lån, er det budsjettert med ein reduksjon i 2016 på trass av auka volum. Volum og utgift aukar seinare i økonomiplanen. Kvam herad bind ein del av lånerentene sine for å sikra seg mot store svingingar i drifta.
10. Tap på plasseringar i obligasjonar er budsjettert med same sum som i 2015 i 2016-2019.
11. Låneavdraget aukar i økonomiplanperioden på grunn av auka lånevolum.

## 6 Budsjettskjema 1 B - Tenesteområde 2016-2019

Tenesteproduksjonen er organisert i ulike KOSTRA-tema, som er hovudprioriteringar rådmannen skal styra etter. KOSTRA-tema tek utgangspunkt i KommuneStatRapporteringa. Dette er ei heil rekkje med rapportar som kommunane leverer inn til staten i samband med årsoppgjeret, og er ei kategorisering av dei ulike tenestene kommunane yter. KOSTRA skal gjera det mogeleg å samanlikna kommunar, og t.d. prioriteringa til ein kommune over tid. Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på KOSTRA-tema for Kvam herad. Tabellen nedanfor tilsvare budsjettskjema 1B, som er eit av dei obligatoriske skjemaene som kommunen skal utarbeida.

<b>BUDSJETTSKJEMA 1B (tusen kr)</b>							
<b>Tenesteområde</b>	<b>Budsjett 2015,</b>		<b>Endring 2016-</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>justert</b>	<b>2015</b>				
Politisk verksemd	4 636	5 575	-133	5 443	5 761	5 342	5 961
Adm. og fellesutgifter	27 871	43 909	-8 851	35 059	33 956	33 971	34 031
Barnehagar	62 873	62 786	3 346	66 132	66 111	65 291	65 291
Grunnskule	144 146	143 629	4 978	148 607	147 266	146 616	146 118
Kommunehelse	27 031	29 278	441	29 720	29 720	29 720	29 720
Pleie- og omsorgstenesta	186 409	164 429	11 794	176 223	176 145	175 645	175 645
Sosialteneste og NAV	27 303	29 022	1 580	30 602	30 602	30 102	29 602
Barnevern	18 061	19 769	276	20 045	20 045	20 045	20 045
Bustader	-2 837	-2 447	-1 305	-3 752	-3 752	-3 752	-3 752
Plan	8 219	7 007	1 768	8 776	7 896	9 896	7 896
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	7 254	6 537	-2 438	4 099	4 099	4 099	4 099
Brann og ulykkesvern	8 756	7 338	2 219	9 557	9 137	9 042	9 142
Samferdsle og grøntanlegg	14 726	14 839	818	15 657	15 953	16 198	16 198
Vatn avløp og renovasjon/avfall	1 104	4 272	-290	3 983	2 185	1 485	565
Kultur	16 591	17 374	99	17 472	15 026	15 026	15 026
Kyrkje	5 118	5 258	242	5 500	5 500	5 500	5 500
Finans og fellespostar	-31 135	-37 036	-8 692	-45 728	-55 717	-58 262	-57 362
<b>Sum tenesteområde</b>	<b>526 129</b>	<b>521 542</b>	<b>5 852</b>	<b>527 394</b>	<b>509 933</b>	<b>505 964</b>	<b>503 725</b>
			0				
<b>Sum fordelt (skjema 1A)</b>	<b>526 129</b>	<b>521 542</b>	<b>5 852</b>	<b>527 394</b>	<b>509 933</b>	<b>505 964</b>	<b>503 725</b>

**Tal i tabellane for tenesteområde/KOSTRA-tema er oppgjevne i kr 1.000.**

I økonomiplanperioden vert berre større kjente endringar eller innsparingskrav lagt inn, som t.d. auke i låneavdrag på finans, auke i avskrivningar og estimat for innsparingar i barnehage etter ny struktur. Erfaringsmessig skjer det endringar frå år til år og at det er sjeldan økonomiplan for påfølgjande år = neste års budsjett. Men økonomiplanen gjev ein del retningar og signal for kva som er i vente i t.d. tider med store investeringar, som Kvam herad har hatt.


**For kvart rammeområde vert dei største endringane i høve budsjettet for 2015 kommentert pr. KOSTRA-tema/tenesteområde i dette kapitlet. I tillegg er det skrive ein status om kva temaet inneheld av tenester, dei største utfordringane i planperioden, og mål for temaet. I budsjettframlegget for 2016 er det teke med eit utval av KOSTRA-tal som er relevante indikatorar for tenesta. KOSTRA-rapporteringa er svært omfattande, og nyttar data frå mange ulike system. Indikatorane er basert på rekneskapsåret 2014. Meir informasjon om KOSTRA-tala ligg på [www.ssb.no](http://www.ssb.no).**

Avskrivningar og sosiale kostnader er del av dei aller fleste KOSTRA-tema, og vert difor svært omfattande å kommentera under kvart tema. Utgiftene kan heller ikkje påverkast i særleg stor grad i eit budsjettår, men indirekte gjennom endringar av investeringsbudsjett og lønsutgifter. Avskrivningar og sosial kostnader er difor trekt ut i eigne tabellar og kommentert til slutt i tenesteområde-kapitlet. Tala er trekt ut i tabellen nedanfor. Det er desse tala som vert kommentert vidare:



<b>BUDSJETTSKJEMA 1B (tusen kr) - eksl. Sosiale utgifter og avskrivningar</b>							
<b>Tenesteområde</b>	<b>Budsjett 2015,</b>		<b>Endring 2016-</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>justert</b>	<b>2015</b>				
Politisk verksemd	4 116	4 755	14	4 769	5 088	4 669	5 288
Adm. og fellesutgifter	27 147	30 616	1 057	31 673	29 875	29 850	29 910
Barnehagar	45 243	46 642	1 672	48 314	46 205	43 891	43 891
Grunnskule	105 841	104 980	2 858	107 838	106 636	106 159	105 721
Kommunehelse	21 471	24 259	441	24 700	24 700	24 700	24 700
Pleie- og omsorgstenesta	135 114	119 587	9 888	129 474	128 941	128 441	128 441
Sosialteneste og NAV	25 337	26 548	768	27 317	27 317	26 817	26 317
Barnevern	15 241	16 596	755	17 351	17 351	17 351	17 351
Bustader	-7 415	-7 022	-1 572	-8 594	-8 594	-8 594	-8 594
Plan	5 563	4 701	1 581	6 282	5 402	7 402	5 402
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	6 487	5 484	-2 962	2 522	2 522	2 522	2 522
Brann og ulykkesvern	6 696	5 557	2 052	7 608	7 188	7 013	7 113
Samferdsle og grøntanlegg	11 004	10 970	11	10 981	10 681	10 681	10 681
Vatn avløp og renovasjon/avfall	-6 522	-4 841	-1 076	-5 917	-10 504	-11 204	-12 124
Kultur	11 078	11 905	120	12 024	9 557	9 557	9 557
Kyrkje	5 033	5 203	234	5 437	5 437	5 437	5 437
Finans og fellespostar	-31 135	-37 036	-8 692	-45 728	-55 717	-58 262	-57 362
<b>Sum tenesteområde</b>	<b>380 299</b>	<b>368 903</b>	<b>7 149</b>	<b>376 052</b>	<b>352 086</b>	<b>346 431</b>	<b>344 252</b>
			0				
<b>Sum fordelt (skjema 1A)</b>	<b>380 299</b>	<b>368 903</b>	<b>7 149</b>	<b>376 052</b>	<b>352 086</b>	<b>346 431</b>	<b>344 252</b>

Dei største tenesteområda er pleie- og omsorgstenesta og grunnskule, med barnehage på ein tredje plass. Dei andre tenestene utgjør under 10% av totalen, vist i diagrammet nedanfor. Den %-vise fordelinga endrar seg lite frå år til år.



## 6.1 Politisk verksemd


### Om tenesteområdet:

Politisk verksemd er eit lite, men grunnleggjande rammeområde for ein kommune si rolla i demokratiet. Utgiftene går til løn, godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, frikjøp, refusjonar arbeidsgjevarar, møteutgifter og transport til politikarar og kontrollutval, og tilskot til politiske parti og grendeutval. Tilskotet til politiske parti er overført til fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som har nettsida [www.partistotte.no](http://www.partistotte.no), men kommunen betalar framleis ut eit lokalt tilskot.

Arbeidsvilkåra for folkevalde i Kvam herad 2015-2019 vart vedteke i heradsstyremøte (HST-070/15) 6.10.15, og budsjettframlegget er basert på dette. Ordføraren si løn skal vera tilsvarande som løna til ein stortingsrepresentant. Varaordføraren får ei fast godtgjersla på 10% av ordførargodtgjersla. Leiar for næring, plan og bygg får ei fast godtgjersla på 3,5% av ordførargodtgjersla. Andre politikarar får møtegjerla per møte.

Rådsutval som Ungdomsrådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre høyrer til KOSTRA-tema «Administrasjon», funksjon 180, medan dei andre politiske utvala, som t.d.

Kontrollutvalet høyrer til under dette tema. Hordaland fylkeskommune har sekretariatsarbeidet for Kontrollutvalet, og revisjonen vert utført av Deloitte. Ny politisk organisering vart vedteke av heradsstyre 6.10.15 (HST-071/15):



### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam	Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2014	2014	2014	2014	2014
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr.pr.innb.,konsern	482	449	312	370	345
Brutto driftsutgifter til funksjon 110 Kontroll og revisjon, i kr.pr.innb., konsern	62	129	56	112	108

Kvam ligg noko høgt på funksjon 100 i høve andre, og lågare på funksjon 110. Sidan 2014 er det gjort innsparingar i funksjon 100, medan nivået på funksjon 110 truleg kjem til å auka.


### Utfordringar:

Evt. vedtak om samanslåing av Kvam herad med andre kommunar, har siste frist 1.7.16 i løpet som er lagt opp i kommunereforma. Så langt er det utarbeidd ein rapport med to mogelege alternativ for Kvam herad:

- Samanslåing av Kvam, Jondal og Odda
- Samanslåing av Kvam, Jondal, Odda og Ullensvang.

Rapport om samanslåing av Kvam, Fusa og Samnanger er under utarbeiding.

Avklaring vedr. samanslåingar eller konsekvensar ved å halda fram som eigen kommune, vert ei stor utfordring for politikarar og administrasjon i Kvam og omliggjande kommunar komande år. Målet er at samanslåingane skal vera klare til nytt fylkes- og kommunestyreval i september 2019.



I samband med kommunestyrevalet 2015, kom det inn mange nye politikarar. Det er svært mykje både heradsstyrepolitikarar og andre medlemmer i kommunale utval skal setja seg inn i. Å gje god og tilstrekkeleg opplæring vert ei viktig oppgåva i 2016.

Kvam herad har i 2015 teke i bruk ny programvare for møteavvikling, sakssystem og ein møteportal for politikarar. Å utnytta ny programvare optimalt for effektiv og god sakshandsaming, vert ei anna viktig oppgåva i 2016.

### Mål:

- Ferdigstillast arbeid med kommunereform innan fristane.
- Gje god og tilstrekkeleg politikaropplæring.
- Utnytta nye verktøy for å forbetra og forenkla politisk sakshandsaming.

**Økonomiske rammer:**

<b>Politisk verksemd</b>	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Budsjett 2015, justert</b>	<b>Endring 2015/ 2016</b>	<b>Bud 2016</b>	<b>Bud 2017</b>	<b>Bud 2018</b>	<b>Bud 2019</b>
100 Politisk styring og kontrollorgan	3 592	3 950	-182	3 768	4 106	3 687	4 306
110 Kontroll og revisjon	524	805	196	1 001	981	981	981
<b>Politisk verksemd</b>	<b>4 116</b>	<b>4 755</b>	<b>14</b>	<b>4 769</b>	<b>5 088</b>	<b>4 669</b>	<b>5 288</b>

2015 var valår, som gjev høgare utgifter med sjølve valet og til nye politikarar. I 2016 er det difor ein reduksjon på 0,2 i ulike godtgjersler. I planperioden er det lagt inn ein auke til stortingsvalet i 2017 og nytt fylkes- og kommunestyremøte i 2019. Ordførar får løn i 12 mnd og ikkje feriepengar, med unntak av året etter at ordførarperioden er avslutta. Det ligg såleis ei utgift på 0,1 mnok i 2016 som utgår i resten av planperioden.

Budsjettforslaget til funksjon 110 samsvarer med innstillinga frå Kontrollutvalet. Revisjon aukar med 0,1 mnok og utgifta til sekretariatet er dobla til ca. 144.000 kr. Det er ein liten reduksjon i planperioden for ekstra opplæringsutgifter i 2016.

## 6.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

### Om tenesteområdet:

Rammeområdet administrasjon, styring og fellesutgifter er innholdsrikt og med relativt store variasjonar i løpet av året då nokre av summene vert fordelt på andre tenester i løpet av året. Følgjande tenester vert utført i funksjon 120: Administrativ leiing, politisk sekretariat, merkantile oppgåver, IKT, informasjon, kantinedrift, juridisk og administrativ rådgjeving, innkjøp og økonomiforvaltning, organisasjons- og personalutvikling.

I tillegg har rammeområdet/tema utgifter til eigedomsforvaltning (121) og reinhald, forvaltning, drift og vedlikehald av rådhuset (130).


Ein stor og varierende post under tema, er premieavvik, funksjon 172. Det meste av denne posten ligg i eigen tabell for sosiale utgifter.

Funksjon 180 gjeld utgifter til kommunale råd og utval, beredskapsplanlegging, forsikring og leige av rettslokale.

Funksjon 190 er ein mellombels støttefunksjon for postar som vert fordelt til andre KOSTRA-tema i løpet av året.

Kvam herad deltok hausten 2015 i Agenda Kaupang si samanlikning av kommunar sine administrative stillingar. Undersøkinga viste at Kvam ligg litt over snittet når ein samanliknar administrative stillingar per 1.000 innbyggjarar, og under snittet dersom ein ser dei administrative stillingane opp mot bemanning. Kvam herad har følgjande nøkkeltal:

Kvam herad	
<b>Nøkkeltall</b>	
Innbyggere pr 1.7.2015	8 459
Samlet bemanning - årsverk	681,66
Administrative årsverk - til sammen	30,85
Herav årsverk til administrativ ledelse	3,2
Herav årsverk til stabs- og støttefunksjoner	27,65
Administrativ andel	4,53
Administrative stillinger pr 1.000 innbyggere	3,65
Antall resultatenheter	5
Samlet administrativ støtte i driftsenhetene	3,97



### Utfordringer:

Ei stor administrativ utfordring er å få ressursar og tid til å få iverksetja og prioritert utviklingstiltak for å nå viktige mål for Kvam herad, då mykje av tida går med til krevjande driftsoppgåver.

Kommunen står ovanfor store økonomiske utfordringer, som krev ei rekkje tiltak. Eit av dei er å ta i bruk LEAN som metode for å gjennomgå organisasjon og prosessar. Digitalisering av arbeidsprosessar er og sentralt i komande økonomiplanperiode. Blant anna er kommunen i ferd med å ta i bruk SvarUT som sender alle brev frå kommunen elektronisk til innbyggjarar og andre via altinn.no

Kommunen har allereie hatt fleire store programvareoppgraderingar, og har ikkje fått optimalisert bruken av desse endå. Ei større oppgradering eller ei utskifting av løns- og økonomisystem skal og gjennomførast i 2016. I tillegg skal nettportalen [www.kvam.no](http://www.kvam.no) skiftast ut, nytt avviks- og kvalitetssystem takast i bruk og arkivet verta heilelektronisk.

Det skal lagast ein informasjons-/kommunikasjonsstrategi og eit av tiltaka er å ta del i opplæring i «Klart språk» for å heva kvaliteten i saks- og brevskrivning.

Ny lønspolitisk plan skal lagast og det skal arbeidast vidare med utvikling av medarbeiderskap og leiarskap i Kvam herad. Samstundes som at desse prosessane skal gjennomførast og krev mykje administrasjon, skal talet på administrative årsverk reduserast.

Ei anna administrativ utfordring er prosessen rundt statleggjing av skatteinnkrevinga, som skal handsamast på ny i samband med statsbudsjettet.

Kvam herad har nyleg fått ein ny kommuneplan. Strategi og mål frå denne skal omsetjast i praktisk arbeid i organisasjonen, og tiltak følgjast opp. Det same gjeld for andre nyleg vedtekne planar og strategiar som næringsplan, integreringsplan, helse- og omsorgsplan, digitaliseringsstrategi m.m. Fleire planprosessar skal og gjennomførast, og arbeidet med kommunereforma sin fyrste fase ferdigstillast.

**Mål:**

- Setja i gang LEAN-prosjektet
- Gjera arkivet heilelektronisk
- Ta i bruk SvarUT
- Laga informasjons-/kommunikasjonsstrategi
- Bruka «Klart språk»
- Oppgradera eller skifta ut løns- og økonomisystem
- Skifta ut portalløysing og avviks- og kvalitetssystem
- Laga ny lønspolitisk plan
- Gjennomføra innsparingstiltak
- Arbeida vidare med og ferdigstillar planar i tråd med planstrategi.
- Oppfølging av tiltak i tidlegare vedtekne planar og strategiar.
- Skapa rom for analyse- og utviklingsarbeid.
- Halda fram med leiar- og medarbeiderutvikling.
- Utarbeida grunnlag for politiske saker av høg kvalitet og i god tid.

**Økonomiske rammer:**

Administrasjon og fellesutgifter	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
120 Administrasjon	25 189	26 962	151	27 113	26 138	26 113	26 138
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	1 235	1 144	860	2 003	2 003	2 003	2 003
130 Administrasjonslokale	993	1 752	-513	1 239	916	916	916
172 Pensjon	17	0	-4	-4	-4	-4	-4
180 Diverse fellesutgifter	237	336	196	532	532	532	567
190 Interne serviceeiningar	-523	422	367	789	289	289	289
<b>Adm. og fellesutgifter</b>	<b>27 147</b>	<b>30 616</b>	<b>1 057</b>	<b>31 673</b>	<b>29 875</b>	<b>29 850</b>	<b>29 910</b>

Auken på funksjon 120 er netto berre på 0,2 mnok, men inneheld ei rekkje endringar. Det er lagt inn ein auke på 0,9 mnok for LEAN-prosjektet. Det ligg inne 0,5 mnok i lønsvekst og 0,5 mnok i lønsutgifter for stillingar som mellombels har vore vakante. Del av skatteinnkrevinga er trekt ut med 0,4 mnok. Det er langt frå dei 1,1, mnok som ligg i uttrekk i rammetilskotet i statsbudsjettet i høve nytt framlegg om statleggjing av skatteinnkrevjinga. Det ligg inne 0,5 mnok i innsparingar i innkjøp. IKT-kommunikasjonsutgifter har auka med 0,2 mnok. Samhandlingsreforma er trekt ut med 0,4 mnok, og refusjon frå VAR-området har auka med 0,6 mnok. F.o.m. 2017 ligg ikkje LEAN-prosjektet inne, og ramma er redusert med 0,9 mnok, i tillegg til nokre små justeringar for valårskostnader.

I Funksjon 121 er leiar for FDV lagt inn. I tillegg er det ein prisauke kjøp, slik at auken totalt vert på 0,9 mnok. Det ligg ikkje inne endringar i økonomiplanperioden.

I 2016 vil det verta brukt mindre FDV-personale til rådhuset, og i planperioden ligg det inne ein ytterlegare reduksjon på 0,3 mnok i høve 2016.

Det ligg berre ein liten intern fordeling på funksjon 172, resten ligg i eigen tabell på sosiale kostnader.

Utgifter til ungdomsråd, eldreråd og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har tidlegare vore ført på funksjon 100. Det er no retta til 180, som aukar med 0,2 mnok.

Funksjon 190 skal brukast i minst mogeleg grad, og fordelast ut på dei andre tenestene i løpet av året. I samband med budsjettarbeidet er det imidlertid ein del utgifter ein ikkje veit korleis fordeler seg i løpet av året. Desse vert mellombels plassert på funksjon 190. I 2016 ligg det inne 2 tiltak på denne tenesta: anleggstilskot til fiber i Ålvik (0,2 mnok) og utgifter til kartlegging av tilstand kommunale bygg og vegar (0,5 mnok). På den andre sida ligg det inne ein reduksjon i administrativ stilling på 0,2 mnok og nokre andre mindre reduksjonar som utgjer under 0,1 mnok.



## 6.3 Barnehagar

### Om tenesteområdet:

Barnehagedrifta vert regulert av gjeldande Lov om barnehagar, *Barnehageloven*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementets merknader til paragrafane i lova. Det nasjonale regelverket definerer kva ein barnehage er, stiller krav til det pedagogiske innhaldet og gir nærmare reglar for bemanning, areal og styringsorgan. Formålsparagrafen i Barnehageloven § 1 startar med: *Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*. Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, og skal vera eit trygt og aktivt oppvekstmiljø til barna sitt beste. Innhaldet i barnehagen byggjer på fagkunnskapar om barn sine behov, utvikling og læring. Det er foreldra som har hovudansvaret for utviklinga til barna sine. Med fokus på lek, trivsel og omsorg samarbeider barnehagane med foreldra om å gjera barnehagen til ein positiv utviklingsarena. Barnehageloven § 12 a regulerer retten til barnehageplass.

Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan som skildrar barnehagen sitt pedagogiske arbeid med mål, metodar og aktiviteter. Årsplanen er basert på *Rammeplan for barnehage*. Rammeplanen er ei forskrift til barnehagelova og gjev retningsliner for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Barnehagelova sett krav til bemanning og personell i barnehagen. Styrar og pedagogisk leiar skal ha pedagogisk høgskuleutdanning. Det andre personalet består av assistentar og/eller barne- og ungdomsarbeidarar. Barnehagen vert leidd pedagogisk og administrativt av styrar. Det er styrar og pedagogisk leiar, i samarbeid med det andre personalet, som skal sikre at barnehagen gir eit kvalitativt godt tilbod til barna. Foreldre skal ha høve til å delta og medverke i planlegginga av barnehagen sitt innhald, og det er barnehagen sitt samarbeidsutval som skal fastsetja barnehagen sin årsplan. I samsvar med Lov om barnehagar har Kvam heradstyre vedteke felles vedtekter for dei kommunale barnehagane. Vedtektene inneheld generelle føresegner om drifta, og gir opplysingar som er av særleg verdi for foreldra sitt forhold til barnehagen.

I Kvam er det barnehageplass til alle som har rett til barnehageplass etter barnehagelova, men det er likevel 49 barn på venteliste som ikkje har rett på plass men ynskjer plass innan februar 2016. Barnehageåret 15/16 har fleire av barnehagane utvida avdelingar og Norheimsund barnehage er utvida med eit modulbygg for å gje fleire barn plass ut frå 1.valet sitt. Likevel er det fleire barn på venteliste til fyrstevalet sitt.

Kvam Herad har framleis ei utfordring med å skaffa nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning som barnehagelærar . Pr. oktober 2015 har me 4,9 årsverk på dispensasjon som pedagogiske leiarar fordelt på 10 personar. Om lag halvparten av årsverka på dispensasjon er knytt til 20-40% stillingar for førskulelærarar som har delvis omsorgspermisjon.

I juni 2013 vart det vedteke ny struktur for barnehage, med endeleg godkjenning av økonomisk ramme i september 2014. Tørvikbygd barnehage og Bjørketeigen II skal ferdigstillast fyrst og skal stå klare til august 2016. Byggeprosessen er godt i gang. Norheimsund og Strandebarm skal vera klare til bruk i januar 2017. Det skal utarbeidast ein strategi for samanslåingsprosessane for dei aktuelle barnehagane, i samråd mellom administrasjonen, barnehagane, samarbeidsutvalet og organisasjonane.

Kompetanseheving av faglært og ufaglært personale er viktig for å sikra ein god barnehage. Kvam herad har lagt vekt på eigne samlingar/kurs for personale i barnehagane og kommunen har eit system for vegleing og oppfølging av nyutdanna barnehagelærarar. Det blir gjennomført kursdagar og ulike nettverkssamlingar.

Gjennom tidleg innsats, kompetanseheving og godt systemarbeid klarer Kvam Herad å gje borna ein god barnehagekvardag. Det ligg gode planar til grunn for drifta av barnehagane. Det er etablert eit støttesystem for barnehagane med barnehagelærar, spesialpedagog og logoped som jobbar med tidleg innsats i barnehagane. Dette er eit lågterskeltilbod på både individ- og systemnivå. Den systematiske rettleiinga har som mål å styrka kompetansen hjå personalet i å fanga opp og hjelpa barnehagane til å setja i gang tiltak for barn som har behov for litt ekstra hjelp på eit tidleg stadium. Barnehagane sitt støttesystem og arbeid med tidleg innsats, er eit samarbeid mellom barnehageeigar, styrarane, støttesystem barnehagar og PPT.

Med aukande tal minoritetsspråklege barn i Kvam krev dette tiltak, tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, der Kvam Familie og Læringscenter, KFL, spelar ei vesentleg rolle. Barnehageplass og bruk av morsmålsassistentar er viktige tiltak for god integrering, som ein del av introduksjonsprogrammet for minoritetsspråklege barn og unge.

#### Pedagogisk psykologisk teneste (Sjå budsjettekst for grunnskule om tenesta)

Det er 23 born i barnehage som får hjelp av PPT. 14 av desse borna har vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5.7 i opplæringslova, med eigen utviklingsplan. PPT har eit særskild ansvar for oppfølging og rettleiing kring desse borna. 8 born 3-6 år får behandling og oppfølging av kommuneloped, og i tillegg får mange rettleiing via lågterskellogoped.

#### **Utvalde KOSTRA-tal:**

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	125 118	131 200	126 626	130 055	128 579	129 751
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	86,4	89,4	91	91,1	90,9	90,2
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime	57	57	59	61	58	58
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutd.	81,5	85,2	91,6	95,7	90,9	90
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	6,5	6,3	6,2	6,1	6,1	6,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn (f 211) per barn som får ekstra ressurser, kommunale barnehager	..	118 038	109 729	130 803	91 267	78 741
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager	..	15	12,8	13,9	15,3	17,3

#### **Utfordringar:**

- Å gje alle barn barnehageplass ut frå fyrstevalet sitt
  - Det er eit stort trykk på ynskje om barnehageplass i Norheimsund og Øystese. Ferdigstillinga av nye barnhagebygg er venta å betra dette.
- Å skaffa nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning som førskulelærar.

- Vurdera tidlegare tiltak og evt setta i verk nye.
- Bemanning
  - Få dagen til å henga saman og ha nok tid til kvart einskilt born
  - KOSTRA tal viser at Kvam har noko lågare grunnbemanning i barnehage enn gjennomsnittet.
  - Skaffa tilstrekkeleg med vikarar i indre og ytre deler av kommunen, spesielt ved kortidsfråvær.
- IKT
  - Det er behov for oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk.
- Kampen mot mobbing er ei kontinuerleg utfordring, og krev systematisk arbeid i barnehage og skule. Barnehagane utarbeider ein handlingsplan mot mobbing for å styrka det systematiske arbeidet mot mobbing.
- Minoritetsspråklege barn
  - I barnehagane i Kvam er det eit aukande tal minoritetsspråklege born.
    - ✓ Kapasitet; pågangen til dei sentrumsnærebarnehagane vert stor og for denne gruppa grunna mellom anna busettingsmønsteret. Enkelte barnehagar får svært stor del minoritetsspråklege barn, som kan gje både utfordringar og moglegheiter i høve språkutvikling og integrering, men er i alle høve ressurskrevjande.
    - ✓ Morsmålsassistentar, tilgang og opplæring.
  - Utvikling av introduksjonsprogrammet for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med Kvam Familie og Læringsssenter KFL. Gjennomføring ved ferdigstilling.
    - ✓ Tilgang
    - ✓ Økonomi

#### Mål:

- Rekruttera og behalda barnehagelærarar og fagarbeidarar.
- Rekruttera fleire menn.
- Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
  - Tiltaksplanane som vert utarbeid som etterarbeid etter arbeidsmiljøundersøkinga skal fyljast opp.
  - Jobba systematisk på alle nivå i barnehagane med å få ned sjukefråværet i samarbeid med Grend.
- Gjennomføra strukturendring, bygging av nye barnehagar.
- Sikra at det vert system for utskifting og oppgradering av IT-utstyr i barnehagane til administrativt og pedagogisk bruk. Sjå dette i samanheng med prioriteringar i Digitaliseringsstrategien.
- Ferdigstill arbeid med handlingsplan for barnehage.
- Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagane, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring born som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle barnehagar. PPT og støttesystem er barnehagane sine rådgjevarar i dette arbeidet, men det er barnehagane som eig og skal ivareta systemtenkinga.
- Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med Kvam Familie- og læringsssenter (KFL) . Intensjonen med å etablere KFL er å bidra til betre tverrfagleg

samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen, samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.

- Utarbeida integreringsplan for barn og unge som gjev føringar for god integrering og felles system for mottak av fleirspråklege born i barnehage.

#### Økonomiske rammer:

Barnehagar	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
201 Førskule	37 430	39 606	50	39 656	38 341	36 027	36 027
211 Styrka tilbod til førskuleborn	4 623	3 280	1 967	5 247	5 247	5 247	5 247
221 Førskulelokale og skyss	3 190	3 756	-346	3 410	2 616	2 616	2 616
<b>Barnehagar</b>	<b>45 243</b>	<b>46 642</b>	<b>1 672</b>	<b>48 314</b>	<b>46 205</b>	<b>43 891</b>	<b>43 891</b>

I Budsjett 2016 utgjer lønsauke knytt til sentrale og lokale oppgjør 1,6 mnok for funksjon 201. Vidare er lønsbudsjettet (ekskl. sosiale kostnader) redusert med 0,9 mnok ihht tidlegare vedteke økonomiplan. Tilskotet til Sandven FUS barnehage vert redusert med 0,3 mnok som følgje av endring i forskrift for utrekning av tilskot. I statsbudsjettet er det lagt opp til å auka maksprisen for brukarbetaling med kr. 75,- pr. born/mnd og dette utgjer ei auka inntekt på 0,4 mnok.

I økonomiplan perioden er det lagt inn innsparingar knytt til nye barnehagebygg med 1,3 mnok på løn i 2017. Innsparinga i løn er halvert i 2017 i høve opprinneleg innsparingsplan fordi 2 av barnehagane ikkje står klare før i 2017. Innsparing på løn aukar til 2,6 mnok f.o.m. 2018. F.o.m. 2018 er det forventa 1 mnok i reduksjon i tilskotet til Sandven Fus barnehage som følgje av innsparinga i kommunale barnehagar.

Det ligg inne ein lønsvekst på funksjon 211 på 0,3 mnok. Inntekta er redusert med 1,6 mnok då ekstratilskot frå IMDI er flytta frå funksjon 211 (styrka tilbod) til 201 (grunnskule) fordi borna tilskotet er knytt til, no går på skule.

Husleige på funksjon 221 er redusert med 0,5 mnok som følgje av at ein flyttar ut av leigde bygg og inn i nye barnehagebygg fom.01.08.2016. Det er lagt inn 0,2 mnok til reperasjon av leigde lokale. F.o.m. 2017 går utlegget på 0,2 til reperasjonar ut, og husleiga vert redusert med ytterlegare 0,6 mnok.

## 6.4 Grunnskuleopplæring

### Om tenesteområdet:

Grunnskuledrifta vert regulert av gjeldande Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, *Opplæringslova*, og forskrifter, samt Kunnskapsdepartementet sine merknader til paragrafane i lova. Opplæringslova omhandlar rettar og pliktar for opplæring og skulegang i Noreg. Føremålsparagrafen § 1-1 i Opplæringslova startar med: *Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring*. Opplæringslova § 1-3 omhandlar tilpassa opplæring og tidleg innsats, § 5-1 regulerer retten spesialundervisning, og § 9a-3 omhandlar elevane sitt psykososiale miljø.

Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskulen og i vidaregåande opplæring gjev fundamentet for opplæringa i skule og bedrift. Kunnskapsløftet inneheld; Læreplanar for fag, Generell del av læreplanen, Prinsipp for opplæringa, fag- og timefordeling og tilbudsstruktur. Læreplanen sin generelle del utdjuvar formålsparagrafen i opplæringslova, gir overordna mål for opplæringa og inneheld verdi- og kunnskapsgrunnlaget, og det kulturelle grunnlaget for grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Vaksenopplæringa er heimla i Opplæringslova kapittel 4A, *Opplæring spesielt organisert for vaksne*. Elevane ved vaksenopplæringa skal få høve til å utvikla kunnskap, kompetanse og haldningar som gjer dei i stand til å meistra eigne liv og høve til å delta i skule, arbeid og samfunn. Undervisninga må vera tilpassa brukaren når det gjeld organisering og innhald. Det er viktig at Vaksenopplæringa fremjar samordning og samarbeid med andre deler av det kommunale tenesteapparatet slik at opplæringa kjem den enkelte elev, kommunen og arbeidslivet til gode.

Opplæringslova § 13-10 fastsett at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs heradsstyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane. I Kvam herad skal rapporten leggast fram for heradsstyret i september kvart år.

### Pedagogisk psykologisk teneste (KOSTRA-rapportering under barnehage og skule)

Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6; *Kvar kommune og kvar fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste*. Tenesta skal hjelpe barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Tenesta skal sørge for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det, jfr. §5-1 om retten til spesialundervisning: *Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning*.

I forkant av PPT si sakkunnige vurdering ligg eit arbeid som omfattar samtale med føresette og lærarar, samtale med barnet/ungdomen, observasjonar i barnehage/skulesituasjon, omfattande kartlegging/testing som vurderer både eleven sine individuelle føresetnader i høve læring, samt observere eleven i den kontekst/samanheng han er i på skulen/ barnehagen/ heime. Utgreiinga er tverrfagleg der det er naudsynt, og vert i stor grad gjort i samråd med 2. linjetenestene som t.d. BUP, Statped, HABU/ Haukeland m. fl. Når arbeidet er samanfatta i ein utgreiingsrapport, verta resultatane lagt fram for føresette og skule/hjelpetenester før ein konkluderer i ei sakkunnig vurdering.

KOSTRA-tal for 2013 visar tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning på 15,6 %, mens KOSTRA-tal for 2014 er talet 7,9%. Dette har me fått til mellom anna fordi midlane frå spesialundervisninga er brukt til å byggja gode støttesystem i skulane. Det er svært viktig at dei

elevane som ikkje har vedtak på spesialundervisning lengre, vert følgt særskilt opp. Støttesystemet skal dekke desse elevane, dei elevane som framleis har vedtak og dei med utfordringar som kan takast i vare her utan vedtak. Målet er at arbeidet med Inkluderande læringsmiljø skal koma alle elevane til gode.

Elevtal pr. oktober 2015 var 1031 mot 1029 i oktober 2014. Grunnskulen i Kvam har høgare enn netto driftsutgifter pr. innbyggjar 7-15 år enn kommunegruppa, fylket og landet. Noko av forklaringa på dette er den vedtekne skulestrukturen. Vidare har Kvam fleire minoritetsspråklege elevar enn gjennomsnittet for kommunegruppa, fylket og landet. Dette gjev auka kostnader til norskopplæring og tilpassa opplæring for desse elevane. Grunnskulen i Kvam er i gang med ei prosess for få ned kostnadsnivået og det er viktig at ein får tid til å gjennomføra dette omstillingsarbeidet på ein god måte ved mellom anna å styrka kompetansen i skulane og gje dei verktøy slik at me framleis kan gje eit godt opplæringsstilbod til alle elevane innanfor lågare økonomiske rammer.

Hovudmålsettinga i Kvammaskulen er eit *Inkluderande læringsmiljø*. Dette omfattar den faglege opplæringa og det psykososiale miljøet, og skal sikra at elevane er inkluderte både fagleg og sosialt. Mobbing er ei kontinuerleg utfordring der menneske samlast. Systematisk arbeid med læringsmiljøet har dokumentert positiv effekt i høve mobbing. Skular med eit godt inkluderande læringsmiljø, fagleg og sosialt med fokus på relasjonar og meistring, har lite mobbing.

Det har dei siste åra vore arbeida målretta med å redusera tal elevar med vedtak om spesialundervisning, og samstundes sikra at elevane vert møtt på sitt nivå, at dei opplev meistring og har eit forventa læringsutbyte. I nært samarbeid mellom PPT og skulane, med fokus på systemisk arbeid, er det utvikla støttesystem ved skulane som skal ta i vare elevane sine behov på eit tidleg stadium. Det er utforma ein modell for organisering av støttesystemet som samlar kompetanse og personar i eit fleksibelt system direkte knytt til elevane. Viser til Tilstandsrapporten s 34.

Skulane foreddar sin kompetanse gjennom fagleg påfyll og lærande nettverk, og utviklar seg som lærande organisasjon. Gjennom vurdering for læring og arbeidet med lesing som grunnleggjande dugleik, har skulane utvida sitt repertoar av metode, didaktikk og prinsipp for forskingsbaserte læringsaktivitetar og relasjonsbygging. Den kompetansen som er opparbeida vert følgt opp i det vidare arbeidet ved skulane, og skal vera ein del av praksisen i Kvammaskulen. Ved refleksjon over eigen praksis og elevane si læring, vil dette bidra til å styrka den tilpassa opplæringa. Viser til Tilstandsrapporten s 33.

Skulane arbeidar med VOKAL som er eit nettbasert system for vurdering og kartlegging, slik at lærarar kan gje tilpassa undervisning og betre oppfølging av den einskilde eleven. Skuleeigar og skuleleiinga er i gang med implementeringsspakka til PULS, som er eit leiingsverktøy med fokus på å tolka og analysa resultat på ein organisasjonsutviklande måte. Elles er IKT i skulen er eit område som ligg langt under ønska tilstand. Det er eit positivt samarbeid mellom IKT-avdelinga og IKT-ansvarlege ved skulane. For å kunne følgja den digitale utviklinga i samfunnet elles så er det sterkt behov for å auka maskinparken både i grunnskulen og vaksenopplæringa. Skal me vera ein framtidsretta skule, og følgja med på den digitale utviklinga i samfunnet elles, så er det langt fram til ønske tilstand. Maskinparken vert fort forelda, og maskinane vert gjerne utdaterte og utslitte etter om lag tre år. Difor må det kontinuerlege investeringar til, slik at det ikkje primært handlar om å auke tal maskinar, men der det i større grad handlar om utskifting

og oppgradering. Pr i dag er det økonomien som bremser den digitale aktiviteten i skulen meir enn kunnskapen. Viser til Tilstandsrapporten s 40.

Vaksenopplæringa har eit tydeleg samfunnsmandat. I Kvam herad har VO ansvar for:

1. Vaksne sin rett til grunnskuleopplæring etter § 4A-1 i Opplæringslova. Her er det 8 elevar i Kvam pr i dag. Dette talet vil auka gjennom året.
2. Vaksne sin rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område etter § 4A-2. Her er det 25 elevar i Kvam pr i dag.
3. Vaksne innvandrarar sin rett og plikt til norskopplæring etter *Lov om introduksjonsordning*. Her er det om lag 70 elevar i Kvam pr i dag.

Vaksenopplæringa vidareutviklar det lovpålagte tilbodet om grunnskuleopplæring og det vert gjennomført realkompetansevurdering på grunnskulenivå.

Viser til Tilstandsrapporten s 38.

Med aukande tal minoritetsspråklege elevar i Kvam krev dette tiltak, tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, der Kvam Familie og Læringscenter spelar ei vesentleg rolle. Gjennomføring av introduksjonsskule og bruk av morsmålsassistentar er viktige tiltak for god integrering, som ein del av introduksjonsprogrammet for minoritetsspråklege barn og unge. Viser til Tilstandsrapporten s 37.

#### Pedagogisk psykologisk teneste

På systemnivå har PPT siste åra vore sentral i skulane og barnehagane sine store utviklingsprosessar, særleg knytt til halvering av spesialundervisninga i Kvam, og oppbygging av nye støttesystem. (Sjå under budsjett-tekst bhg og skule). PPT har ei sentral rolle i å kvalitetssikra systemtenkinga i barnehagar og skular, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring tidleg innsats/born som treng ekstra støtte, vert drive likt i kommunen. PPT og støttesystem er barnehagane og skulane sine rådgjevarar i dette arbeidet, men det er barnehage/skule som eig og skal ivareta systemtenkinga. På individnivå arbeider PPT aktivt med 239 tilviste born i alderen 0-16 år i Kvam, pr. okt 2015. I tillegg kjem 46 vaksne klientar i høve logopedbehov og rett til spesialundervisning i vaksenopplæringa.

#### **Utvalde KOSTRA-tal:**

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	97 645	100 682	87 747	80 798	81 150	80 828
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	6 722	6 471	5 118	4 152	4 026	4 354
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring (213), per innbygger	627	797	225	189	203	233
Andel elevar i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	7,7	7,8	3,5	6,6	5,5	7,2
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	15,6	7,9	8,4	7,7	8,1	8,0
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen	1 460	1 435	1 585	1 450	1 412	1 395
Driftsutgifter til inventar og utstyr (202), per elev i grunnskolen	385	1 014	760	961	880	931
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	11,2	11,9	12,3	14,0	13,6	13,8

## Utfordringar:

- Kompetanseheving, utvikling og endringsarbeid
  - Vidareutvikla støttesystemet i skulen
    - ✓ Utvikla støttesystemet i skulen slik at det fungerer etter målsettinga, gjennom kompetanseheving og gode strukturer.
    - ✓ Sikra at elevane får den opplæringa dei har rett på gjennom det nye systemet, og sikra at endringsarbeidet faktisk inkluderer alle elevane.
  - Sikra at vurdering for læring og skulebasert kompetanseutvikling sett tydelege spor i opplæringa til elevane.
- Kostnadene i grunnskulen
  - Kvam ligg godt over gjennomsnittet i kostnad pr. elev i grunnskulen, og arbeidet med å få ned kostnadane er i gang, men det tar tid å gjennomføre gode endringsprosessar og her er det og viktig å bygge opp kompetanse og verktøy for å sikre fortsatt godt tilbud til alle elevane i skulen. Det vert arbeida målretta med langsiktige tiltak for å styrka læringsmiljøet og den pedagogiske analysekompetansen slik at skulane vert robuste inn i desse prosessane.
- Kampen mot mobbing er ei kontinuerleg utfordring, og krev systematisk arbeid i skule og barnehage. Skulane arbeider systematisk med handlingsplan mot mobbing, § 9A i opplæringslova.
- Minoritetsspråklege elevar
  - I Kvammaskulen er det eit aukande tal minoritetsspråklege elevar
    - ✓ Mange minoritetsspråklege samla på ein skule kan gje kan gje både utfordringar og moglegheiter i høve språkutvikling og integrering, men er i alle høve ressurskrevjande.
    - ✓ Morsmålsopplæring, tilgang og kompetanse.
    - ✓ Morsmålsassistentar, tilgang og opplæring.
  - Utvikling av introduksjonsprogrammet for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med Kvam Familie og Læringscenter KFL. Gjennomføring ved ferdigstilling.
    - ✓ Tilgang
    - ✓ Økonomi
- Sikra nok ressursar ved aukande tal vaksne med rett til grunnskuleopplæring.
- Manglande og utdatert utsyr innan IKT i skulen.

## Pedagogisk psykologisk teneste

- Arbeidskrav – mange komplekse saker, stort behov for koordinering av arbeid kring born/unge ut over PPT sine lovpålagte oppgåver.
- Nasjonale føringar som seier at PPT skal arbeida med tidleg innsats utfordrar arbeidsmengda i høve sakkunnig arbeid. Ei vidareføring av støttesystem vil på sikt redusera tal tilviste born til PPT, men midt i omstillinga vert arbeidet dobla.
- Samkøyre utviklingsarbeidet i barnehage og skule ut frå prinsipp om tidleg innsats og tilpassa opplæring for eit godt læringsmiljø.
- Midlar til kompetanseheving internt i PPT kring born med særskilde diagnosar, samt opplæring av tilsette i barnehage og skule.
- Tverrfagleg koordinering i samansette saker utan Individuell Plan.



## Mål:

- Finna langsiktige tiltak for å styrka læringsmiljøet og den pedagogiske analysekompetansen slik at skulane vert robuste i arbeidet med Inkluderande læringsmiljø.
- Inkluderande læringsmiljø: Sikra at endringsarbeidet lukkast.
  - Vidareføre det målbevisste arbeidet for å senka tal vedtak om spesialundervisning, styrka tilpassa opplæring, og ta i vare alle elevane i eit inkluderande læringsmiljø.
  - Vidareutvikla støttesystemet ved skulane, og samarbeidet mellom PPT, skule og skuleeigar.
  - Fokusera vidare på vurdering for læring og lesing som grunnleggjande dugleik, for å styrka den tilpassa opplæringa. Det er eit mål at både lærarar, elevar og foreldre innan 2 år kan seie at i skulen i Kvam jobbar me ut frå prinsippa i vurdering for læring, og at dei har tileigna seg grunnleggjande dugleikar og strategiar for lesing i alle fag.
- Sosialt miljø:
  - Følgja opp skulane sine handlingsplanar i arbeidet med nulltoleranse mot mobbing.
  - Sjå det sosiale miljøet i samheng med eit inkluderande læringsmiljø.
- Prioritera satsing på IKT i skulen, som første steg av satsinga i tråd med digitaliseringsstrategien:
  - Tal maskinar: Målet er 1:1 på u-steg (helst frå 5. steg) og 2:1 på småskulen.
  - Digitale tavler i alle klasserom.
  - Opplæring i digital programvare.
  - Textpilot til alle som treng det.
  - Vaksenopplæringa; dobla tal maskinar og få digitale tavler i klasseromma. har og behov for maskinar både i opplæringa og gjennomføring av testar og eksamen.
- Utvida tilbodet om grunnskuleopplæring i vaksenopplæringa.
- Vidareutvikla system for kvalitetsoppfølging i skulane, følgja opp arbeidet med 1310.no og implementera VOKAL og PULS.
- Utarbeida introduksjonsprogram for minoritetsspråklege barn og unge i samarbeid med KFL.
- Styrkja det tverrfaglege samarbeidet gjennom tett samarbeid med KFL .Intensjonen med å etablere Kvam familie og læringssenter er å bidra til betre samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen samt styrkja kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.
- Oppretthalda og kvalitetssikra systemtenkinga i skulane i Kvam, slik at rutinar, prosedyrar og gjennomføring kring born som treng ekstra støtte, vert drive likt i alle skular. PPT har til no vore mest aktive i omstillingsarbeidet på systemplan, men framover skal Kvam Familie- og læringssenter vera skulane sine rådgjevarar i dette arbeidet.

## Pedagogisk psykologisk teneste

- At PPT kan arbeida målretta i samråd med barnehage og skule i eit felles system som tek i vare tidleg innsats og barnehage/ skule sitt systematiske vurderingsarbeid som gjev rett hjelp til rett tid, og der hjelpetenestene i KFL har sin plass og faste møtepunkt som tek i vare det tverrfaglege perspektivet.
- At PPT kan utføra lovpålagde oppgåver utan ventetid for born/foreldre.
- Prioritera og utvikla tenesta i samsvar med nasjonale satsingar .
- Behalda høgt kvalifiserte fagfolk som er endringsviljuge og nytenkjande.
- Ta del i KFL sitt tverrfaglege utviklings- og omstillingsarbeid for å gje rett tiltak til rett tid

**Økonomiske rammer:**

Grunnskule	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
202 Grunnskule	82 357	84 111	825	84 936	84 334	83 857	83 419
213 Vaksenopplæring	5 007	5 143	-445	4 698	4 698	4 698	4 698
215 Skulefritidstilbod	1 376	1 542	44	1 585	1 585	1 585	1 585
222 Skulelokaler	9 960	6 794	1 095	7 890	7 490	7 490	7 490
223 Skuleskyss	3 741	3 250	1 077	4 327	4 327	4 327	4 327
383 Musikk- og kulturskular	3 400	4 140	263	4 403	4 203	4 203	4 203
<b>Grunnskule</b>	<b>105 841</b>	<b>104 980</b>	<b>2 858</b>	<b>107 838</b>	<b>106 636</b>	<b>106 159</b>	<b>105 721</b>

For funksjon 202 utgjer lønsauke knytt til sentrale og lokale oppgjer 2 mnok i 2016 i høve 2015. Funksjon 202 grunnskule har ei auke i øyremarka tilskot frå IMDI på 1,6 mnok og ei netto auke i utgifter knytt til elevar til/frå andre kommunar på 0,3 mnok.

I økonomiplanen ligg det inne eit innsparingskrav på 1,4 mnok ekskl. sosiale utgifter i 2017. Eit tilskot å 0,8 mnok fell vekk. I 2018 vert innsparinga på grunnskule auka til 2,6 mnok og bortfall av ekstratilskot frå IMDI aukar til 1,5 mnok. I 2019 vert innsparinga på grunnskule auka til 3 mnok.

Vaksenopplæringa har ein reduksjon på 0,45 mnok knytt til spart husleige som følgje av flytting inn i kommunale bygg og auke i tilskot frå staten.

Auken på 1,1 mnok knytt til skulelokale har samanheng med intern fordeling av reinhaldsutgiftene. I økonomiplanperioden er det lagt inn innsparingar på 0,4 mnok på FDV.

Skuleskyss aukar med 1,1 mnok, 0,4 av desse er knytt til skuleskyss frå Gravdal til Hatlestrand, resten er oppjustering av for lågt budsjett i 2015 samt endring i tal elevar som har rett på skuleskyss.

For musikk- og kulturskulen er auken knytt til lønnsauke på 0,1 mnok og aktivitetsauke som vert finansiert av fond med 0,2 mnok. Denne aktiviteten fell ut f.o.m. 2017.

## 6.5 Kommnehelse

### Om tenesteområdet:

Folkehelse er samfunnet sin innsats for å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel hos befolkninga, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som vernar mot helsetruslar, samt arbeidet for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa ( Folkehelselova).

Folkehelselova vart gjort gjeldande frå 1.1.2012. Kvam har folkehelsekoordinator i 100% stilling og stillinga er organisert i eining for Samfunn og utvikling. Folkehelsekoordinator sine oppgåver er mellom anna: planarbeid, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, utforming av søknadar, koordinering, planlegging og gjennomføring av tiltak innan ulike temaområde som til dømes psykisk helse, trafikkførebygging, rusførebygging, levevanar, friluftsliv m.m.

Alle kommunar skal utarbeida oversikt over folkehelsa i kommunen. Folkehelseoversikta skal oppdaterast årleg og rullerast kvart 4. år. Kvam si oversikt vil vera klar innan utgangen av og skal vera med å danna grunnlaget for arbeidet med planstrategien.

Det lovpålagde ansvaret for kommunalt folkehelsearbeid er heilskapleg og omfattar både kommunal, privat og frivillig sektor. Målet er å utvikla eit samfunn som legg til rette for helsegunstige val, fremjar tryggleik og medverknad for den enkelte, førebyggjer sjukdom og skade og legg til rette for gode bu- og oppvekstvilkår.

Helsestasjon - og skulehelsetenesta i Kvam herad er organisert i eining for oppvekst og er ei av tenestene i KFL (Kvam familie og læringsssenter). Tenesta har nært samarbeid med eining helse- og omsorg. Tenesta har 6,75 årsverk inkludert leiar. Tenesta har base ved Norheimsund helsestasjon med utekontor i Strandebarm, Ålvik og Øystese.

Ei av dei viktigaste oppgåvene i kommunen er å leggja til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge. Det er viktig i seg sjølv og avgjerande for helsa seinare i livet.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta skal vera eit allment tilbod til gravide, barn og ungdom i alderen 0-20 år og deira foreldre. Hovudoppgåvene er helseundersøkingar, vaksinasjonar, opplysning, råd og rettleiing. Tiltak for å styrkja eigenmeistring hos barn og unge og korleis foreldra meistrar foreldrerolla, er også sentralt i arbeidet. Helsestasjonstenesta har eit heilskapleg perspektiv på førebygging og skal difor driva tverrfagleg arbeid.

Arbeidet vert utført av helsesøster, jordmor, lege og fysioterapeut. Det skal vera lett å oppsøkje tilbodet i helsestasjon og skulehelsetenesta, og brukarane skal oppleva at dei vert tekne på alvor med små og store helseproblem og utfordringar.

Helsestasjonen har oppgåver knytt til smittevernarbeid i kommunen, t.d. tuberkulosekontroll, reisevaksine og influensavaksining.

Tenesta når alle familiane i kommunen i ein tidleg fase i livet. Både nasjonalt og lokalt er tenesta av den grunn eit satsingsområde.

Ergo- og fysioterapitenesta gjev kurative og førebyggjande tenester til personar i alle aldersgrupper. Tenesta har høg fagleg kompetanse, og fleire av dei tilsette er spesialistar. Det er utarbeidd temaplan for ergo- og fysioterapi - tenesta i Kvam.

Ergo- og fysioterapitenesta i Kvam er ein sentral del av den kommunale habiliterings- og rehabiliteringstenesta. Dei gjev tilbod til personar i alle aldrar og til ulike brukargrupper. Ergoterapi, barnefysioterapi og fysioterapi til brukarar med samansette behov eller store funksjonsnedsetjingar er organisert med kommunale fysioterapeutar. Det er privatdrivne fysioterapi - institutt i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm, men kommunen gjev tilskot til drifta i form av driftstilskot. Ergo- og fysioterapitenesta har brei kompetanse og er ein svært viktig basisressurs i helse- og omsorg. Fleire av fysioterapeutane har spesialisert seg innan ulike fagområde og har lang erfaring. Dei har både førebyggjande oppgåver og pasientbehandling.

- 1 ergoterapistilling med oppgåver i heile kommunen med hovudvekt på eldre og vaksne.
- 5,85 fysioterapidriftstilskot delt på 5 institutt. Det er institutt i Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Ålvik.
- 4,2 fastløna fysioterapistillingar og 1 turnuskandidat. Dei kommunale stillingane er fordelt på oppgåver i rehabiliteringavdelinga, tilbod til eldre og barnefysioterapi . Barnefysioterapi er ein del av helsestasjon- og skulehelsetenesta.

Tenesta kommunepsykolog er organisert i eining for Oppvekst og ei av tenestene i Kvam Familie og Læringscenter ( KFL). Kvam har avtale med Jondal kommune som kjøper 30% kommunepsykolog frå Kvam ( avtale t.o.m. 30.06.2016). Kommunepsykologen har base i «Gamlebanken» samlokalisert med PPT og barnevern.

Det klientretta lågterskel-tilbodet er heimla i Helse- og omsorgslova under førebyggjande og helsefremjande arbeid. Tilbodet skal bidra til at målgruppa får rask vurdering av behovet for psykisk helsehjelp og «rett hjelp til rett tid». Tenesta har ikkje krav til formell tilvising, og det skal vera lett å ta kontakt med kommunepsykologen. Oppgåvene kan vera psykisk helsehjelp (behandling) av kortare omfang, støttesamtalar, rettleiing til føresette, barnehagar/skular og andre kommunale hjelpetenester i og utanfor KFL. 1.juni 2015 fekk psykologar tilvisingsrett til psykisk helsevern.

Fastlegar og barnevernstenesta har også tilvisingsrett.

Tenesta har årleg kontakt med 40-50 nye barn, unge og familiar, i tillegg til at om lag like mange har oppfølging i periodar, nokre få over fleire år. Grunnar for kontakt kan mellom anna vera uro for den psykiske helsa, teikn på psykiske plager, belastningar i familie, skule eller nettverk, akutte hendingar.

Legetenesta famnar om alt frå kurativ legeteneste, allmenntedisinske offentlege oppgåver og samfunnsmedisinske oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Dette er lovpålagde tenester og basisfunksjonar som er avgjerande for å skapa framtidsetta, fagleg forsvarlege og likeverdige helse – og omsorgstenester av god kvalitet.

Alle fastlegane er spesialistar i allmenntedisin.

Kommuneoverlege og sjukeheimslege er tilsett i heile stillingar, og begge er spesialistar.

Kommuneoverlegen er leiar for tenesta.

#### **Kurativ verksemd – fastlegetenesta**

Alle som bur i kommunen har rett til ein fastlege. I Kvam er det legekontor i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm som tilbyr denne tenesta. Totalt er det 10 fastlegar, ein i Ålvik, 5 i Øystese og 4 i Norheimsund. I Norheimsund er det også ein turnuslege. Dei tre nemnde kontora er privatdrivne med basistilskot frå kommunen. Strandebarm legekontor vert drive som kommunalt utekontor. 4 legar deler på arbeidet i Strandebarm. Saman med legane arbeider det til saman 10 helsepersonell i ulike stillingsstorleikar ved legekontora.

#### **Allmenntedisinske offentlege oppgåver**

Kvar einskild fastlege kan tilpiktaast å ta del i arbeid med sjukeheimsmedisin, skulehelseteneste og helsestasjon i inntil 7,5 time pr. veke i full stilling. Kommunen har prioritert å ha legane med på dei ulike arenaane innan helse og omsorg og legg praktisk til rette for at dei kan vera det.

#### **Samfunnsmedisinske oppgåver - kommuneoverlege**

Kommunen skal ha ein eller fleire legar som medisinsk rådgjevar. Funksjonen skal ivareta oppgåver som plan -, system -, beredskaps -, smittevern - og miljøretta helsevernarbeid.

Samfunnsmedisinsk kompetanse er også nødvendig i interkommunalt samarbeid og samarbeid med spesialisthelsetenesta om helse og omsorgstenester, t.d. arbeid med samarbeidsavtalar og tenesteavtalar, prosjekt og prosessarbeid.

#### **Legevakt**

Kommunen si legevaktordning skal sikra innbyggjarane sine behov for øyeblikkeleg hjelp-tilbod heile døgnet og er ein del av den allmenne beredskapen i kommunen.

Kvam legevakt er lokalisert ved Kvam lokalmedisinske senter og består av Kvam legevaktsentral og legevaktlokala. I opningstida ved fastlegekontora fungerer legekantora som legevaktlokale. Ein vakthavande lege skal vera tilgjengeleg i naudnettet heile døgnet.

I tillegg til legane er det tilsett 7 sjukepleiarar ved legevakta.

Kommunen samarbeider med nabokommunane, føretaket og andre lokale døgntenester, t.d. brann og redningstenesta og helse og omsorgstenesta elles for å sikra gode løysingar for akutttilbodet gjennom avtalar.

Alkohol og servering- tidlegare skjenkekontrollen er i dag ein del av eining for samfunn og utvikling, og lokalisert på rådhuset. Avdelinga har i dag fire fast tilsette, som gjennomfører kontroll i alle dei elleve medlemskommunane, Eidfjord, Odda, Voss, Granvin. Ullensvang, Vaksdal, Kvam, Jondal, Fusa, Samnanger og Ulvik.

Alkohol og servering gjennomfører sakshandsaming for Kvam og rådgjev dei andre kommunane i samarbeidet.

I området som er omfatta av samarbeidet er det 200 løyve som skal kontrollerast, 74 skjenkestader og 134 butikkar. Butikkane vert kontrollert på dagtid og skjenkestadane vert kontrollert i helgane og om kveldane.

Skjenkekontrollen driv jamleg med kurs og opplæring i kommunane.

#### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	2257	2 879	2 153	1 975	2 056	2 098
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	100	103	88	93	86	82
Andel spedbarn som har fullført helseundersøkelse inn en utg. av 8. leveuke	100	103	101	99	99	99
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 2-3 års alder	88	99	102	100	99	98
Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder	97	101	94	101	97	96
Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn	98	96	102	96	95	94
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	69,4	52,9	74,0	64,5	64,7	62,4
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte. Funksjon 232	85,1	90,9	74,8	49,4	53,0	48,7
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste.	9990	12 404	9 819	7 394	8 261	8 137

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,6	11,6	11,2	9,7	10,4	10,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,1	13,0	9,6	8,5	9,0	8,9
Brutto driftsutgifter pr. innbygger. Funksjon 232, 233 og 241	3 704	3 990	3 354	2 814	2 895	2 873
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	2,2	2,8	2,8	3,8	3,5	3,6
Årsverk til rehabilitering pr. 10 000 innbyggere (khelse + plo)	9,5	9,3	12,1	12,0	11,8	11,5
Årsverk av kommunale fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 232, 233, 241 og 253.	6,3	6,1	3,5	3,5	3,4	3,4
Gjennomsnittlig listelengde	899	889	994	1 158	1 108	1 132

### Utfordringar:

- Utfordringar for folkehelsearbeidet er at det ofte tek svært lang tid frå ein set i verk tiltak til resultat kjem. Tida kan vera månader, år og tiår.
- Innvandring aukar mangfaldet i befolkninga, og dialogen mellom helsestasjonen og foreldre står framfor nye utfordringar. Ved auke i tal flykningar som kjem til kommunen, vil det vera svært viktig å vera rusta til å møte dei nye utfordringane
- Det er forslag frå sentrale helsemynde at helsesøster og jordmor skal kunne skrive ut prevensjon til alle kvinner. Føremålet er å få ned aborttala.
- Nasjonale tal viser at 15 – 20 % av barn/unge i alderen 3 - 18 år har psykiske vanskar som fører til nedsett funksjon. 8 % har ei psykisk lidning. Truleg er det slik i Kvam og. Både nasjonalt og lokalt er det ei satsing for å møte denne utfordringa.
- Rekruttering av helsesøster og jordmor som bur i kommunen vår i framtida.
- Ha nok ressursar til kompetanseheving for å møte framtidige forventningar og krav i tenesta.
- Etter innføring av Samhandlingsreforma har tenesta fått nye oppgåver som set større krav til kompetanse, ressursar, fleksibilitet og tilgjenge. Det er utfordringar knytt til tidlegare utskrivning frå sjukehus og meir krav om førebyggjande arbeid i alle aldersgrupper.
- Temaplanen for ergo- og fysioterapitenesta peikar på at det ikkje er samsvar mellom kapasitet i tenesta og brukarbehov. I tillegg til tidlegare utskrivning frå sjukehus og krav om rask responstid, opplever tenesta at fleire får ortopediske operasjonar med krav om rask opptrening (t.d. hofte- kneprotese, skulderoperasjonar).
- Det er i periodar lange ventelister, og det er pasientar med kronisk sjukdom som då vert nedprioritert og må venta på behandling.
- Det er krav om meir fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid, og det er ynskje om å styrkja ressursen til barnefysioterapi.
- Det er viktig å ha nok institusjonsplassar slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot og utvikle rehabiliteringstilbodet.
- Tilbodet skal ikkje overta for tenester i «første rekkje» som barnehage og skule, fastlege, helsestasjon/skulehelsetenesta og utekontakt, men bidra med kompetanseheving og rettleiing slik at dei i størst mogleg grad kan bidra med tidleg innsats.
- Barn, unge og familiar med innvandrar- og flykningbakgrunn er underrepresenterte. Korleis nå dei og har dei spesifikke behov ?
- Stor pågang frå ungdom. Dei søker sjeldan hjelp på eiga hand, og har behov for tilbod som er lett tilgjengeleg med kort ventetid. BUP Voss har ofte lengre ventetid og reiseavstand, og elevane går glipp av undervisning. PPT for vidaregåande skular sitt psykologtilbod er lite innretta mot å gje psykisk helsehjelp, men meir mot pedagogisk psykologiskrådgjeving. Tenester for ungdom i alderen 16-20 generelt er fragmenterte. Koordinert støtte og hjelp til denne aldersgruppa er ei tverrfagleg utfordring i kommunen
- Behov for samordning av oppgåver, ansvar og samarbeid mellom psykologen i PPT og kommunepsykologen i avdeling Rus og psykisk helse (ROP), der målgruppa ervaksne.
- Utvikla tettare samarbeid mellom fastlegekontora og dei andre helse – og omsorgstenestene i Kvam, særleg i Ålvik og Strandebarm som utekontor
- Vidareføra og leggja til rette for fleksibilitet i avtaleform med omsyn til praksis og allmennmedisinske offentlege oppgåver
- Vidareutvikla e - meldingar både med samarbeidspartar lokalt og eksternt
- Vidareutvikla bruken av kjernejournal på fastlegekontor og legevakt

- Fullføra innføringa av og drifta naudnett vidare
- Etablera og drifta øyeblikkeleg hjelp seng
- Etablera og drifta det interkommunale legevaktsamarbeidet
- Utvikla system for arbeidet med miljøretta helsevern i kommunen
- Fylgja opp forskriftsfesta kompetansekrav både til lege i vakt og helsepersonellet ved legevakta/legevaktsentralen
- 6 av 12 legar vil i løpet av 2016 vera over 60 år. Det er viktig å planleggja ny-rekruttering av legar til Kvam.
- Utfordringa er få kontrollert nok og representativt i helgane, då det er på dert tidspunktet det er stor aktivitet på skjenkestadane.
- Frå 01.01.2016 er det eit krav at det skal vera to personar på kontrolloppdrag.

#### **Mål:**

- leggja til rette for å skapa god helse og trivsel for kvenningane gjennom direkte og indirekte påverknad
- vidareutvikla eit systematisk og tverrsektorielt folkehelsearbeid
- etablera folkehelsegruppe på tvers av sektorar og einingar
- leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse
- gje informasjon, råd og rettleiing om helsevenlege val
- leggja til rette for tiltak som er opne for alle
- laga plan mot barnefattigdom
- vidareføra tilbodet « Ferie for alle»
- skapa uorganiserte/ uformelle møtestader
- bidra til å etablera utstyrssentral for utlån av utstyr som sykkel, ski m.m.
- Lett tilgjengeleg helsestasjon - og skulehelseteneste for alle, drivne i tråd med gjeldande lovverk, retningslinjer og rettleiarar
- Tilby lågterskeltilbod for ulike målgrupper, t.d. jente- og gutegrupper
- Vidareutvikla og etablera nye førebyggjande tenester i tråd med nasjonale føringar
- Vidareutvikla tverrfagleg samarbeid gjennom etablering av KFL
- Vidareutvikla samarbeid med eksterne samarbeidspartar som t.d. vidaregåande skule
- Utvikla tverrfagleg samarbeidsmodell for gravide med rusrelaterte og psykiske vanskar
- Delta i faglege nettverk
- Rekruttera og behalda kvalifisert personell
- Ha lett tilgjengelege tenester innan rehabilitering og habilitering og driva i tråd med lov og forskrift
- Fortsetje å prioritere at eldre kan bu heime lengst mogleg med god livskvalitet
- Ha meir fokus på førebyggjande arbeid retta mot born og unge
- Implementera arbeidsmetoden Kvardagsrehabilitering i heimetenesta
- Tilretteleggja for lågterskeltilbod for ulike målgrupper
- Etablera gruppetilbod, t.d. balansetrening, fallførebygging, bassentrening, fritidsaktivitetar
- Vidareutvikla samhandling internt og med andre i tråd med særavtalar og nettverk
- Gjennomføra informasjon og haldningsarbeid
- Gjennomføra kompetansehevingstiltak
- Beta organisering av det individretta tilbodet i form av større integrering i KFL

- Ta del i KFL sitt utviklings- og omstillingsarbeid for å «gje rett hjelp til rett tid» - gjeld tenester i «første rekkje», samordning av tilboda til ungdom, fleire gruppetilbod.
- Saman med andre hjelpetenester i KFL; kartleggja flyktning- og innvandrarfamiliar sitt behov for psykisk helsehjelp, og leggja betre til rette for at dei få den hjelpa dei treng
- Beskriva og vidareutvikla kva og korleis psykologane i Kvam herad kan bidra med kunnskap og kompetanse utover å gje individuell hjelp, i og utanfor organisasjonen; undervisning, veiledning, konsultasjon, gruppetilbod, tilbod til befolkninga.
- Godt og tett samarbeid mellom brukarar og helse – og omsorgstenestene med tilgjengelege og velkvalifiserte fastlegar som kan gje tilbod til brukarane og andre kommunale tenester, der brukarane er
- Tettare samarbeid mellom og om hjelpepersonell innan helse og omsorg
- Eigen legevaktstasjon og legevaktssentral i Kvam som del av Hardanger og Voss legevaktdistrikt
- Fagleg forsvarleg og effektiv samhandling i ØH – situasjonar
- Attraktive arbeidstilhøve som får legar og andre helsearbeidarar til å verta verande og rekrutterer unge legar og helsearbeidarar til legetenesta i Kvam
- Gjennomføra opplæring i uttrykningskøyring for legane
- Arbeida for meir samarbeid og opplæring med løyvehavarane framfor kontroll og straff.
- Arbeida for tettare samarbeide med kommunane, og arbeida for utvikling av felles sakssystem.

#### Økonomiske rammer:

Kommunehelse	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
232 Førebyggjing - skule og helsestasjonsteneste	5 021	7 750	-897	6 853	6 853	6 853	6 853
233 Anna førebyggjande helsearbeid	2 503	2 931	-649	2 282	2 282	2 282	2 282
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	13 947	13 578	1 987	15 565	15 565	15 565	15 565
<b>Kommunehelse</b>	<b>21 471</b>	<b>24 259</b>	<b>441</b>	<b>24 700</b>	<b>24 700</b>	<b>24 700</b>	<b>24 700</b>

1 mnok er flytta frå funksjon 232 til andre tenester, der 0,7 mnok er knytt til reinhald av lokale. Andre mindre endringar utgjer ein auke på 0,1 mnok.

Miljøretta helsevern (233) har ei lønsvekst på ca. 0,2 mnok til utviding av stilling som sjenkekontrollør for å ivareta krav om å vera 2 kontrollørar samstundes, medan 0,7 mnok gjeld flytting av 50 % stilling innan rusførebyggjande arbeid til funksjon 242 og 100 % stilling innan utekontakt er flytta til same funksjon. Ein inntekstpost på 0,3 er overført frå 232. Elles mindre endringar.

Legevakt har ei auke i lønsutgifter for legar lønsvekst og ca. 0,8 mnok for ØH-seng og 0,2 mnok for vikar sjukeheimslege. Det ligg inne eit framlegg om å auka fysioterapi med 50% driftstilskot i 2016. Det utgjer 0,2 mnok. Det nye naudnettet gjev ei auke på 0,2 i driftsutgifter mnok og to nye legevaktbilar 0,2 mnok. Det er varsla ein auke i legevaktstiftene til Voss sjukehus, men summen er ikkje kjent endå, og ikkje lagt inn i budsjettet.



## 6.6 Pleie og omsorg

### Om tenesteområdet:

Pleie- og omsorgstenesta yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie gjennom heimetenesteomsorg og institusjonsomsorg. Tenesta rettar seg mot personar i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med utviklingshemming og personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Dei siste åra har det vore ein auke i brukargruppa under 67 år, og me opplever at denne gruppa ofte har meir samansette behov, og at dei er meir ressurskrevjande.

Tenesta har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på lavast effektive omsorgsnivå. Det betyr mellom anna at flest mogleg skal få bu heime lengst mogleg. Heile helse- og omsorgstenesta er organisert for å nå dette målet, og det er viktig at «omsorgstrappa» frå hjelp i heimen til spesialisert sjukeheimstilbod fungerer.

Pleie og omsorg er organisert i 14 arbeidsgrupper:

- 5 institusjonsgrupper lokalisert på Strandebarmheimen, Toloheimen og Øysteseheimen
- 5 heimetenestegrupper lokalisert i Strandebarm, Norheimsund, Øystese og Ålvik
- 4 grupper som gjev tilbod til personar med utviklingshemming, lokalisert i Norheimsund og Øystese.

Det er dagtilbod for eldre på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og i Ålvik omsorgsbustader og dagtilbod for utviklingshemma på Øysteseheimen.

Det er 51 langtidsplassar i institusjon, 13 på Strandebarmheimen, 16 på Toloheimen og 22 på Øysteseheimen. Om lag halvparten av plassane er tilrettelagde tilbod for personar med demenssjukdom.

Kommunen har 49 trygdebustader og 103 omsorgsbustader for utleige. Omsorgsbustadane i Tolo omsorg og på Mikkjelsflaten er heildøgns omsorgstilbod, dvs. at det er personell tilstades heile døgnet.

Pleie og omsorgsleiar har overordna ansvar for alle pleie og omsorgstenestene i kommunen og har kontor på Toloheimen.

Det er om lag 190 årsverk i avdeling pleie og omsorg. Fordelinga er slik:

- 55 årsverk til institusjonsomsorg
- 115 årsverk i heimetenesteomsorg, av dette 42 årsverk i omsorg til utviklingshemma
- 8 årsverk til dagsenter
- 13 leiarårsverk

Samhandlingsreforma legg føringar for at fleire oppgåver skal flyttast frå sjukehus til kommunane og at kommunane skal leggja til rette for *å gje tilbod før, i staden for og etter sjukehusbehandling*.

Kvam har tilpassa seg desse endringane, og Kvam lokalmedisinske senter er eit viktig tiltak i denne utviklinga. Senteret er « ei overbygning » for fleire funksjonar som i dag er samlokaliserte på Toloheimen. Der er :

- base for pleie og omsorgstenesta og kommunale fysioterapeuter
- tenestekontor for helse og omsorg
- Kvam rehabiliterings og behandlingsavdeling ( KRB)
- Kvam lokale hjelpemiddellager
- Treningslokale for rehabiliteringspasientar
- Kvam legevakt
- Ambulansestasjon
- Polikliniske tenester frå Helse Bergen

Kvam lokalmedisinske senter skal vera eit lokalt helsetilbod der Kvam herad mellom anna samarbeider med helseføretaket om tenester før eller etter sjukehusbehandling.

Ved å samla kompetanse på **Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling (KRB)** vert tilbodet styrkt. Me har fått eit sterkare fagmiljø som styrkjer den medisinske oppfølginga av pasientane. Samlokalisering legg til rette for god samhandling og godt samarbeid på tvers. Kommunen tek i dag imot sjukare og meir behandlingsskrevjande pasientar enn tidlegare. Pasientane er ofte alvorleg sjuke, har eit komplekst sjukdomsbilete og krev avansert behandling. Avdelinga har 16 senger og gjev tilbod om observasjonsopphald, avlastning, rehabilitering, behandling og omsorg ved livets slutt. Skal KRB fungera etter intensjonen, er det avgjerande at pasientar som er ferdigbehandla i avdelinga, kan tildelast anna kommunalt tilbod utan ventetid.

Helse Bergen har ein dialysesatelitt i avdelinga. Tilbodet vart etablert i november 2013 med 2 dialysetasjoner og har ope 3 dagar i veke. Tilbodet har så langt vore svært vellukka og skal evaluerast i 2016. Tiltaket vert finansiert frå Helse Bergen.

Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod skal etablerast i kommunane innan 1.1.2016. Kvam har avtale med Helse Bergen og Voss kommune. Ei (1) seng på Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling skal nyttast til dette føremålet. Kvam har samarbeid med Voss kommune om tilbodet på natt (23-08). Lokalt hjelpemiddellager er lokalisert ved Toloheimen og organisatorisk knytt til KRB. Vaktmeister og ergoterapeut arbeider ved lageret og har ansvar for utlån av tekniske hjelpemidlar både for kortvarige og langvarige behov. Vårt lokale hjelpemiddellager har nært samarbeid med Hjelpemiddelsentralen i Hordaland.

Kreftkoordinator er ei prosjektstilling delvis finansiert med midlar frå Kreftforeningen. Stillinga er organisatorisk knytt til KRB og har nært samarbeid med alle tenestene i helse og omsorg.

Det er til saman 23,5 årsverk knytt til Kvam rehabiliterings og behandlingsavdeling, inkludert leiar, fordelt på 38 personar.

Avdeling Rus og Psykisk helse (RoP) yt tenester til personar i heile kommunen. Avdelinga har kontor i « Gamlebanken» i Norheimsund. Tilboda frå avdelinga vert gjeve på kontoret eller i klienten sin heim. Det er 7,5 årsverk ved kontoret inkludert leiar.

Gjennom opptrappingsplan for psykisk helse i 1998-2008 vart tenesta styrkt på fleire område og for 2016 er det varsla ytterlegare styrking innan rusomsorga frå sentrale styresmakter.

Avdeling rus og psykisk helse har ansvar for oppgåver knytt til opplysningsarbeid, førebyggjande arbeid, tidleg innsats, kartlegging, oppfølging, behandling og rehabilitering av personar med både lettare psykiske vanskar, alvorleg psykisk sjukdom og rusproblematikk. Det er brei kompetanse i personalgruppa, også psykologkompetanse. Avdelinga har lågterskel-aktivitetstilbod, individuelle støttesamtalar, ulike gruppetilbod og meistringskurs ( t.d. meistring av belastningar og depresjon) Avdelinga har motteke statlege tilskot både til ruskonsulentstillingar og kommunepsykolog.

#### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2 013	2 014	2 014	2 014	2 014	2 014
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	46,6	45,4	42,3	46,2	44,7	45,2
Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	48,3	49,2	52,9	47,3	50,1	49,4
Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern	5,2	5,4	4,8	6,5	5,2	5,4
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innb. 80 år og over.	436	458	363	325	333	331
Korrigerede brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	193 796	208 655	244 988	261 022	239 788	238 273
Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerede brutto driftsutg, konsern	1,2	1,2	1,3	1,4	1,3	1,3
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over	12,9	12,2	17,8	20,3	18,4	18,7
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	8,9	9,9	13,0	14,5	13,4	13,7
Korrigerede brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1 083 064	1 187 865	1 002 737	996 646	1 039 336	1 053 325
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerede brutto driftsutgifter, konsern	9,6	10,2	13,1	17,6	13,7	14,6

### Utfordringar:

Pleie- og omsorgstenesta har vore gjennom omfattande omstillingsprosessar dei siste åra. Kravet til effektivitet og best mogleg utnytting av ressursane har vore sentralt. I samband med innføring av Samhandlingsreforma i 2012 har helse- og omsorgstenestene i kommunen fått nye fagleg utfordrande og ressurskrevjande oppgåver. Oppgåvene har vore og er kostnadsdrivande langt utover kompensasjonen frå staten.

Grunna innsparingskrav har pleie og omsorg i perioden 2010-13 avvikla 9 institusjonssenger.

Reduksjonen av langtidssenger har medført at

- tal pasientar i sjukehus som ventar på plass i kommunen aukar
- tal pasientar som er ferdigbehandla i vår korttidsavdeling, og som ventar på langtidsplass eller omsorgsbustad, har auka
- grunnbemanninga i heimetenesta er pressa
- det er lange ventelister på langtidsplass og omsorgsbustad

Tenesta opplever at :

- dei har fleire ressurskrevjande brukarar under 67 år i heimetenesta
- tidleg utskrivning frå sjukehus fører til at heimetenesta i større grad får oppgåver som krev at dei tilsette må ha god fagleg kompetanse, og at dei må vera fleksible
- fleire med demenssjukdom har behov for tenester
- fleire med alvorleg sjukdom ønskjer å avslutta livet i eigen heim
- fleire institusjonspasientar med omfattande hjelpebehov

Hovudutfordringa for pleie og omsorg i framtida er å greia tilpassa drifta i tråd med faglege og individuelle krav, sentrale føringar og økonomiske ressursar. Utfordringsbilde er på den eine sida knytt til fleire yngre brukarar og fleire eldre og på den andre sida knappheit på kvalifisert personell og behov for betre medisinsk kompetanse. Tenesta vil oppleva auka utfordringar knytt til einsemd, demens og utryggleik.

Leiararstillingar i helse og omsorg er ofte komplekse ved at leiaransvaret inneber ansvar for store personellgrupper og at aktiviteten er døgnbasert. Gode resultat kjem gjennom god planlegging og leiing. Målet for alle er at mest mogleg av ressursane skal gå til brukarretta oppgåver, difor er god leiarkompetanse og god fagkompetanse viktig.

Etter innføring av Samhandlingsreforma har det vore stor auke i tal innleggingar i Kvam rehabiliterings- og behandlingsavdeling, og arbeidsmengda har auka betydeleg. Pasientane er meir krevjande med omsyn til pleie- og behandling, både dei som kjem frå sjukehus og frå eigen heim. Dersom avdelinga skal fungera etter intensjonen, må mottaksapparatet vera på plass, dvs. at ferdigbehandla pasientar i avdelinga må tildelast anna kommunalt tilbod.

Utfordringa kan oppsummerast slik:

- Ferdigbehandla pasientar vert liggjande på KRB i påvente av ledig langtidsplass eller omsorgsbustad
- Ferdigbehandla pasientar i sjukehus vert liggjande i påvente av ledig plass på KRB, og kostnaden har auka (pris pr. døgn er kr.4.387,-)
- Tilbodet til heimebuande som har behov for rehabiliterings eller treningsopphald, er sterkt svekka grunna kapasitetsproblem.
- Stor auke i arbeidsmengd på lokalt hjelpemiddellager. Pasientar kjem raskare heim frå sjukehus og treng hjelpemiddel på plass på kort varsel. Mykje utstyr skal køyrast ut i heile kommunen og tilretteleggjast og tilpassast for brukar.
- Avdelinga opplever jamn auke i tilvisingar og må gjera strenge prioriteringar i det daglege.

- Det er forventningar frå spesialisthelsetenesta at kommunane skal etablera differensierte tenestetilbod til brukarar med rusproblematikk og/eller psykisk sjukdom, både bu-tilbod, miljøarbeid, behandling, pleie og omsorg også heildøgnsstilbod. Tenesta opplever tidlegare utskrivning frå spesialisthelsetenesta, og det er utfordrande å greia etablera fagleg forsvarleg tilbod til alle. Kvam har i dag avtale med Jondal om kjøp av 2 heildøgns plassar for personar med alvorleg psykisk lidning. Behovet er aukane og me må vurdera utvida kjøp eller organisering av tilbodet i eigen kommune.
- Den største utfordringa pr. no er knytt til eigna bu-tilbod for rusavhengige, hjelp til å bu og meiningsfull aktivitet i kvardagen.

#### Mål:

- leggja til rette for tilbod på lågaste effektive omsorgsnivå; rett hjelp- til rett tid- på rett nivå
- leggja til rette for meir kultur og aktivitetstilbod og auka samarbeid med pårørande og frivillige
- auka fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid gjennom ulike tiltak som til dømes Kvardagsrehabilitering ( starta prosjekt i 2015)
- leggja til rette for nytenking og satsa på innovasjon og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar hos brukar ( starta prosjekt i 2015)
- oppretta fleire institusjonsplassar og renovera Strandebarmheimen i tråd med HST-vedtak ( forprosjekt 2015, førebur sak til politisk behandling tidleg i 2016)
- vidareutvikla demenstilbodet og utarbeida temaplan for demensomsorga i Kvam
- fjerna «tidstjuvar» for å få meir tid til brukarretta oppgåver, mellom anna vidareutvikla bruk av Geric Mobil pleie og mobil plan
- arbeida vidare for heiltidskultur
- målretta satsing på å rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft
- Vidareutvikla det eksisterande tilbodet og starta opp nye tilbod og funksjonar i tråd med sentrale føringar og i samarbeid med helseføretaket
- Oppretta ØH-døgntilbod 1.1.2016 med faste stillingar og fagleg forsvarleg drift
- Redusera liggjetid for ferdigbehandla pasientar i avdelinga
- Ta imot pasientar frå sjukehus straks dei er ferdigbehandla
- Auka rehabiliteringstilbodet for heimebuande
- Gjennomføra kompetansetiltak i tråd med planar
- Arbeida vidare for heiltidskultur
- Satsa målretta i å rekruttera og behalda kvalifisert arbeidskraft
- Vidareutvikla god planlegging og logistikk og mellom anna ta i bruk årsturnus
- Yta gode helsetenester til dei som har behov for langvarig koordinerte psykiske helsetenester slik at brukarane kan oppretthalda funksjonsnivå / evt. betre funksjonsnivå
- Prioritera førebyggjande arbeid i tråd med ruspolitisk handlingsplan
- Fanga opp rusvanskar eller psykisk lidning tidleg og setja inn tiltak tidleg ved livskriser og lettare psykisk lidning
- Setja inn tiltak for å hindra fråfall i arbeid og skule
- Vidareutvikla gruppetilbod for ulike grupper
- Vidareutvikla samarbeid med frivillige t.d. gjennom Grannehjelpa
- Vidareutvikla tenesta i tråd med behov hjå brukarane, og i tråd med statlige føringar for rusomsorg og psykisk helse, m.a. førebu krav om ØH-døgntilbod innan 1.1.2020.

- Vera ei synleg teneste og ein ressurs i Kvam Herad som bidreg til auka kjennskap om psykisk helse og rusvanskar

#### Økonomiske rammer:

Pleie- og omsorgstenesta	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	7 342	7 893	-2 187	5 705	5 672	5 672	5 672
253 Helse- og omsorgstenester i institusjon	52 585	54 364	2 609	56 973	56 973	56 973	56 973
254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande	61 214	54 707	7 219	61 925	61 425	60 925	60 925
255 Medfinansiering somatiske tenester	9 285	0	0	0	0	0	0
256 Akutthjelp helse- og omsorgstenesten	4	0	0	0	0	0	0
261 Institusjonslokaler	4 683	2 623	2 247	4 870	4 870	4 870	4 870
<b>Pleie- og omsorgstenesta</b>	<b>135 114</b>	<b>119 587</b>	<b>9 888</b>	<b>129 474</b>	<b>128 941</b>	<b>128 441</b>	<b>128 441</b>

Dagsenter eldre (234) er auka med 0,1 mnok i inntekter, og 1,4 mnok i tilskot til drift av dagaktivitetstilbod innan demens frå Helsedirektoratet. I tillegg er det 0,9 mnok flytta frå dagsenter psykisk utviklingshemma og aktivitetstilbod Holmsund til andre tenester. Det er ein lønsvekst på 0,1 mnok. F.o.m. 2017 ligg det inne ei innsparing på kr 33.000 i reduserte tilskot til frivillige organisasjonar.

Lønsutgiftene aukar med 1,6 for bemanning til ØH-seng. Løn lærlingar aukar med 0,8 mnok. Det er lagt inn ein auke på 0,6 mnok for betaling utskrivingsklare pasientar. Det er andre mindre endringar på til saman ein reduksjon i 0,3 mnok.

Heimetenester generelt viser ei endring på 2,6 mnok dette gjeld i hovudsak reduksjon i tilskot til ressurskrevjande brukarar i høve 2015 då det var eit ekstraordinært høgt tilskot. Brukarstyrt personleg assistent gjev ei auke på 0,85 mnok grunna auka behov innan pleie og omsorg. Heimetenester psykisk utviklingshemma og psykiatri viser ei auke på 3,4 mnok. Ca 3 mnok av dette er lønsauke, andre endringar er ei reduksjon i tilskot frå barnevern og auka kostnad for kjøp av plassar i Jondal innan psykiatri. Heimetenester psykiatri mottok tilskot for to stillingar innan kommunalt rusarbeid og kommune psykolog. I økonomiplan perioden ligg det inne tiltak til innsparing på velferdsteknologi innan pleie og omsorg - teneste 254 - 0,5 mnok i 2016-17 og 1 mnok i 2018-19.

Etter ein gjennomgang av fordeling av reinhaldsutgifter, er det ein auke på 2,1 mnok i overføringar frå andre tenester til funksjon 261

## 6.7 Sosialtenesta

### Om tenesta

Nav Kvam yt ulike tenester til innbyggjarane i Kvam. Nav - kontoret har både statlege og kommunale oppgåver. Nav-leiar er kommunalt tilsett, men NAV Hordaland delfinansierar stillinga. Det er 17 årsverk ved kontoret inkl. leiar. 4 av desse er statlege årsverk.

Den statlege delen av NAV-kontoret har ansvar for oppfølging av arbeidssøklarar, sjukemelde og personar i Arbeidsavklaringsløp. Dei tilsette skal også rettleie personar i andre statlege ytingar t.d. pensjon, uførepensjon, foreldrepengar og ulike bidragsordningar.

Den kommunale delen av Nav-kontoret har oppgåver og ansvar knytt til sosialteneste og flykntingsteneste og har om lag 12 årsverk. Sosialtenesta har ansvar for sakshandsaming etter Lov om sosiale tenester i Nav. Dette inneber økonomisk rådgjeving og økonomisk stønad (sosialhjelp).

Tenesta er ansvarleg for å setje i verk og følgje opp personar i kommunalt kvalifiseringsprogram (KVP). Dette er arbeidsretta tiltak som skal føra fram til utdanning eller ordinært arbeid.

Tenesta utfører mange individuelle samtalar og har ofte lange individuelle oppfølgingsløp.

Tenesta har oppgåver som

- gjeldsrådgjeving til innbyggjarane i Kvam
- handsamar saker om bustadtilskot frå Husbanken
- skaffa bu-tilbod til bustadlause.
- 

Kvam heradstyre har fatta vedtak om at personar som mottek sosialhjelp i Kvam, skal ha aktivitetsplikt. Nav Kvam har ansvar for, på bakgrunn av individuelle vurderingar, å setje i verk og følgje opp ulike arbeidsretta tiltak og på den måten redusera talet på passive sosialhjelpsmottakarar. Enkelte personar kan få fritak frå aktivitetsplikta grunna medisinske vurderingar.

Flykntingstenesta har ansvar for å busetje flykntingar i Kvam. Kvam heradstyre gjer vedtak om tal flykntingar kommunen skal ta imot, og det er forslag om å busetja 110 personar dei neste 4 åra, 30 i -16 og -17 og 25 i -18 og -19. Tenesta har ansvar for oppfølging av flykntingar i ein periode på 5 år frå busetjingsdato. Busetjing inneber å ha tett samarbeid med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) om kven som skal busetjast i Kvam, finne bustad, ta imot dei som kjem, og bistå med praktisk tilrettelegging for dei som kjem.

Tenesta har ansvar for koordinering, oppfølging og integrering av flykntingar, og mellom anna sikra at Kvam herad oppfyller krava i Introduksjonslova. Tenesta fattar vedtak etter Lov om introduksjonsordning. Det er særskilt viktig at tenesta har eit godt fulltidsprogram for alle flykntingar som har rett til introduksjonsprogram. Dersom flykntingstenesta skal lukkast i sitt arbeid er det viktig med god samhandling og samarbeid med andre kommunale tenester som til dømes barnehage, skule, helsestasjon, andre helsetenester og teknisk eining.

### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	4,5	4,2	:	:	4,1	4,2
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4,1	3,9	:	:	3,9	4

KOSTRA-tala er mangelfulle innanfor dette tema, noko som gjev indikatorane lågare verdi som samanlikningsgrunnlag mot andre kommunar.

### Utfordringar:

Nav Kvam har ulike utfordringar i komande budsjett periode:

- Forventa auke i arbeidsløysa i Kvam i 2016
- Historisk stor auke i oppmoding om busetjingstalet for flyktningar i Kvam
- Vidareutvikla kommunalt aktivitetskrav for sosialhjelpsmottakarar
- Vidareutvikla introduksjonsprogrammet for flyktningar innanfor budsjetttramma
- Halde budsjetttramma for sosialhjelpsutbetalingar

### Mål:

- Nytt statleg integreringstilskot for å kunna gjera flyktningar sjølvhjelpne på kortast mogleg tid
- Gjennomføra aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar som fører til utdanning, arbeid eller varig statleg yting
- Færre personar i Kvam som mottek sosialhjelp
- Auka kapasiteten til gjeldsrådgjevar for å hindra at personar har behov for å søkja kommunal sosialhjelp
- Arbeida målretta etter Kvam herad sin plan for integrering

### Forklaring til endringar i budsjett 2016:

Sosialteneste og NAV	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	5 638	5 914	2 464	8 378	8 378	8 378	8 378
243 Tilbod til personar med rusproblem	696	596	-593	2	2	2	2
273 Arbeidsretta tiltak i kommunal regi	3 639	3 892	37	3 928	3 928	3 928	3 928
275 Introduksjonsordning	4 588	5 396	113	5 509	5 509	5 509	5 509
276 Kvalifiseringsordninga	1 409	2 115	-415	1 701	1 701	1 701	1 701
281 Økonomisk sosialhjelp	9 366	8 635	-838	7 797	7 797	7 297	6 797
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	26	1 785	221	2 006	2 006	2 006	2 006
<b>Sosialteneste og NAV</b>	<b>25 363</b>	<b>28 334</b>	<b>989</b>	<b>29 323</b>	<b>29 323</b>	<b>28 823</b>	<b>28 323</b>

242 – endringa gjeld stillingar som er flytta frå andre tenester (233), lønsauke og utgifter innan husleige, konsulentonorar og Ikt lisensar.

243 – stilling er flytta til teneste 242 og 275.

275 – introduksjonstønad er auka med 0,4 mnok. Endringar innan løn og kjøp av tenester hjå private er redusert med 0,3 mnok.

276 – kvalifiseringsstønad er redusert med ca. 0,4 mnok.

281 – økonomisk sosialhjelp er redusert med ca. 1,8 mnok som inkluderer eit innsparingstiltak på 0,3 mnok. Økonomisk sosialhjelp flyktning er auka med 1,2 mnok, men har eit innsparingskrav på 0,3 mnok, totalt ca. 1 mnok.

285 – Endringa er knytt til drift av leirskulen på Mathilde, reduserte inntekter og auke i lønn.

I økonomiplan perioden er det lagt inn innsparingskrav til økonomisk sosialhjelp fordelt på fylgjande måte:

2018 – 0,25 mnok bidrag til livsopphald og 0,25 mnok bidrag til livsopphald flyktning.

2019 – 0,5 mnok bidrag til livsopphald og 0,5 mnok bidrag til livsopphald flyktning.



## 6.8 Barnevern

### Om tenesteområdet:

Barnevernstenesta er organisert i eining oppvekst er ein del av Kvam familie og læringscenter(KFL), og er ei lovpålagt teneste. Barnevernet har som hovudoppgåve å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstkår.

Tenesta skal jobba førebyggjande og følgja nøye med på korleis barn og unge har det i kommunen, samt skal setja i verk tiltak som kan avdekka omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem ikkje oppstår. Barnevernstenesta har ansvar for å sjå til at barn sine interesse vert ivaretekne av andre offentlege organ.

Barnevernet er fyrst og fremst ei hjelpeteneste. Kva som er barnet sitt beste er det grunnleggjande omsynet barnevernet jobbar etter og det er avgjerande i val av hjelpetiltak. Tilsette i barnevernet har både opplysningsplikt og veiledningsplikt overfor foreldre.

Over 80% av all hjelp som barnevernet gjev skjer i form av frivillige tiltak i heimen. Barnevernet skal fyrst og fremst gje hjelp og støtte slik at foreldra sjølv skal makta å ivareta omsorgsansvaret for eigne barn. Tenesta skal gjennomføre ei undersøking og setje inn hjelpetiltak dersom det er behov for det. Døme på slik hjelp kan vera råd/veiledning, avlastningstiltak, ulike foreldrestøttande metodar, barnehageplass, støttekontakt osv.

Barnevernstenesta sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Nokon gonger kan kva som er til det beste for barnet koma i konflikt med kva foreldra tykkjer er best for barnet.

Å ta frå foreldra dagleg omsorg for barnet sitt er alltid siste utveg. Barnet flyttar då som regel inn i ein fosterheim. Det er fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker som avgjer om eit barn skal flytta i fosterheim mot foreldra sin vilje, ikkje det enkelte barnevernet. Fylkesnemnda er eit uavhengig og upartisk avgjerdsorgan. Alle omsorgsovertakingar er i utgangspunktet midlertidige slik at foreldre kan få omsorga tilbake for barnet når dei er i stand til å ivareta omsorgsansvaret.

Totalt aktive saker i barnevernstenesta er 109 pr.okt.2015 (101 okt.2014). Talet på barn i barnevernstenesta har gått litt ned dei siste åra. Dette kan mellom anna forklarast med:

- færre meldingar til barnevernstenesta
- færre saker konkluderer med tiltak etter undersøking.
- fleire saker vert avslutta etter evaluering av hjelpetiltaket.

Tal barn under omsorg er stabilt; 2014 hadde kommunen omsorg for 20 barn. I 2015 er det 23 barn. Av desse er 4 frivillig plassert og 19 barn har barnevernet omsorg for.

Kostnadsdrivar i barnevernet :

- tal barn under omsorg og tal barn plassert frivillig i fosterheim eller institusjon
- barn og familiar som mottek frivillige hjelpetiltak i familien
- tal Fylkesnemdsaker og ankesaker
- Behov for sakkunnig bistand i omsorgssaker

Barnevernstenesta held fram med å endre fokus frå kompensierende tiltak (gi økonomisk støtte til feriar, kle, fritidsutstyr mm) til å retta fokuset mot endringstiltak som er i tråd med føringane som er gitt av departementet i høyringsutkast til endringar i barnevernlova. Tenesta har fokus på systematisk evaluering av hjelpetiltak med basis i tiltaksplanane for å bidra til at det einsskilde barn/ungdom/familie får rett hjelp til rett tid og hjelp så tidleg som mogleg

#### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	8707	9 744	8 076	7 747	7 986	8 021
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,9	4,0	:	:	4,8	4,8
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per bam med tiltak	120435	175 135	:	:	141 657	139 496
Andel undersøker med behandlingstid innen 3 måneder	79	83,0	75,0	75,0	78,0	79,0
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	55	71,0	:	:	82,0	83,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	4,1	4,6	4,1	4,0	4,1	4,2
Andel meldinger som går til undersøker	80	79,6	:	:	79,4	79,2
Andel undersøker som førte til tiltak	72,9	40,0	:	:	44,3	43,7

#### Utfordringar:

Som følgje av endringar i barnevernlova får kommunane framover fleire oppgåver overført frå det statlege barnevernet. Eksempel på dette er:

- Tilsyn av fosterheim og ansvar for å følgje opp med råd og rettleiing.
- Auka ansvar for rekruttering, opplæring og veiledning av fosterheimar. Det kommunale barnevernet er nærare barna og vil i større grad kunne vurdere kva behov det enkelte barn har. Ei vellykka fosterheimsplassering forutset at det er «match» mellom fosterbarn og fosterforeldre.
- Barn under omsorg. Det å ha barn under omsorg er krevjande både fagleg og økonomisk. Det at Kvam herad har mange barn under omsorg i barnehage- og skulealder er og blir kostnadskevande i mange år fram i tid, då kommunen har ansvar for dei fram til dei er 18 år. Det er viktig å understreke at barn som har behov for hjelp og som får hjelp tidleg har større sjanse for å klara vaksenlivet på eige hand.
- Fleire ankesaker i Fylkesnemda. Det er ein aukande trend at foreldre som har mista omsorgsansvaret ankar Fylkesnemda sitt vedtak årleg. Dette inneber ekstra arbeid med sakshandsaming, oppfølging av fosterheimen og barna og auka kostander til juridisk bistand og sakkyndig utredning.
- Behov for å styrka legitimiteten til barnevernet. Det er framleis ei utfordring at barnevernet for ofte kjem for seint i kontakt med barn og familiar som treng hjelp frå barnevernet. Barnevernet er til for dei barna som har ein spesielt krevjande og utfordrande livssituasjon. Barnevernstenesta er avhengig av at alle tek ansvar for og melder frå når dei er bekymra for eit barn. Konsekvensen av at barnevernet kjem for seint inn er at utfordringane blir så store at det kan vera vanskeleg å avhjelpa situasjonen.
- Tenesta må arbeida for at samfunnet skal få ei større forståing for barnevernet si dobbeltrolle som hjelper og kontrollør.

## Målsetjing for perioden:

- Alle barn og foreldre skal oppleve at barnevernet møter dei med forståing og respekt.
- Sikra effektiv og forsvarleg drift jmf lovkrav
- Utvikla tenesta i samsvar med nasjonale føringar
- Auka legitimiteten til barnevernet – jobba aktivt ut mot interne og eksterne samarbeidspartar med informasjon om tenesta og barnevernet sitt mandat.
- Behalda kvalifiserte fagfolk som er nytenkjande, fleksible og endringsvillige.
- Eit fleirtal av hjelpetiltaka er endringstiltak framfor kompenserte og økonomiske tiltak. Hjelpetiltak skal ha som formål å bidra til positiv endring hos barnet og familien.
  - Gjennomgang av evalueringsverktøy. Driva målretta tiltaksarbeid
- Barnevernstenesta skal ha system og rutinar som sikrar at tenesta jobbar i tråd med lovverk. Utføra Internkontroll kontinuerleg
- Ta del i KFL sitt tverrfaglege utviklings- og omstillingsarbeid for å «gje rett hjelp til rett tid».

Dei andre tenestene i KFL er omtala under KOSTRA-område, sjå «Særtema»:

Kommunehelse (helsestasjon/jordmor/skulehelseteneste og kommunepsykolog for barn, unge og familiar)

Skule (PPT)

Barnehage (støttesystem barnehage)

## Økonomiske rammer:

Barnevern	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
244 Barnevernteneste	3 819	5 842	-1 018	4 824	4 824	4 824	4 824
251 Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet	2 675	2 964	39	3 003	3 003	3 003	3 003
252 Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet	8 747	7 790	1 734	9 524	9 524	9 524	9 524
<b>Barnevern</b>	<b>15 241</b>	<b>16 596</b>	<b>755</b>	<b>17 351</b>	<b>17 351</b>	<b>17 351</b>	<b>17 351</b>

Det er ei rekke justeringar mellom dei 3 funksjonane under barnevernet for å få meir rett budsjett ihht. KOSTRA.

Lønsutgiftene på funksjon 244 er redusert med 0,7 mnok som er overført til andre tenester. I tillegg har refusjonsinntektene auka med 0,3 mnok.

Lønsutgiftene på funksjon 251 er auka med 0,4 mnok, men utgiftene er redusert med 0,2 mnok og tilsvarande for hjelpetiltak.

Funksjon 252 har ein auke på 1,7 mnok fordi barnevernet har omsorga for fleire born slik at utgifter til fosterheim og statlege barnevernsplassar aukar.

## 6.9 Bustader

### Om tenesteområdet:

I dette tenesteområdet ligg utleige av alle kommunale eigedomar som trygdebustadar, omsorgsbustadar og andre kommunale bustader. Omsorgsbustadar og trygdebustadar er lokalisert i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Strandebarm. Framleigeavtalar er no i stor grad avvikla, men me har framleis nokre avtalar igjen. Bustadar som kommunen sjølv eig er i stor grad utleigd til bustadtregande med spesielle behov eller flyktningar.

Kommune driv og vidareformidling av Husbanklån (funksjon 283), men dei fleste budsjettpostane vedr. dette, ligg ikkje innunder tenesteområdet.

Funksjon 315 gjeld ei kommunegeologstilling i Kvam, som i stor grad er finansiert med vidaresal til andre kommunar.

### Utfordringar:

- Det vil verta store utfordringar knytt til å ta mot eit større tal flyktningar dei komande åra.
- Det er liten utskiftning av leigetakarar i kommunalt eigde bustadar, der det er til dels langvarige leigetilhøve. Husleigene skulle vore meir tilpassa marknadsleige og Husbanken sine grenseverdiar for bustønad.
- Mange av dei kommunale bustadane har eit stort etterslep på vedlikehald innvendig og utvendig. Det er utfordrande å prioritere dette nødvendige vedlikehaldet opp mot drift og vedlikehald av offentlege føremålsbygg som skule, barnehagar og helseinstitusjonar.

### Mål i perioden:

- Betra kvaliteten på bustadane me har gjennom auka vedlikehald både utvendig og innvendig.
- Sikra behovet for kommunale bustadar ved kjøp eksisterande bustadar.
- Arbeide for at private leiger ut bustadar direkte til dei som treng bustad.
- Byggja nye tilpassa bustadar, gjerne modulbygg med 12 – 16 bustadar for små gjennomgangsbustadar.
- Hjelpa Kvam Bustadstifting med planlegging og bygging av fleire bustadar.
- Hjelpa NAV si flyktningavdeling med tilrettelegging av bustadar og informasjon om korleis dei skal kunna bu godt i norske hus.

### Økonomiske rammer:

Bustader	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
265 Kommunalt disponerte bustader	-7 641	-7 113	-1 613	-8 726	-8 726	-8 726	-8 726
283 Bistand til etabl. av eigen bustad	1	1	2	3	3	3	3
315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak	225	90	40	129	129	129	129
<b>Bustader</b>	<b>-7 415</b>	<b>-7 022</b>	<b>-1 572</b>	<b>-8 594</b>	<b>-8 594</b>	<b>-8 594</b>	<b>-8 594</b>

Funksjon 265 er redusert for lågare lønsutgifter på 0,4 mnok etter ein gjennomgang av fordeling av reinhalds- og FDV-stillingar. I tillegg er det ein auke i husleigeinntekter på 1,2 mnok. I statsbudsjettet har regjeringa i ein tiltakspakke gjeve tilskot til vedlikehald av bl.a. omsorgsbustader. Kvam herad har

fått tildelt 0,8 mnok av desse. I rådmannen sitt framlegg er desse midlane foreslått brukt på utskifting av bordkledning på omsorgsbustader. Sidan tiltaket er finansiert med tilskotmidlar, vert det ingen netto auke for tenesteområdet.

Nettoutgifta er låg for kommunegeologen, og det er berre nokre mindre endringar i høve 2015.

## 6.11 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

### Om tenesteområdet:

Kvam herad har vore igjennom sin første planstrategiperiode etter ny plan- og bygningslov frå 2008. Erfaringane frå føregåande planstrategi er viktig kunnskap som må nyttast når Kvam herad skal i gang med ein ny prosess.

Innafor fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø, er det samfunn og utvikling som handterer offentlege og private reguleringsplanar, samt kommune- og kommunedelplanar. Teknisk etat tek seg av bygge-, deling- og seksjoneringssaker.

Det må vera ei viktig målsetjing i alt samfunnsarbeid i 2016 å fylgja opp kommunen sin visjon om å «Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future», samt å ta tak i hovudmålet om å «Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knyter saman Hardanger og Bergensregionen».

Grunnlaget for å nå desse samfunnsmåla i kommunen er folkehelse («helse i alt me gjer») og berekraftig utvikling. Me må slik kommuneplanen legg opp til også arbeida for ei klimatilpassing, der samfunnstryggleik og beredskap gjer oss i stand til å førebyggja mot klimaendringar og naturkatastrofar og eventuelle uynskte hendingar.

Dei viktigaste tema som kommunen skal arbeida med i høve til samfunnsdelen i 2016 er stadutvikling, kommunikasjon og infrastruktur, verdiskaping igjennom samarbeid og livskvalitet. Skal me få dette til må me satsa på samarbeid som kan vera med å løfta oss og skapa engasjement, der ein pluss ein vert meir enn to.

Byggesak omfattar behandling av søknader om dispensasjons-, bygge- og delingsløyve samt tilsyn og ulovleg oppfylgning etter plan- og bygningslova. Vidare handsamer avdelinga søknad om løyve til tiltak etter havne- og farvannslova, veglova og forureningslova. Dette er tenester som er gebyrlagt etter sjølvkostprinsippet.

Geodata omfattar behandling av søknader om oppmåling og matrikkulering av grunneigedomar, arealoverføring, grensejusteringar m.m. Dette er tenester som er gebyrlagt etter sjølvkostprinsippet. Vidare tildeler avdelinga nye adresser, og det pågår ein større jobb med å tildele adresser til alle hytter i heradet. Geodata omfattar og arbeid med kartforvaltning. Arbeidet er organisert gjennom GEOVEKST samarbeidet og Norge digitalt avtalen, som sikrar Kvam inntekter til kartproduksjon. Kvam herad er originaldatabasevert for fylgjande kart; byggbasen, Vegbase, markslagskart, planbasen, VA-basen. Geodata forvaltar og mange kartprogram levert frå Norconsult, Powel Gemini og Norkart. Skredsamarbeid omfattar samarbeid med 8 kommunar Fusa, Kvinnherad, Ulvik, Eidfjord, Modalen, Masfjorden, Ullensvang og Jondal. Samarbeidet går inn i ein ny 3 års periode 2015-2018. Samarbeidet omfattar nettverksarbeid og rådgiving inn mot planarbeid, byggesakshandsaming og oppfølging av uromelding og skredhendingar.

### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Alder for kommuneplanens arealdel	7	8	7	4	6	6
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	10	11	4	5	5	5
Antall område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år	7	10	5	6	5	5
Av disse fremmet som private forslag	7	10	5	6	5	5
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL-08 §20-1 a	10 592	11 000		11 156	11 055	11 085
Standardgebyr for oppmålingsforetning for areal tilsvarende en boligtomt 750 m2.	12 209	12 612		19 445	15 433	15 462

### **Utfordringar:**

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det vist til ein forventa folkevekst på 1500 personar i komande 20-års periode. Alt i 2015 kan det sjå ut som denne veksten ikkje er reell, men dette kan enno snu. Veksten er i stor grad basert på tilflytting, men også eit forventa fødselsoverskot om prognosane slår til. Det som verkeleg kan påverka befolkningsendringa dei komande åra, er flyktningstraumane i Europa.

Tilflyttinga i frå utlandet vil føre til at Kvam herad vert eit endå meir multikulturelt samfunn i framtida. I dag er om lag 10% av kommunen sine innbyggjarar i frå utlandet. Dette vil truleg auke. Integreringsplanen skal hjelpa oss med å møte desse utfordringane.

Befolkningsamansetjinga er ei utfordring for kommunen, unge vaksne (20- 24 år) er underrepresentert samanlikna med landet elles. Kommunen har og eit relativt stort kvinneunderskot i aldersgruppa 20 – 40 år. Den samla snittalderen på befolkinga er også aukande.

Ved inngangen til ny heradsstyreperiode har kommunen fått ei god oversikt på kva planar me har og med det eit godt grunnlag for å sei noko om kva planar me har trong for dei næraste fire åra.

Utfordringa er; «Å setja tæring etter næring», med at me ynskjer å få på plass fleire planar enn det me har ressursar til å gjennomføra i løpet av fireårsperioden. Dette gjeld både tid, og menneskelege og økonomiske ressursar.

I føregåande planstrategi hadde ikkje kommunen tatt med større og mindre offentleg planar.

Erfaringane i frå føregåande heradsstyreperiode, er at desse planane bør takast med for å få ei samla og best mogleg oversikt på ressursbruk og prioritering av kommunen sine planressursar.

### **Kommuneplanar**

#### **Kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel.**

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedtatt hausten 2015.

Kommuneplanen sin arealdel er i gang, og skal leggjast fram til offentleg ettersyn våren 2016.

Arbeidet er det viktigaste planarbeidet kommunen gjennomfører i 2016.

### **Kommunedelplanar**

**Kommunedelplan for idrett og friluftsliv.** Arbeidet har ikkje starta opp, men må komme i gang i 2016. Gjeldande plan vart vedtatt i 2006. Arbeidet er viktig for kommunen si prioritering av spelemidlar.

**Kulturminneplan.** Planprogrammet er vedtatt og arbeidet har komme godt i gang. Planen skal vera ferdig i 2016. Kvam herad har motteke midlar i frå Hordaland fylkeskommune til arbeidet. Det som ikkje vert dekkja av fylkeskommunen vert finansierast med eigne ressursar.

### **Reguleringsplanar**

#### **Ålvik sentrum:**

Kommunen sette i gang arbeidet med reguleringsplan for sentrum av Ålvik i 2008. Ny plan har vore på høyring i 2014. I samarbeid med Statkraft har MAD arkitektar vore engasjert fram til sommaren 2015 med å utarbeida forslag til plassering og utforming av park som kan romma/nytta element frå riving av kraftstasjon/rørygata. Resultatet frå dette arbeidet vert no ein del av torgprosjektet som går ut på å gjera området rundt butikk/kafé og bibliotek meir attraktivt. Reguleringsplanen vil no verta justert. Det justerte framlegget til reguleringsplan vil verta sendt ut på ny høyring med målsetjing om endeleg handsaming vinteren 2016. Planen er eit viktig grunnlag for sentrumsutvikling i Ålvik.

#### **Håfjellstunnel og strekkja i frå Fykse til Steinstø:**

To reguleringsplanar som vart starta opp hausten 2011. Ny tunnel i frå Øystese til Fykseund er hovudinnhaldet i den eine planen. Planen for Håfjellstunnelen vart lagt fram til offentleg ettersyn i 2014. Det er ikkje gjort endeleg vedtak, mellom anna fordi Statens vegvesen si fråviksnemnd ikkje

kunne akseptera dei framlagde løysingane, hovudsakleg ved Fykkesundet. Statens vegvesen ynskjer også ny sikkerheitsgjennomgang av tunnelen. Arbeidet er finansiert via eige prosjekt og i tillegg ynskjer Statens vegvesen å bidra med midlar i 2016. Planen er pr. dags dato ikkje ein del av Kvammapakken

Strekkja mellom Fykkesund bru og Steinstø er ikkje fullfinansiert og krev meir midlar til geotekniske undersøkingar. Dette er lagt inn i økonomiplanen for 2018. Finansiert via næringsfondet.

#### **Reguleringsplan for RV 7 Øystese - Laupsa/Skarpasvingen.:**

Planen er ein del av arbeidet med Kvammapakken. Planen tek for seg vegutbetring og gang- og sykkelveg frå Øystese til Laupsa, samt utbygging av 84 husvære på Stronde. Planen er delt i to, i frå Øystese og til Laupsa er planen vedtatt. Strekkja mellom Laupsa og Skarpasvingen, her må det gjerast avklaringar i høve til kulturminne med fylkeskommunen og Riksantikvaren. Planen vert finansiert via Kvammapakken.

#### **Reguleringsplan for Grustaket -Busdalen:**

Reguleringsplan for nytt næringsareal i Øystese, samt tilførselsveg til Tolomarka . Kunngjering om oppstart og høyring av planprogram har vore gjennomført i 2014. Planen vert lagt fram til høyring og offentleg ettersyn i 2015. Fylkesmannen og Noregs vassdrags- og energidirektorat har sett fram motsegn til planen. Planen er finansiert via næringsfondet.

#### **Ny ferjekai i Tørvikbygd**

Ny ferjekai i samband med opprusting av ferjesambandet mellom Jondal og Tørvikbygd, for å ta i mot trafikken i frå Jondalstunnelen. Planen har vore på høyring og Hordaland fylkeskommune ber om ny plan, med eit mindre omfang av kaianlegget i Tørvikbygd. Arbeidet er så langt lagt på is. Ekstern finansiering via Statens vegvesen.

#### **Mundheim.**

Etter at skulen på Mundheim er overtatt av private, skal skuleplassen erstattast med nytt leikeareal i sentrum. Fylkesmannen har trekt sine motsegner. Arbeidet har stoppa opp. Midlane til planen vert i staden nytta til nytt toalettanlegg i Mundheim sentrum.

#### **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå Tokagjelet til Ungdomsheimen**

Planarbeidet starta opp i 2015. Gjeld i frå den godkjente reguleringsplanen på strekkja mellom NAF 'en og Ungdomsheimen. Hovudtema er gang og sykkelveg, avkøyrslar og busstopp, samt skibruer. Finansiert via eigne prosjektmidlar i kommunen og midlar i frå Statens vegvesen.

#### **Reguleringsplan for gang- og sykkelveg i frå NAF til Eikedalen**

Planarbeidet starta opp i 2015. Gjeld i frå den godkjente reguleringsplanen på strekkja mellom NAF 'en og Ungdomsheimen. Hovudtema er gang og sykkelveg, avkøyrslar og busstopp, samt skibruer. Finansiert via eigne prosjektmidlar i kommunen og midlar i frå Statens vegvesen.

Private reguleringsplanar som kan verta endelag handsama i 2016- opplistinga er ikkje uttømmmande:

- Reguleringsplan for ny bruk av gamle Strandebarm skule
- Reguleringsplan for ny bruk av Strandebarm hotell
- Reguleringsplan for Hardingsmolt
- Reguleringsplan for Longelia
- Reguleringsplan for Tryglakleiv
- Reguleringsplan for Dalen, Leite og Vassværanne



- Reguleringsplan for Gråsteinsdalen
- Reguleringsplan for 21/4 Furedalen
- Reguleringsplan for Tokagjelet Fjellstove
- Reguleringsplan for ny bruk av drivhus på Valland
- Reguleringsplan for Torpe
- Reguleringsplan for Laupsa
- Reguleringsplan for Kvednaskogen
- Reguleringsplan for Teigaberget
- Reguleringsplan for Hagen gnr. 11 bnr. 5, Sandven
- Reguleringsplan for Bakka-Breievne

#### Utfordringar for byggesak er:

- Forenklingar i plan- og bygningslova betyr meir tilsynsarbeid
- Opparbeida maksimalt utbytte av digital sakshandsaming
- Tilpassa gebyrsatsane kommunen sitt kostnadsnivå gjennom høgare sjølvkostgrad, som i 2015 er stipulert til 65% på byggesak og 50% på geodata

#### Mål:

- Ny heimeside innan 1.1.2017 med løysingar for sjølvbetjening
- 10 % tilsyn innan 1.1.2017
- Digital byggesaksarkiv og raskare sak/arkiv- og kartløyningar innan 1.1.2018
- Heildigital sakshandsaming innan 1.1.2019
- 100 % sjølvkostgrad innan 1.1.2019.

#### Økonomiske rammer:

Plan og byggjesaker	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
301 Plansaksbehandling	4 125	3 559	923	4 483	3 603	5 603	3 603
302 Byggje-, delings- og seksjoneringssaker	444	94	442	537	537	537	537
303 Kart og oppmåling	993	1 047	216	1 263	1 263	1 263	1 263
<b>Plan og byggjesaker</b>	<b>5 563</b>	<b>4 701</b>	<b>1 581</b>	<b>6 282</b>	<b>5 402</b>	<b>7 402</b>	<b>5 402</b>

Årsak til auken på funksjon 301 er tidsforskyving av driftsprosjekt og avslutta prosjekt i 2015 som til saman utgjer ein auke på 0,9 mnok.

Det er eit mål om at byggesak skal verta eit sjølvfinansierende område, for å nærma seg sjølvkost er gebyrinntektene sett opp med 10%. På funksjon 302 utgjer dette 0,25 mnok. Auke i lisenskostnader og auke i indirekte kostnader knytt til sjølvkost er grunnen til resterande kostnadsauke på funksjon 302 og 303.

Endringar i økonomiplanperioden er knytt til bortfall av driftsprosjekt.

## 6.12 Næringsforvaltning og konsesjonskraft

### Om tenesteområdet:

Kvam herad har noko eiga næringsverksemd som utleigar av bygg (ikkje omsorgsbustader) og kraftleverandør. I tillegg kjem stønad til næringslivet inn under dette tenesteområdet og forvaltning av landbruk, natur og friluftsliv.

Kvam herad disponerer i dag 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft frå Bjølvefossen og 60,9 GWh konsesjonskraft frå alle reguleringane i Kvam herad. Det meste av krafta vert seld på den opne marknaden (spott-pris), men ein del vert også seld med bindingstid.

Det er Kvam kraftverk AS som har vore kraftmeklar, men Ishavskraft vann siste anbod slik at me får ein ny leverandør. Kvam kraftverk AS har utarbeidd prognosen for 2016.

I 2015 budsjetterte kommunen med ein gjennomsnittspris på 27,06 øre/kWh. Prisen fall i løpet av året, og Kvam herad fekk eit kraftig inntektsfall. For neste år er prisen og fastsett lågt: 20,04 øre/kWh og det er forventa ei netto inntekt på heimfallskraft på 8 mnok. Til fråtrekk kjem grunnrenteskatt på 4 mnok. Inntektene for konsesjonskrafta er på 4,1 mnok. I tillegg til å vera kraftleverandør, gjev Kvam herad uttale til NVE-søknader for nye kraftverk.

Kvam herad vedtok ny plan for næring og kompetanse i 2015.

Næringslivet i Kvam har generelt hatt gode år den seinare tida, men merkar at oljeprisen er låg og aktiviteten redusert. På Elkem Bjølvefossen A/S er det store investeringar i gang og Fjellstrand A/S kan få byggja fleire batteriferjer. Kvammapakken og store offentlege og private utbyggingar held framleis entreprenørbransjen i drift og god kjøpekraft hjå folk flest, gjer at det er godt å bu og leva i Kvam. Næringslivet i Kvam er på topp nasjonalt når det gjeld lønsemd. Det er likevel for lite nyetableringar om ein samanliknar med andre område i Noreg.

Kvam er omfatta av ordninga med kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift og Kvam sin del var om lag 6 millionar kr i 2014. Det er bedriftene som bidreg til ordninga som prioriterer dei lokale tiltaka. I tillegg deler kommunen ut ei rekkje næringstilskot. Konsesjonsavgift på kraft skal setjast av til næringsfond, og midlar frå dette fondet finansierer ei rekkje næringslivstiltak. Nokre tilskot er eingangstilskot, medan andre er faste årlege, som dei som er lista opp nedanfor:

Diverse	Diverse (T)	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Endring 2016-2015
<b>N001</b>	Reisemål Hardangerfjord AS	460 000	470 000	<b>10 000</b>
<b>N003</b>	Hardanger Fartøyvernseier	520 000	530 000	<b>10 000</b>
<b>N006</b>	Lokalt reiseliv (turistinformasjon)	420 000	400 000	<b>-20 000</b>
<b>N008</b>	Harding Puls	80 000	80 000	<b>0</b>
<b>N021</b>	Internasjonalt arbeid	70 000	64 000	<b>-6 000</b>
<b>Totalt</b>		<b>2 466 000</b>	<b>2 475 000</b>	<b>-9 000</b>

Turistinformasjonen vart i 2014 flytta til Steinsdalsfossen. Besøket auka frå 2703 til 13 897 i 2014 og vidare til om lag 25 000 besøk i 2015. Det er likevel eit sagn at det ikkje er informasjon sentralt i Norheimsund.

Miljøet ved Kvam Fruktlager har fått godkjent ein ny næringshage for Hardanger, Kvam næringsråd har stått for dette arbeidet og næringshagen er førebels godkjent for eit år.

Næringsavdelinga har ansvaret for det internasjonale arbeidet som vennskapskommunen Marijampole, Vest-norsk Brusselkontor og ulike internasjonale prosjekt.

Kvam har mange og flinke aktørar innan landbrukstilknytt næringer, som inn på tunet, gardsmat, bygdeturisme, hyttebygging og anna reiseliv. Det er eit samarbeid på enkelte fagfelt med dei andre Hardangerkommunane, særleg på skogsida og viltforvaltning der me leiger inn kapasitet frå Ullensvang.

#### **Utfordringar:**

I Kvam har me ein tradisjonell næringsstruktur som kan gje oss ekstra utfordringar dei neste åra. Å utvikla kommunen som eit attraktiv område for etablering og vidareutvikling av eksisterande næringsliv er difor viktig. Entreprenørskap står sentralt i det å skapa lokale arbeidsplassar. Skal me få dette til må me satsa entreprenørskap i skulen. Det kan vera med på å skapa gnist for kreative og framtidsretta næringer.

Arbeidet med Hordalandsdiagonalen og Hardangertunnelen er viktige for framtidig vekst i kommunen. Kommunen må difor arbeida opp mot dei regionale styresmaktene.

Kvam som regionsenter har for lite statlege og regionale arbeidsplassar. Det må vera eit mål å få etablert fleire slike.

Kvam er nesten utan ferdig opparbeidd næringsareal i sentrale område. Kommunen har i 2015 selt fleire tomter og arbeider no med å opparbeida ny veg rundt i næringsområdet. Næringsfondet kan nyttast til opparbeiding og tilrettelegging av næringsarealet i Sandvenhagen, der reguleringsplanen er vedtatt og arealet er innløyst. Busdalen – det er starta regulering av Busdalen som kan gje nytt næringsareal i tilknytning til grustaket. Arbeidet omfattar og ny veg til Tolomarka. Det er fleire problemstillingar som må løysast i det vidare arbeidet. Bakkamarka – Hardanger Fiskeforedling A/S har teke initiativ til ny regulering av næringsområdet på Bakka. Dette må ha prioritet framover.

Innan landbruket i Kvam har det vore store strukturelle endringar. Mange små einingar er lagt ned og andre er vorte større slik at produksjonen samla sett er oppretthalden. Ei hovudutfordring er å sikra generasjonsskifte og vidare drift av landbruksareal. Det må difor stimulerast til satsing og omstilling i landbruket, gjerne via samarbeidsløysingar.

Kommunane som saksøkte staten for at dei måtte betala grunnrente ved sal av kraft tapte saka. Saka er anka til neste rettsinstans og kjem truleg opp neste år. Dersom kommunane vinn fram, vil kraftinntektene til Kvam herad auka. Det er elles eit stadig press mot å redusera eller å få overført inntektene frå kraftproduksjonen frå kommunane til staten eller private aktørar.

#### **Mål:**

Hovudmålet i næringsplanen er verdiskaping igjennom samarbeid for å få på plass fleire lokale arbeidsplassar. Bakgrunnen for denne målsetjinga er nedgangen kommunen har hatt i talet på arbeidsplassar, samstundes som folketalet har auka.

Dei viktigaste satsingsområda i planen er å byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi, utvikla eit pulsertande og sjølvstendig regionsenter, skapa opplevingar og innhaldsrik fritid, styrka det etablerte og utvikla det særeigne, og skapa gnist og framtidsretta næring.

Kvam skal byggja vidare på den rike kulturen i regionen og utnytta potensialet for næringsverksemd basert på besøkjande til regionen endå meir. Vekst og opplevingar skal skje gjennom samskaping,

mellom menneske, lag og organisasjonar, verksemdar, bransjar, bygder og regionar. Utfordringa vert å kombinere opplevingar med allereie eksisterande næringar.

I næringsplanen skal me styrka det etablerte og utvikla det særeigne. For å få dette til må me basera oss på både på næringar på fjorden og næringar på land, basert på ei berekraftig utvikling.

I Kvam skal me ha ein god vidaregåande skule, som skal vera ein styrke for lokalsamfunnet. I dag er det tre vidaregåande skular. Det er viktig for Kvam sitt næringsliv og Kvam si befolkning at me får behalda dei vidaregåande skulane.

#### Økonomiske rammer:

Næringsforvaltning og konsesjonskraft	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
320 Kommunal næringsverksemd	-667	-1 112	-311	-1 423	-1 423	-1 423	-1 423
321 Kraftinntekter	348	1 519	-986	532	532	532	532
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	5 880	4 281	-1 632	2 649	2 649	2 649	2 649
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsut	666	505	-181	324	324	324	324
360 Naturforvaltning og friluftsliv	260	291	149	440	440	440	440
<b>Næringforvaltning og konsesjonskraft</b>	<b>6 487</b>	<b>5 484</b>	<b>-2 962</b>	<b>2 522</b>	<b>2 522</b>	<b>2 522</b>	<b>2 522</b>

På funksjon 320 er husleigeinntektene auka med 0,25 mnok. Nivået på skatt av kraftinntekter er redusert med 0,8 mnok på funksjon 321. I tillegg var det på denne funksjonen i 2015 budsjettert kostnader på 0,2 mnok til ein rettssak. I 2015 vart det gjeve mange enkelttilskot til blant anna Hardangerbadet, Haku, Tour de fjords og forskotering av arbeidsgjevaravgiftkompensasjon. Desse er ikkje vidareført i 2016 og gjev dermed ein kostnadsreduksjon på 1,6 mnok på funksjon 325. I tillegg kjem fleire mindre justeringar på rammeområdet.

## 6.13 Brann og ulukkesvern

### Om tenesteområdet:

Kvam brann- og redningsteneste (KVBR) er ei avdeling under teknisk eining. Avdelinga har eit mannskap på totalt 53 personar, 9 bilar og er lokalisert på dei 4 brannstasjonane i Ålvik, Øystese, Norheimsund og Oma. Avdelinga har ansvar for det akutte rednings- og beredskapsarbeidet i kommunen, feiartenesta, branntilsyn og førebyggjande arbeid. I tillegg har avdelinga inngått avtale om «First responder». Dette er ein avtale som er inngått med Norsk Luftambulans, og som gjeld livreddande førstehjelp fram til ambulansen er på staden.

Organiseringa av tenesta og kompetansekrav til mannskapet er i stor grad bestemt av dimensjoneringsforskrifta, og vert følgt opp av Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB).

Det er ikkje krav til kassarnert mannskap i kommunen, men for Norheimsund og Øystese er det krav til fast vaktordning. Vaktordninga vert gjennomført med vaktlag som går vakt kvar 5. veke, medan overbefal går vakt kvar 4. veke. Intervallforskjellen medfører at overbefalet sirkulerer mellom heile mannskapsstyrken, og vert dermed betre kjent med den totale styrken i avdelinga.

For Oma og Ålvik er det ikkje krav til vaktordning, og mannskapet her har derfor ikkje krav til responstid ved utkalling. For å sikre tilgjengelege resursar, vert det derfor likevel sett vaktlag ved behov i feriar og høgtider.

I Ålvik er brann og redningstenesta organisert i eit samarbeid med industrivernet ved Elkem Bjølvefossen. Mannskapet er derfor tilsett ved Bjølvefossen, men rykker og ut til hendingar utanfor bedrifta sitt område.

### Utvalde KOSTRA-tal:

	Kvam		Gruppe 11	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
	2013	2014	2014	2014	2014	2014
Årsgebyr for feiing og tilsyn (gjelder rapporteringsåret +1)	420	438	395	408	415	415
Årsverk til funksjon 338 pr. 1000 innbyggere	0,35	0,35		0,24	0,25	0,23
Andel A-objekter som har fått tilsyn	80,7	127,6	79,8	82,8	81,6	80,9
Andel piper feiet	71,1	86,3	44,9	36,7	41,2	40
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,41	0,47		0,76	0,73	0,72
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,35		0,54	0,59	0,5	0,49

### Utfordringar:

- Grunna utskifting av mannskap, er det ein kontinuerleg utfordring å sikre nødvendig/påkravd opplæring av nytt og eksisterande mannskap.
- Avdelinga har utfordringar knytt til handtering av HMS-krav om skilje mellom rein og skitten sone. Dette gjeld særleg tilhøva ved brannstasjonen i Norheimsund, som tykkjast lite eigna for framtidig bruk som brannstasjon.
- Avdelinga har utfordringar knytt til ein aldrande og til delvis lite eigna maskinpark. Dette set høge krav til sertifisering av mannskap, samt medfører til dels svært mykje vedlikehaldsarbeid på deler av maskinparken.

**Mål:**

- Gjennomføre ein organisasjonsgjennomgang av avdelinga.
- Sikre nødvendig kompetanse gjennom eit utdanningsprogram i samarbeid med Lindås, Meland, Fjell og Sund kommune.
- Legge til rette for ein planmessig fornying av maskinparken, samt sikre at denne vert billegare og meir føremålstenleg enn den eksisterande.
- Styrke det førebyggjande arbeidet, særleg knytt opp mot eldreomsorga.

**Økonomiske rammer:**

<b>Brann og ulykkesvern</b>	<b>Rekneskap 2014</b>	<b>Budsjett 2015, justert</b>	<b>Endring 2015/2016</b>	<b>Bud 2016</b>	<b>Bud 2017</b>	<b>Bud 2018</b>	<b>Bud 2019</b>
338 Førebyggjing av brannar og andre ulukker	544	216	702	918	723	548	648
339 Beredskap mot brannar og andre ulukker	6 153	5 341	1 350	6 690	6 465	6 465	6 465
<b>Brann og ulykkesvern</b>	<b>6 696</b>	<b>5 557</b>	<b>2 052</b>	<b>7 608</b>	<b>7 188</b>	<b>7 013</b>	<b>7 113</b>

Helg- og høgtidstillegget aukar med 0,1 mnok i 2016 i høver 2015. Det er ein auke på 0,4 mnok i kjøp av feietenester etter ny avtaleinngåing. I tillegg har inntektene vore lågare enn tidlegare budsjettert med 0,2 mnok. Feieavgiftene må aukast i økonomiplanperioden for å dekkja inn utgiftene, og det er lagt inn ein auke på 0,2 mnok i 2017 og 0,4 mnok i 2018, men redusert til 0,3 mnok i 2019.

Det er ein kraftig auke i funksjon 339. Det er ein lønsvekst på 0,2 mnok og 0,3 mnok i faste tillegg. I tillegg er det ein stor auke knytt til det nye naudnettet på 0,4 mnok. Det er og lagt inn vel 0,2 mnok som tilskot til kjøp av ny redningsbil i Ålvik. Elles er det andre mindre utgiftsauke på om lag 0,2 mnok.

## 6.14 Samferdsel og grøntanlegg

### Om tenesteområdet:

Arbeidet med kommunale veg og anlegg høyrer saman med VA og park under avdeling for kommunalteknikk i teknisk eining.

Kvam herad har om lag 110 km kommunal veg, fordelt over heile kommunen.

Talet på bruer er 20 stk.

Arbeidsoppgåver knytt til vegnettet er t.d.; kantklypping, spyling, tømning av sandfangkummar og drenerør, grøfing, hogst langs vegane, og lapping med oljegrus i holer. Klargjering og planlegging for asfaltering av kommunale vegar og anlegg skal og utførast.

Om vinteren driv avdelinga med brøyting, strøing og skraping. For å klare vinterdrifta er brøyting av ein del av vegnettet sett ut til private (14 underentreprenørar) som har avtale med kommunen. Kvam herad har i tillegg brøyting i Norheimsund sentrum og Vikøy for (NCC 3-4 år att av kontrakt).

Til drift av veg og anlegg, har avdelinga 5 stillingar. I tillegg kjem ein oppsynsmann som og har ansvar for gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

Parkarbeidet i kommunen høyrer saman med VA og veg under avdelinga for kommunalteknikk i teknisk eining.

Parkavdelinga har stor variasjon i arbeidsmengda over årstidene med over 60 grøntanlegg som skal vedlikehaldas om sommaren. Resten av året vert nytta til rehabilitering av områda, kontroll og ettersyn.

Heradsgartnaren har også kontroll av leikeutstyr på uteområde som oppgåve om vinteren.

Park har ansvaret for renovasjon i parkanlegg i Øystese og Norheimsund. For å ta hand om «slått og stell» om sommaren er ein avhengig av å nytte sommarvikarar i tillegg til egne tilsette.

Innan park har ein normalt 2 stillingar fordelt på 1,5 årsverk. Somarstid vert bemanninga auka til mellom 7-8 personar

### Utfordringar:

- Avdelinga har utfordringar knytt til ein gamal maskinpark (spesielt mindre hjullastarar og spyleutstyr). Unødvendig mykje tid går med til vedlikehald og reparasjonar, noko som får konsekvensar for driftsoppgåvene. Maskinpark vert sett på ein knallhard prøve. Teknisk er heilt avhengig av utstyr som fungerer i normal drift og i beredskap.
- Tilrettelegging og oppfølging av større prosjekt som Kvammapakken krev og store ressursar frå drift, som gjer at ein får mindre tid til å planlegge eigne mindre prosjekt- og driftsoppgåver.
- Grunna store nedbørmengder har Kvam vorte råka av fleire store og mindre ras dei siste åra. Dette er truleg noko ein berre vil få meir av i framtida, og gjev store utfordringar for kapasiteten, maskinpark og økonomisk.  
I periodar med mykje nedbør og ras er ein sårbar og låser heile avdelinga sine ressursar til å handtere dette. I ettertid får ein mykje meirarbeid knytt til planlegging og gjennomføring av utbetringar, noko som får store konsekvensar for andre driftsoppgåver. Døme på dette er utbetring av Klyvevegen og vegen til Skutlaberg.
- Utgifter til drift og vedlikehald av veglysa i kommunen har auka kraftig dei siste åra. Dette er truleg ein trend som ville halde fram, og det vil verta naudsynt store utskiftingar dei komande åra.

- Det er utfordrande å tilfredstille innbyggjarane sine krav og ynskjer knytt til drift og vedlikehald av t.d. asfaltdekke og vinterbrøyting. Innbyggjarane sine forventningar til t.d. brøyting står ofte ikkje i forhold til Kvam herad sine serviceerklæringar knytt til snødjupn.
- Lovpålagte krav til kontroll og pålagt vedlikehald av bruer, stikkrenner og murar som er på sig. I tillegg er det vanskeleg å finne tid og økonomiske midlar til å planlegge og gjennomføre utbetringane.
- Drift av kommunale anlegg og kyrkjegardar innanfor den gjevne økonomiske ramma
- Skaffe nok arbeidskraft til sesongoppgåver tidleg og seint på sommaren
- Ein har eldre maskinpark og store utfordringar knytt til gjenge på nok bilar i sommarsesongen.

#### Mål:

- Kartlegge kommunalt vegnettet betre og få ein status på dette
- Utsifting av ein del av maskinpark for bl.a. å utføre eiga drift og bl.a. ivareta brøytekontraktar.
- Tilretteleggja betre for vedlikehald av eigen maskinpark
- Oppgradera ein del utsette bekkeinntak
- Rassikring av kommunale vegar
- Større fokus på overvatn og sikring knytt til dette etter utført ROS-analyse
- Utarbeide strategi for drift av veg og anlegg
- Vere med å planlegge/tilretteleggja for vedlikehald og enkel drift av uteområde knytt til nye kommunale byggeprosjekt
- Ferdiggjere parkplan og tidsbruk (slått og stell) knytt til kvart uteområde
- Utarbeide strategi knytt til drift park og uteområde
- Gjennomgang av interne rutinar
- Gjennomgang av HMS rutinar

#### Økonomiske rammer:

Samferdsle og grøntanlegg	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
330 Samferdsleverksemder / transporttiltak	1 865	56	-56	0	0	0	0
332 Kommunale vegar, miljø- og trafikksikringstiltak og	7 616	7 279	291	7 571	7 271	7 271	7 271
335 Rekreasjon i tettstad	1 497	1 850	-446	1 404	1 404	1 404	1 404
<b>Samferdsle og grøntanlegg</b>	<b>10 978</b>	<b>9 185</b>	<b>-210</b>	<b>8 975</b>	<b>8 675</b>	<b>8 675</b>	<b>8 675</b>

Det er ikkje budsjettert noko på funksjon 330 i økonomiplanperioden. Tidlegare budsjettpostar har vore knytt til samferdselsrapportar.

Det ligg ein mellombels auke på 0,3 mnok i 2016 til eit driftsprosjekt for kartlegging av kommunale vegar.

Reduksjonen på 0,5 mnok i funksjon 335 Rekreasjon i tettstad skuldast omfordeling av lønskostnader til andre tenester.



## 6.15 Vatn, avlaup og renovasjon/avfall (VAR)

### Om tenesteområdet:

Kvam herad har 5 vassverk, 12 trykkaukestasjonar, 10 høgdebasseng og eit om lag 130 km langt distribusjonsnett for drikkevatn. Vasstrykk til abonnent minimum 2 bar, trykk mellom 3 - 6 bar (retteleiar).

Avløpsnettet er noko kortare, om lag 90 km. Kvam har kommunale nett og anlegg fordelt på heile kommunen.

Kvam har 30 pumpestasjonar og pr. i dag 2 reinseanlegg (silanlegg) for avløp. I tillegg til dette eit høgt tal på kummar for forsyning av drikkevatn og mottak av avløp fordelt over heile kommunen. Arbeidsoppgåver knytt til vatn er t.d.; drift og tilsyn av drikkevasskjelder/inntak/vassverk/pumpestasjonar/reinseanlegg, prøvetaking på drikkevatn og avløp, utspyling av vassleidningsnettet, reingjering av høgdebasseng lekkasjesøk og videokøyring på nettet og badevassprøvar for å nemne noko.

4 stillingar fordelt på 3,8 årsverk driftar VA-nettet og anlegga, samt driftsleiar VA som i tillegg har ansvar for gjennomføringa av fleire investeringsprosjekt.

Innsamling av slam vert utført av totalleverandør og innsamling avfall skjer i regi av BIR.

### Utfordringar:

- Tilrettelegging og oppfølging av større VA-prosjekt i Kvammapakken krev også store ressursar frå drift, som gjer at ein får mindre tid til å planlegge eigne mindre prosjekt- og driftsoppgåver.
- Mange lekkasjar på private vatn- og avløpsnett, spesielt på Kvamskogen etter vintrar med mykje snø.
- Auka nedbør og medrivning langs elv fører til dårlegare vasskvalitet inn til vassreinseanlegg
- Kommunen har utfordringar knytt til gamal maskinpark (spyleutstyr) Godt spyleutstyr er viktig for å halde opne avløpsanlegg, og viktig som klargjering før videoinspeksjon (dokumentere fakta før evt utbetringar).
- For mange «gode» prosjekt som burde vore gjennomført, men som ein ikkje kjem i gang med pga. manglande kapasitet til planlegging og prosjektering.
- Det kan vere utfordrande å tilfredstille utbyggarar sine krav og ynskjer knytt til vassforsyning og drift og vedlikehald av dette
- Det er vanskeleg å oppfylle lovpålagte krav med tidsfristar frå Mattilsynet (drikkevatn) og fylkesmann(avløp) knytt til forbetringar på vassverk og reinseanlegg pga. kapasitetsproblem
- Som for veg og anlegg må ein ha fokus på overvassproblematikken då ein har ein del felles system (avløp og overvatn).

### Mål:

- Utarbeide nye kommunedelplanar både for vatn og avløp
- Arbeide vidare med detaljplanar og bygging av nytt forbetra reinseanlegg for oppsamling av «småutslepp» langs fjorden(miljøtiltak)
- Utsifting av ein del av maskinpark for bl.a. spyling og videokontroll
- Oppgradera ein del utsette vassinntak
- Oppgradera ein del viktige trykkreduksjonskummar
- Større fokus på drikkevatn og sikring knytt til dette etter utført ROS-analyse
- Utarbeide strategi for drift av vatn og avlaup
- Gjennomgang av rutinar, evt. laga nye på fleire anlegg.
- Gjennomgang av HMS rutinar

Økonomiske rammer:

VAR og slam	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
340 Produksjon av vatn	2 405	2 517	1 299	3 816	3 516	3 516	3 516
345 Distribusjon av vatn	-5 951	-9 678	1 580	-8 097	-11 674	-11 974	-12 294
350 Avlaupsreinsing	1 472	1 074	695	1 769	1 769	1 769	1 769
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-2 955	2 778	-5 862	-3 084	-3 675	-4 075	-4 575
354 Tømming av slamavskillere	-390	-532	1 129	598	578	578	478
355 Innsamling av avfall	-1 101	-1 000	83	-918	-1 018	-1 018	-1 018
<b>VAR og slam</b>	<b>-6 522</b>	<b>-4 841</b>	<b>-1 076</b>	<b>-5 917</b>	<b>-10 504</b>	<b>-11 204</b>	<b>-12 124</b>

Produksjon av vatn er auka med 0,9 mnok som ei følgje av ei omfordeling mellom VA-tenester. I tillegg ligg det inne eit kjøp på 0,3 mnok til konsulent for fjerning av dam på Solhaug. Denne utgifta fell vekk i resten av øk.plan.

Løn i funksjon 345 er redusert med 0,6 mnok for overføring til andre VA-tenester. Inntektene er redusert med 2,1 mnok. Inntektene aukar i resten av perioden igjen, som er forklaringa på endringane i 17-19.

Lønsutgiftene på funksjon 350 aukar som følgje med 0,5 som følgje av omfordeling. Andre utgifter aukar med 0,2 mnok.

Lønsutgiftene på funksjon er redusert med 0,5 mnok som følgje av omfordeling. Inntektene er redusert med 5,5 mnok på grunn at ein må tappa opparbeidde fondsmidlar på området. Inntekta aukar i resten av perioden igjen.

Lønsutgiftene på funksjon 354 er auka med 0,4 mnok etter omfordeling, og avtalen på slaminnsamling har vorte 0,2 mnok dyrare.

Det er lagt inn 0,1 mnok i auka utgifter til innsamling av avfall for ny tilsynsavtale med BIR. Avtalen ligg berre inne i 2016. VAR-noten for 2016 er vist i tabellen nedanfor:

Tekst	Vatn	Vatn Kv.sk	Avløp	Avløp Kv.sk	Slam	Avfall	Totalt
Direkte kostnader	5 872	843	3 441	1 009	2 213	351	13 729
- Refundert sjukeløn	-4	0	-4	0	0	0	-9
<b>= Korrigerte direkte kostnader</b>	<b>5 867</b>	<b>843</b>	<b>3 437</b>	<b>1 009</b>	<b>2 213</b>	<b>351</b>	<b>13 720</b>
+ Indirekte kostnader (Adm, lokaler	396	199	364	194	119	40	1 311
- Frådrag for andre inntekter	0	0	0	0	0	-1 309	-1 309
+ Avskrivningar	3 592	1 965	1 791	835	14	342	8 539
+ Kalkulatoriske renter	1 620	1 080	893	1 286	3	116	4 996
<b>=Avgiftsgrunnlaget (utgifter)</b>	<b>11 475</b>	<b>4 087</b>	<b>6 485</b>	<b>3 323</b>	<b>2 348</b>	<b>-460</b>	<b>27 258</b>
Gebyrinntekter årsgebyr	-9 521	-603	-4 910	0	-1 680	0	-16 713
Gebyrinntekter tilknytningsgebyrer	-156	-600	-198	-612	0	0	-1 566
- Kalkulatoriske renter på fond	-42	0	0	-182	0	0	-224
<b>Driftsinntekter</b>	<b>-9 719</b>	<b>-1 203</b>	<b>-5 108</b>	<b>-794</b>	<b>-1 680</b>	<b>0</b>	<b>-18 503</b>
<b>Driftsresultat VAR</b>	<b>1 756</b>	<b>2 884</b>	<b>1 378</b>	<b>2 530</b>	<b>668</b>	<b>-460</b>	<b>8 755</b>
Avsetning til fond	2 976	0	4 914	0	0	460	8 350
Bruk av fond	-4 732	-2 884	-6 291	-2 530	-668	0	-17 105
<b>Bruk /avsetning til fond</b>	<b>-1 756</b>	<b>-2 884</b>	<b>-1 378</b>	<b>-2 530</b>	<b>-668</b>	<b>460</b>	<b>-8 755</b>
<b>=Finansiert frå driftrekneskapen</b>	<b>(0)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 6.16 Kultur

### Om tenesteområdet:

#### Idrett

Det er 26 registrerte idrettslag i Kvam, nokre store med fleire hundre medlemer og nokre små med berre eit titals medlemer. Det er eit breitt aktivitetstilbod særleg for born og unge, og noko mindre variasjon i tilbodet til vaksne og eldre. Frå 2007 har det vore om lag 3 800 idrettsmedlemskap i Kvam (inkludert dobbeltmedlemskap).

Kommunen er godt dekkja med relativt gode anlegg i heile kommunen. Dette gjeld både idrettshallar og idrettsplassar. Anlegga legg til rette for fysisk aktivitet både for gammal og ung. Fleire nye anlegg er også under planlegging. Dette gjev eit godt grunnlag for å driva idrett både på breidde og toppnivå. Mange bidreg til drift og vedlikehald av anlegga, men det er òg ei utfordring å oppretthalda eit godt vedlikehald på alle idrettsanlegga.

Deltaking i idrett og andre frivillige aktiviteter er viktig for integrering. Norske foreldre møter kvarandre rundt dei organiserte aktivitetane til borna. I lokalmiljøa er møta i frivillige organisasjonar ei vanleg samværsform.

Kvam herad ynskjer å bidra til å oppretthalda eit godt idrettstilbod i kommunen. Kommunen sitt arbeid med idrett er fordelt mellom fleire stillingar innafor samfunn og utvikling. Kvam idrettsråd er eit nyttig bindeledd og kontaktpunkt mellom kommunen og idrettslaga. Det er jamlege møte mellom kommunen og idrettsrådet, og samarbeidet kan utviklast vidare.

Grunnlaget for ny skytebane i Vangdalsåsen er godt i gang. Kvam herad bidrege med 13,5 mnok kr til felles infrastruktur og grunnverv. Kvam herad er også observatør i skytebanenemnda.

Sidan 2013 har det vore betaling for bruk av kommunale basseng. Dette er ført vidare for 2015/2016. I samsvar med heradsstyrevedtaket har idrettslaga teke på seg organiseringa av den offentlege badinga i Ålvik og Strandebarm. Det er ikkje offentleg bading i Øystese og Norheimsund, men ulike lag og organisasjonar leiger kommunen sine basseng til sine medlemmar.

Utfylling i Vikøyevjo i samband med Kvammapakken har ført til at det kan verta realistisk med eit nytt velfungerande idrettsanlegg der i løpet av økonomiplanperioden.

Idrettslaga i Norheimsund arbeider med planar for nytt idrettsanlegg på Haugamyrane. Målet med arbeidet er å få til;

- Eit anlegg for «alle» - små og store, organisert og uorganisert aktivitet, som skal stimulera til fysisk aktivitet. Ulike aktørar kan nytte området på ulike tider: barnehagar, skule, idretten, møteplass for barn, unge, vaksne og eldre.

Heradsstyret har gjort vedtak om å vera med i det vidare arbeidet for å realisera Hardangerbadet. Kommunen skal i den samanheng stå for bygging av 25 m basseng og opplærings- og terapibasseng. Hardangerbadet vil bidra til nye og moderne idrettsanlegg i kommunen.

## Friluftsliv

I Kvam har me ein variert natur, med fjorden og med fjellet, og me kan by på flotte naturopplevingar heile året. Innbyggjarar og tilreisande har mange og gode moglegheiter for friluftsliv til ei kvar tid. Å gå tur er ein aktivitet som stiller lite krav til utstyr. Nær sagt alle målgrupper kan bli med på tur tilpassa sitt nivå. Men det er også mange som driv med aktivitetar som krev meir tilrettelegging og som krev meir utstyr.

Friluftsliv er ein god arena for integrering. Her kan folk møtast for ein prat, laga mat, leika, plukka bær, bada, fiska med meir. Nærfriluftslivet er viktig å utvikla for å nå fleire målgrupper.

Dei siste åra er det blitt gjennomført ein stor dugnad når det gjeld merking og gradering av turvegar. Det er eit mål at det blir utarbeidd turomtalar av alle turane som er merka og gradert. Desse skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta.

Frå 2014 har Kvam herad vore medlem av Bergen og omland friluftsråd (BOF). Det har vore svært positivt. Fleire friluftsområde langs kystlinja har fått ei oppgradering. BOF er også ein viktig motor i arbeidet med å tilretteleggja for friluftslivsaktivitetar på Kvamsskogen.

2015 har vore friluftslivets år. Dette har vore markert ved fleire høve av lag og organisasjonar og av Kvam herad. Kvam ønskjer å leggja til rette for framleis godt samarbeid omkring friluftsliv i kommunen. Ein ny idretts- og friluftslivsplan kan sikra friluftsområde og gode tiltak for å få flest mogleg til å delta.

## Kultur

Kvam framstår som ein sterk kulturkommune, med stor aktivitet innan både frivillig og profesjonell kulturverksemd. Hardanger fartøyvernsenter er den største kulturarbeidsplassen med kring 35 årsverk. Som eitt av tre nasjonale fartøyvernsenter har Kvam her ein institusjon som spelar ei nasjonal rolle og som dreg statlege og fylkeskommunale midlar til kommunen. Vår og haust driv fartøyvernsenteret leirskule om bord på S/J Mathilde. Saman med kunsthuset Kabuso, Ingebrigt Vik museum og Kvam bygdemuseum er Hardanger fartøyvernsenter ein del av Hardanger og Voss museum. Kvam har også museum som ligg utanom Hardanger og Voss museum (Ålvik industriarbeidarmuseum, Tørvikbygd bygdemuseum). Det privateigde Kinck-tunet fungerer som kulturarena både som museum og arrangementsstad. Summen av dette gjer Kvam til ein av dei mest interessante museums kommunane i Hordaland.

Kommunen har mange kunstnarar buande, dels som eit resultat av målretta arbeid for å leggja til rette for dette. Kunstnarforumet Harding Puls er ein motor i det profesjonelle kunstarbeidet. Organisasjonen driv Galleri Puls i Norheimsund, og gjennomførte i 2015 del 2 (av 3) av landskapskunstprosjektet Himmel og fjord. Kunstnarhuset Messen i Ålvik er eit kreativt tyngdepunkt, med atelier for kunstnarar som bur i kommunen, og ikkje minst ei omfattande gjestekunstnarverksemd der profesjonelle kunstnarar frå heile verda søker opphald.

Kvam har kring 150 frivillige lag og organisasjonar. Ein stor del av innbyggjarane er med i ein eller fleire av desse, og organisasjonslivet er ein av berebjelkane i samfunnet. Grannehjelpa er eit knutepunkt for mykje godt frivillig arbeid, og Kvammaveka 2015 var ein manifestasjon av kor stort og viktig det frivillige samfunnsengasjementet er. Eit svært aktivt og veldrive frivillig lag, Kvam turlag, fekk kulturprisen for Kvam i 2015.

Dei mange festivalane i Kvam er spydspissar i det frivillige arbeidet. Kvam vert positivt profilert

gjennom slike som: Bygdalarm, Hardingtonar, Hardanger trebåtfestival, Hardanger frukt- og siderfestival, Ålvik Rock, Kinck-dagane.

Utdanningslova seier at alle kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod. Kvam har systematisk utvikla ein god kulturskule for heile kommunen, og både lærarane og elevane er aktive og viktige aktørar i kulturlivet. Sidan 2014 har kulturskulen vore ein del av kulturavdelinga i kommunen. Kulturskulen fekk ein auke i elevmassen hausten 2015, og det er 381 ordinære elevar i kulturskulen skuleåret 2015-16. Kulturskulen har ansvaret for Den kulturelle skulesekken, UKM (no: Ung Kultur Møtes), Bornas verdsdag og Fleire fargar.

Kvam kino viser film to kveldar per veke, med hovudvekt på premierar og film for born og unge. Kinoen samarbeider med Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, Senioruniversitetet, Kvam Filmklubb, Trivselsleiarar, Kvammaveko og dei vidaregåande skulane i kommunen. Besøkstalet var 6321 i 2014, fordelt på 185 framsyningar.

Kulturavdelinga har i 2015 vore eit viktig bindeledd mellom det offentlege og andre aktørar innafor kulturfeltet, slik at små og store arrangement når ut til kommunen sine innbyggjarar. Strategisk kulturplanlegging, handsaming av tilskotsordningar, prosjekt, søknader om eksterne tilskot osv. er ein ressurskrevjande del av arbeidsfeltet innafor kultur, i tillegg til at kulturkontoret i nokre tilfelle er samarbeidspart i gjennomføringa av arrangement og prosjekt. I 2015 var 150-årsjubileet for Hans E. Kinck eit slikt tiltak, der kulturkontoret bidrog i utforminga og gjennomføringa av eit omfattande og vellukka program.

Integreringsarbeid er ein naturleg del av kulturkontoret sitt arbeid. Tilskotsordningane til lag og organisasjonar har ei innretning som gjer at dei som søker skal syna sine planar for integreringsarbeid. Framover vert det viktig å gjennomføra strategiane i Kvam herad sin nye integreringsplan.

### Bibliotek

Etter gjennomføring av innsparingstiltak, har biblioteket ca. 3,2 årsverk fordelt på bibliotek i Norheimsund, Ålvik og Strandebarm. I Ålvik er biblioteket lokalisert i kafélokala i sentrum, medan filialen i Strandebarm er på skulen. Bibliotek er eit lågterskuletilbod for fagleg rettleiing og offentleg informasjon for innbyggjarane i kommunen, og viktig som møtestad også i integreringsarbeid. Avdelinga er knytt til Informasjonsavdelinga for å utnytta informasjonskompetansen. Kvam bibliotek er eit ledd i eit nasjonalt biblioteksystem. Biblioteket skal ha til oppgåve å fremja opplysning, utdanning og annan kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stilla bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle innbyggjarar. Biblioteket skal vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

### Støttekontakt

Tiltaket med støttekontakt er regulert i Lov om kommunale helse- og omsorgstenester, §3-2, punkt 6. Lova regulerer ikkje tal støttekontakttimar pr. person. Pr i dag har Kvam herad tilsett ca. 100 støttekontaktar. Kulturkontoret rekrutterer og tilset støttekontaktar ut frå vedtaka.

## Utfordring:

Det er stor aktivitet og det vert gjort mykje godt arbeid i mange idrettslag. Mange av idrettslaga arbeider med å byggja nye anlegg og fornya gamle anlegg. Dette er kostbart og idrettslaga sjølve har ikkje moglegheit til å byggja anlegga utan bidrag i frå kommunen, anten i form av lån, forskotering eller direkte tilskot. Utan kommunen sitt bidrag kan engasjementet og evna til å bidra, gjera sitt til at det ikkje er mogleg å få realisert anlegga eller at framdrifta vert forseinka eller at anlegga vert skubba ut i tid. Prioriteringane som i dag vert gjort når det gjeld idrettsanlegg er basert på idretts- og friluftsplanen i frå 2005. Kvam herad bør difor få på plass en ny idretts- og friluftsplanen, der me kan realitetsorientera oss i høve til tilgjengelege ressursar.

Ordninga med at idrettslaga tek på seg å organisera den offentlege badinga i Ålvik og Strandebarm, er ressurskrevjande for idrettslaga og er avhengig av at ivrige eldsjeler tek på seg dette arbeidet. Utfordringa utover i økonomiplanperioden vil vera å få til ei offentleg bading der idrettslaga framleis tek på seg dette ansvaret. Badinga er viktig som grunnlag for symjeopplæring og for å fremme folkehelsa i kommunen. I motsetnad til bassenga, er det gratis bruk av idrettshallane.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika på utfordringane rundt press i strandsonen, nedbygging og utbygging i sårbare fjellområde. Samstundes skal me også vera klar over bit for bit nedbygging som kan gjera sitt til at tidlegare akebakkar forsvinn, små viker i strandsonen vert bygd ned eller fylt ut. Noko som kan vera i stor konflikt med nærfriluftslivet. Det er og ei utfordring å gjera fleire friluftsområde universelt utforma.

Fleire av friluftsområda er vanskeleg å nå med offentlege kommunikasjonar, og det vert for einskile målgrupper ein høg terskel å nytta dei. Det er ei utfordring å leggja til rette for ulike typar transport til desse områda. Det som er svært positivt i den samanheng er at det no vert bygd gang- og sykkelveggar i sentrale område, slik at fleire område vert gjort tilgjengeleg for gåande og syklende.

Det bør vera ein ambisjon å nytta nærfriluftslivet meir. Dette er eit lågterskeltilbod som med fordel kan få meir merksemd. Kommunen har saman med frivilligheita ei utfordring i å vedlikehalda stiar og turveggar både i nærområda og elles.

Mange frivillige og grunneigarar gjer i dag mykje godt arbeid for å vedlikehalda stiar og turveggar som kjem alle til gode. Dette er eit viktig arbeid som må oppretthaldast og i tida framover.

Idretten har eit godt kontaktforum med kommunen gjennom Kvam idrettsråd. Friluftslivet har ikkje noko tilsvarande, og kan dermed falla utanfor i enkelte samanhengar.

Det er ei hovudoppgåve å gje kulturtilbod til alle, uansett funksjonsnivå og kulturelle/sosiale barrierar. Dette arbeidet krev store ressursar, samarbeid med ulike etatar og frivillige lag og organisasjonar. Økonomiske verkemiddel, tilskot og samarbeid er avgjerande for gode resultat. Dei fleste tilskot til frivillige lag og organisasjonar har stått uendra eller vorte reduserte i siste perioden. Ideelt burde tilskota vorte auka, medan reduksjon vil kunna gå ut over aktivitetsnivået.

Musea i kommunen har utfordringar knytt til vedlikehald av bygningar og samlingar, og bruk og formidling av desse. Dette vil krevja store ressursar over tid. Messen har ei liknande utfordring. På same vis som for frivillige lag og organisasjonar, har dei fleste tilskota til kulturinstitusjonane ikkje følgd prisveksten, og i nokre tilfelle vorte reduserte.

Kvam har svært mange kulturminne, og det er ei stor oppgåve å gje desse ei god forvaltning. Kulturminneplanen vil peika på utfordringar knytt til vern av kulturminna, og til å utnytta desse som ressurs.

Kommunen sitt innhaldsrike lokalhistoriske arkiv er lite kjent for ålmenta i dag, og må systematiserast og gjerast betre tilgjengeleg, også ved digitalisering av materiale.

Rammevilkåra for bibliotektenesta i Kvam har endra seg og det er behov for å revidera bibliotekplan for å utarbeida nye mål og strategiar for denne tenesta

Digitaliseringa av kinoen er framleis i utvikling, og oppgraderingar av utstyr er nødvendig for å gje publikum gode kinoopplevingar. Ungdomshallen i Norheimsund er nytta til kino, samt at Ungdomsbasen er i kjellaren. Bygget har behov for oppgraderingar både ute og inne.

Vedtak om støttekontaktimar vert gjort ut frå søknad og faglege vurderingar, og behovet for støttekontakt er aukande. Personar i ulik alder og med ulike utfordringar/behov har behov for støttekontakt. Støttekontakt skal nyttast i fritida til den enkelte, og det er behov for rettleiing og oppfølging. Det er utfordringar knytt til rekruttering av støttekontaktar, både når det gjeld alder, felles interesser, kva timane skal nyttast til mm. Det vert arbeidd med tiltak både individuelt og i grupper. Dette er eit krevjande og utfordrande arbeid,- og det er viktig å utarbeida gode tiltak både for dei som treng ein- til –ein støttekontakt, og dei som kan delta i grupper.

#### **Mål:**

- I Kvam vil me dyrka fellesskapet mellom kommunen og det frivillige for å leggja til rette for folk sin trivsel og helse.
- I Kvam skal me leggja tilhøva til rette slik at frivillig sektor får gode levevilkår og utviklar seg
- Vidareutvikla møteplassar og stimulera til kulturtilbod for alle i kommunen, - der ein har fokus på inkludering og integrering for alle aldersgrupper.
- Få til ei god integrering av nye kvemningar frå inn- og utland.
- Gje godt kinotilbod til alle aldersgrupper med hovudvekt på barn og unge, og få rusta opp kinobygget i Norheimsund.
- Koma vidare med prosjektet-Kvammalokk revisited (Bulyst).
- Utgreia retningsliner for tildeling av kommunalt tilskot innan kulturfelt.
- Kulturminneplan skal gjerast ferdig, og moment frå denne skal arbeidast inn i andre planar (arealplanar osv.)
- Revidera bibliotekplanen, men inntil vidare er målsetjinga for biblioteket fastlagt i bibliotekplan og Kommuneplanen 2002 -2014: «Biblioteket skal vidareutviklast til å vera ein lett tilgjengeleg møteplass for alle grupper, med tilgang på informasjon med høg kvalitet via tradisjonelle og nye media».

**Økonomiske rammer:**

Kultur	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
231 Aktivitetstilbod born og unge	356	512	-2	510	492	492	492
365 Kulturminnevern	-92	-100	300	200	0	0	0
370 Bibliotek	2 343	2 441	189	2 629	2 629	2 629	2 629
373 Kino	193	319	122	441	441	441	441
375 Museèum	136	819	1 982	2 801	801	801	801
377 Kunstformidling	483	644	-54	590	573	573	573
380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	2 120	1 505	-1 990	-485	-569	-569	-569
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	1 982	1 970	391	2 361	2 361	2 361	2 361
385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	3 228	2 719	-506	2 214	2 066	2 066	2 066
386 Kommunale kulturbygg	328	1 074	-310	764	764	764	764
<b>Kultur</b>	<b>11 078</b>	<b>11 905</b>	<b>120</b>	<b>12 024</b>	<b>9 557</b>	<b>9 557</b>	<b>9 557</b>

Endring i kostnader på funksjon 365 på 0,3 mnok er knytt til arbeid med kulturminneplan.

På bibliotek aukar diverse utgifter med 0,2 mnok.

Tidsforskyving av prosjekt gjer at Museum-funksjonen aukar med 2,0 mnok.

På funksjon 380 er det avslutning av Damveg prosjektet (2,9 mnok) som utgjer den store reduksjonen i kostnader.

I 2016 er det budsjettert med 0,5 mnok mindre i spelemidlar enn i 2015 på funksjon 381. I tillegg er det budsjettert med auke i tilskot til løypetrakking på Kvamskogen og på Sjusete på totalt 0,05 mnok, og det er lagt inn ei innsparing på andre tilskot på 0,035 mnok.

Kostnadene på funksjon 385 er redusert med 0,5 mnok fordi det i 2016 ikkje vert gitt like mange enkelttilskot som i 2015. I 2016 er lagt inn eit tilskot til Ingebrigt Vik jubileum på 0,1 mnok medan det i 2015 vart gitt 0,25 til flygel, 0,1 til Kinck og 0,33 til forskotering av spelemidlar.

I tillegg til alle nemnde endringar er det gjort justeringar på lønn til fordeling som for dette rammeområdet totalt utgjer ein auke på 0,12 mnok.

Det meste av endringane i økonomiplanperioden er knytt til prosjekt. I tillegg til prosjekt er det lagt inn innsparingskrav på tilskot til andre på 0,2 mnok kvart år. Arbeid med kulturminneplan og tilskot til Ingebrigt Vik jubileum gjeld berre for 2016.



## 6.17 Kyrkje

### Om tenesteområdet:

Kyrkjeleg fellesråd, andre religiøse føremål og kyrkjegardane i Kvam mottok årleg tilskot frå Kvam herad på over 5 mill.kr. I tillegg har kommunen hatt ei utgift på 0,2 mill.kr med stell av kyrkjegardane.

### Utfordringar:

Kvam er ein langstrakt kommune, og Kyrkjeleg fellesråd har same utfordringane som kommunen har hatt med desentralisert struktur og mange bygg med stort vedlikehaldsetterslep. Det statlege tilskotet forsvann i 2009. Kyrkjeleg fellesråd har arbeidd godt med å tilpassa drifta si seinare år, og for fyrste gang på mange år, innfrir kommunen rådet sitt ynskje om tilskot i budsjettframlegget.

### Mål:

Gode rammevilkår for kyrkja gjennom godt samarbeid.

### Økonomiske rammer:

Kyrkje	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
390 Den norske kyrkja	3 850	3 950	150	4 100	4 100	4 100	4 100
391 Kyrkjer	0	0	0	0	0	0	0
392 Andre religiøse føremål	222	175	70	245	245	245	245
393 Kyrkjegardar, gravlundar, krematorium	961	1 078	14	1 092	1 092	1 092	1 092
<b>Kyrkje</b>	<b>5 033</b>	<b>5 203</b>	<b>234</b>	<b>5 437</b>	<b>5 437</b>	<b>5 437</b>	<b>5 437</b>

For 2016 har rådet søkt om 5 mnok, ein auke på 3,1% frå 4,85 mnok. Andre religiøse føremål skal ha same tilskot pr. medlem som Kyrkjeleg fellesråd. Tilskotet til andre religiøse føremål aukar difor når tilskotet til Den norske kyrkja aukar, men varierer og med medlemstal. For 2016 er denne auka med kr 70.000 til kr245.000.

## 6.18 Finans og fellespostar

### Om tenesteområdet:

Under dette tema ligg nokre «restpostar» som ikkje høyrer heime i dei andre tenesteområda, eller i budsjettskjema 1A. Det gjeld intern overføring av integreringstilskot, motpost avskrivningar, bankgebyr/-avgifter og innsparingskrav på ein fellesfunksjon: 880. Innsparingskrava vert lagt på denne kontoen fordi det førebels ikkje er kjent kva tenesteområde innsparinga kjem på. Etter kvart som tiltaka kjem i gang, vert tiltaka ført ut av denne tenesta og inn på andre tenesteområde. I framlegg til vedtak er det foreslått at rådmannen får fullmakt til å fordela desse krava på dei andre tenesteområda. Fordelinga vil verta rapportert i tertialar.

### Økonomiske rammer:

Finans og fellespostar	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019
850 Generelt statstilskot vedk. flyktningar m.v.	0	0	750	750	750	750	750
860 Motpost avskrivningar	-31 189	-37 086	-2 693	-39 779	-46 717	-48 762	-48 762
870 Renter / utbyte og lån	-646	50	50	101	101	101	101
880 Interne finansieringstransaksjonar	700	0	-6 800	-6 800	-9 850	-10 350	-9 450
<b>Finans og fellespostar</b>	<b>-31 135</b>	<b>-37 036</b>	<b>-8 692</b>	<b>-45 728</b>	<b>-55 717</b>	<b>-58 262</b>	<b>-57 362</b>

Det ligg inne ein auke på 0,8 mnok som gjeld halvårleg tilskot for flyktningar. Midlane er overført internt til morsmålundervisning i grunnskulen.

Avskrivningane aukar i perioden pga. det høge nivået på investeringsprosjekt.

Renteutgiftene doblar seg til 0,1 mnok i perioden

Det ligg ei rekkje innsparingskrav i perioden. På kva teneste det skal sparast er ikkje avgjort endå, og funksjon 880 er difor nytta.

## **6.19 Særtema: Kvam familie og læringscenter**

### **OM KFL:**

Eining for oppvekst er i gang med å etablere Kvam familie- og læringscenter (KFL). Intensjonen med å etablere Kvam familie og læringscenter er å bidra til betre tverrfagleg samhandling mellom tenestene til beste for barn og unge i kommunen, samt styrkje kunnskap og kompetanse som kan bidra til tidleg intervensjon og godt tverrfagleg tilbod.

Det er tilsett prosjektleiar i 40 % stilling for å leia prosjektet og bidra til planlegging og gjennomføring av målsetjingar i KFL. I tillegg er det tilsett ein person i 20 % som er ansvarleg for å fremje tverrfagleg arbeid og leggja fram plan for introduksjon av fleispråklege born/unge. Ellers er fagpersonar på alle avdelingar involvert i ulike nye tiltak som: familieteam, ungdomsteam, plan for førebyggjande ungdomsarbeid og tverrfaglege team kring introduksjon av fleispråklege born. Hovudsatsinga har 1.halvår vore på rutinar, tverrfagleg samarbeid, kompetanseheving og plan for arbeid med fleispråklege born i Kvam.

### Tenestene i KFL:

- Helsestasjon og skulehelsetenesta, inkludert jordmor og lege
- Kommunepsykolog og kommuneloped
- Støttesystem born i barnehage, rådgjevingsteneste tidleg innsats
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Barnevern, utekontakt og Kvam familiesenter

I tillegg vil andre tenester for born/unge som i dag er organisert under helse/omsorg vera ein naturleg del av KFL sitt tverrfaglege arbeid, som NAV, fysioterapitenesta for barn/unge og barnerehabiliteringsarbeidet.

### **UTFORDRINGAR I KFL:**

- Skaffa felles KFL-hus der tenestene vert samlokalisert, og avklara om KFL skal ha eigen leiar ved framtidig samlokalisering.
- Byggja opp gode system og rutinar mellom tenestene, redusera dobbeltarbeid («sløsing»), auka effektivitet og tverrfagleg kvalitet på tenestene.
- Behov for kompetanseheving i høve nasjonale føringar, felles utfordringar og spisskompetanse knytt til kjerneoppgåver i dei ulike avdelingane. Viktig at tenestene i KFL i framtida vert ein attraktiv arbeidsplass med høg fagleg kompetanse.
- Plan for KFL i høve førebyggjande arbeid kring barn, unge og familiar.

- Velfungerande digitale verktøy. For liten kapasitet og for liten hastighet på server, som tenestene sine dataprogram er knytt til. Tilsette brukar for mykje tid på dette, og det fører til forsinka journalføring og lite effektivitet (sløsing) i periodar.
- Rekruttera kvalifiserte personar til ledige stillingar i KFL. Fleire nasjonale evalueringsrapportar konkluderer med behov for auka kompetanse i hjelpetenestene for barn/unge. I åra som kjem vil det bli ledige stillingar i KFL som følgje av pensjonsavgang. Kommunen må allereie no ha eit bevisst forhold til dette slik at me greier å rekruttera høgt kvalifiserte personar til ledige stillingar. Å stå fram som eit kompetansemiljø med bevisst forhold til forskning og bruk av evidensbasert metodikk vil vera viktig i ein rekrutteringsprosess.
- Behov for koordinering av arbeid kring born/unge som har behov for samansette tenester og avklara roller og ansvar i samarbeidsrelasjonen.

## MÅL:

- Styrkja det tverrfaglege system-samarbeidet gjennom KFL .
  - Tenestene må framsnakka kvarandre og aktivt invitera kvarandre inn i samarbeidsfora både knytt til system og individnivå. Meir kunnskap om kvarandre sine kjerneoppgåver er eit viktig verkemiddel for å oppnå tettare samarbeid og meir forståing for kvarandre sine fagfelt.
  - KFL må aktivt informera ut om tenestene sine, både til foreldre og andre samarbeidspartar.
  - KFL-plan for samarbeid med barnehage og skule, jmf.støttesystem.
- Utarbeida kompetanseplan for KFL.
- Kvam herad vil vera opne for at interkommunalt samarbeid kan vera nyttig både på fagfelta til alle avdelingar i KFL, og inn mot førebyggjande arbeid blant barn-unge og deira familiar.
- Gje gruppetilbod til innbyggjarane ut frå behov.
- Fokus på førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Alle tenestene skal arbeida førebyggjande inn mot barn/unge. Kvam Herad har ved å etablera Kvam familie og læringscenter(KFL) teke eit større ansvar for lovkrav i t.d. barnevernlova om å driva førebyggjande arbeid.
- Alle barn og foreldre skal oppleve at alle tilsette møter dei med forståing og respekt. Tilsette har teieplikt.
- Plan for introduksjon av fleispråklege born. Saman med andre hjelpetenester i KFL og andre einingar få eit felles system kring introduksjon av flyktning- og innvandrarfamiliar, og leggja betre til rette for at dei få den hjelpa dei treng
- Vidareutvikling av «Familieteam» for komplekse saker som ikkje er løyst på lågaste nivå.
- Plan for førebyggjande ungdomsarbeid. Kva tiltak vil Kvam satsa på i høve ungdom? Vidareutvikling av «ungdomsteam», for komplekse saker knytt til ungdom som f.eks. dett ut av skule mm

- LOS for ungdom. I samband med KFL sitt arbeid med å utvikla tenestetilbodet til ungdom må LOS-tiltaket og tiltak som utekontakten i dag har ansvar for inngå som ein del av den totale tiltakspakken til ungdom.

## **6.20 Fellestema: Kommunale bygg**

### **Om tenesteområdet:**

Forvaltning, drift og vedlikehold av kommunale bygg og eigedomar er samla under avdelinga for FDV-Bygg i teknisk eining. Arbeidet i avdelinga omfattar bygningar og eigedomar (samla meir enn 70 000 m<sup>2</sup>) for alle tenesteområda, der utgiftene er fordelt på dei enkelte rammeområda. I tillegg er avdelinga ansvarleg for oppfølging av store og mindre investeringsprosjekt.

Til avdelinga høyrer 36 faste årsverk, der reinhald er utgjerd den klart største med 26 faste årsverk.

Samling av FDV-avdelingane for drift og vedlikehold, samt tekniske anlegg har vore klargjort i løpet av året, og ein ser fram til at dette vert realisert ca. ved årsskiftet mellom 2015 og -16. Då håpar me at dette vil gje positive endringar for tilsette, tenestetilbodet og brukarane me skal tena.

Små økonomiske rammer har ført til aukande etterslep og uløyste oppgåver. Brukarane si forventning er vanskeleg å etterkoma innanfor noverande økonomiske rammer. Følgjeleg er det store restansar på innkomne ynskjer, og responstida kan vera lang. Eit estimat på fullverdiforsikringsverdi av Kvam herad sine bygg er ca. 1,4 mrd. kr. Eit nøkkeltal på 2 % verdivedlikehold pr. år skulle dermed medføre eit årleg vedlikehaldsbudsjett på om lag 28 mnok.

Trygdebustadane, spesielt ved Hatlevegen i Norheimsund er sterkt slitte og skadde etter lite vedlikehold i for mange år. Difor vert spesielt desse bygga prioritert høgt komande år.

### **Utfordringar:**

- Nye bygg har meir omfattande driftskrav knytt til tekniske anlegg enn gamle bygg, kompetansekrava til vedlikehaldspersonell er aukande på mange område.
- Vedlikehaldsetterslepet er omfattande, og avgrensa personell og økonomiske ressursar gjer det utfordrande å hente inn dette etterslepet. Slik situasjonen er no, må avdelinga hovudsakleg prioritere driftsoppgåver på bekostning av nødvendig vedlikehold. Tenester ut over dette, til dømes i samband med leigde bustadar, oppfølging av leigetakarar, kontroll ved ut-/innflytting med vidare, er det vanskeleg å finne ressursar til.
- Aldersamansettinga hjå personalet i avdelinga medfører at ein kan få store utskiftingar i løpet av eit kort tidsrom. Det vil såleis kunne verta ei utfordring å sikre overføring av kunnskap om den kommunale bygningsmassen.

### **Mål:**

- Redusera vedlikehaldsetterslepet på eldre bygningsmasse.
- Sikre god standard på nye bygg.
- Lage gode oversiktlege vedlikehaldsplanar.
- Mest mogleg effektiv utnytting av tilgjengelege ressursar.
- Sikre god dialog og samspel med brukarar av dei kommunale bygga.
- Redusera heradet sin bygningsmasse der ein ikkje har noverande eller framtidige eigarbehov.
- Gjennomføre ein organisasjonsgjennomgang av avdelinga, samt sikre kontinuerleg forbetring i effektivitet og arbeidsmetodar.
- Slutføre arbeidet med internkontroll knytt til prosjektgjennomføring.

## 6.21 Fellestema: Sosiale kostnader inkludert premieavvik

Sosiale kostnader inkludert premieavvik							
Funksjon og rammer	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Politisk verksemd	482	499	-3	495	495	494	494
Adm. og fellesutgifter	-1 997	10 183	-10 795	-611	-661	-660	-660
Barnehagar	16 522	15 047	1 662	16 709	16 508	16 306	16 289
Grunnskule	31 373	28 538	1 788	30 326	30 098	29 895	29 806
Kommunehelse	5 361	4 835	0	4 836	4 831	4 826	4 821
Pleie- og omsorgstenesta	47 497	41 320	1 932	43 252	43 209	43 166	43 123
Sosialteneste og NAV	2 053	2 502	817	3 319	3 315	3 312	3 309
Barnevern	2 820	3 173	-479	2 694	2 692	2 689	2 686
Bustader	766	709	233	941	940	940	939
Plan	2 605	2 256	187	2 442	2 440	2 438	2 435
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	609	526	-33	493	493	492	492
Brann og ulykkesvern	1 694	1 459	124	1 583	1 581	1 580	1 578
Samferdsle og grøntanlegg	1 300	1 262	790	2 052	2 050	2 048	2 046
Vatn	1 797	1 609	-249	1 360	1 359	1 358	1 356
Kultur	1 673	1 580	27	1 608	1 606	1 604	1 603
Kyrkje	86	55	8	63	63	63	63
<b>Totalt</b>	<b>114 641</b>	<b>115 553</b>	<b>-3 990</b>	<b>111 563</b>	<b>111 019</b>	<b>110 550</b>	<b>110 380</b>

### Forklaring til endringar i budsjett for 2016:

Pensjonspremien for 2016 aukar med 5,8 mnok i forhold til 2015. Premieauken vert fordelt på dei ulike rammeområda. Forventa premieavvik for 2016 er på heile 16,7 mnok, 10,5 mnok høgare enn i 2015. Premieaviket er plassert på administrasjon og fellesutgifter i tabellen ovanfor.

Kostnaden til tidlegare års premieavvik aukar kvart år og er frå 2015 auka med 1,0 mnok til 9,5 mnok. Totalt sett er pensjonskostnaden til Kvam herad redusert med 3,6 mnok i forhold til 2015.

Reduksjonen medfører også ein reduksjon på arbeidsgjevaravgift på 0,4 mnok, totalt 4 mnok.


Det ligg nokre mindre innsparingar i planperioden.

### Andre opplysningar

Alle sosiale kostnader er tatt ut av tabellane på kvart rammeområde. Dette er gjort fordi endringane her oftast ikkje har direkte samanheng med drifta av rammeområde. Dei sosiale kostnadene inkluderer pensjon, premieavvik på pensjon, gruppelivsforsikring, arbeidsgjevaravgift, premieavvik av arbeidsgjevaravgift og redusert arbeidsgjevaravgift av trygderefusjon. Heller ikkje i statsbudsjett 2016 er det kompensert for dei høge pensjonskostnadene til kommunane.

### Pensjonskostnader og premieavvik

I kommunens rekneskap vert pensjonspremie til kommunens to pensjonsordningar KLP (sjukepleiarordninga og hovudordninga) og SPK (lærarar) utgiftsført. I henhold til den kommunale regnskapsforskriftens § 13 er det aktuarberekna netto pensjonskostnad som derimot skal belastast driftsresultatet. Dette gjer at driftsresultatet må korrigerast for differansen mellom betalt pensjonspremie og berekna netto pensjonskostnad, også kalla premieavvik. Kvam har stort sett kvart år betalt meir i pensjonspremie enn netto pensjonskostnad. Eit slikt positivt premieavvik forbetrar rekneskaper det året det oppstår. Året etter skal premieaviket tilbakeførast (amortiserast) med like store beløp over 7 år (tidlegare 10 og 15 år). Det vil seie at 1/7 av premieaviket skal belastast framtidige rekneskap kvart år. Sidan det amortiserte premieavvik berre aukar for kvart år som går, kan denne kostnad verta vanskeleg å handtera i framtida.



Diagrammet viser rekneskapstal 2008-2014



## 6.22 Fellestema: Avskrivningar

Avskrivningar				Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
Funksjon og rammer	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2015/2016	2016	2017	2018	2019
Politisk verksemd	38	322	-144	178	178	178	178
Adm. og fellesutgifter	2 721	3 110	887	3 997	4 737	4 773	4 768
Barnehagar	1 109	1 097	12	1 109	3 378	5 052	5 047
Grunnskule	6 932	10 112	332	10 444	10 492	10 482	10 471
Kommunehelse	199	184	0	184	184	183	183
Pleie- og omsorgstenesta	3 798	3 522	-26	3 497	3 948	3 944	3 940
Sosialteneste og NAV	0	15	6	22	22	22	22
Bustader	3 812	3 867	34	3 900	3 897	3 893	3 889
Plan	51	51	0	51	51	51	51
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	158	527	556	1 083	1 082	1 081	1 080
Brann og ulykkesvern	366	323	43	366	365	445	444
Samferdsle og grøntanlegg	2 336	2 564	5	2 569	3 162	3 403	3 400
Vatn	5 829	7 504	1 035	8 539	11 318	11 306	11 295
Kultur	3 841	3 889	-49	3 841	3 857	3 853	3 849
Motpost avskrivningar	-31 189	-37 086	-2 693	-39 779	-46 671	-48 665	-48 617
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Andre opplysningar:

Avskrivningane er tatt ut av kvart rammeområde og samla i ein tabell. Det er ikkje ein nettoverknad av avskrivningar i driftsbudsjettet, då avskrivningane vert motpostert, men dei påverkar brutto driftsresultat. Når det gjeld nettoeffekten på driftsbudsjettet, vert det i kommunebudsjettet brukt låneavdrag istadenfor avskrivningar.

Det er ein relativt stor auke i avskrivningsutgifter i løpet av planperioden som følgje av at avslutta investeringsprosjekt skal avskrivast.

## 7 Økonomisk hovedoversikt – investeringsbudsjett 2016-2019

<b>INVESTERINGSINNEKTER</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endring</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015, justert</b>	<b>2016-2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
LN03 Sal av driftsmidler og fast eiendom	2 719	2 100	5 110	7 210	1 000	1 000	1 000
LN04 Andre salgsinntekter	4 126	67	-34	33	0	0	0
LN05 Refusjoner	6 486	22 006	24 807	46 814	8 658	1 625	1 300
LN07 Andre overføringer	3 436	1 740	-1 040	700	0	0	0
LN08 Renteinntekter og utbytte	30	0	0	0	0	0	0
<b>LN09 Sum inntekter</b>	<b>L 16 796</b>	<b>25 913</b>	<b>28 843</b>	<b>54 757</b>	<b>9 658</b>	<b>2 625</b>	<b>2 300</b>
<b>INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endring</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015, justert</b>	<b>2016-2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
LN11 Lønnsutgifter	1 068	176	0	176	176	176	176
LN12 Sosiale utgifter	261	65	0	65	65	65	65
LN13 Varer og tenester i kommunal egenproduksjon	56 360	112 067	89 953	202 020	95 235	18 000	6 700
LN14 Kjøp av tjenester som erstatter egenproduksjon	0	387	726	1 113	0	0	0
LN15 Overføringer	6 769	15 543	26 418	41 961	8 658	1 625	1 300
LN16 Renteutgifter og omkostninger	251	0	0	0	0	0	0
LN17 Fordelte utgifter	50	0	0	0	0	0	0
<b>LN18 Sum utgifter</b>	<b>M 64 759</b>	<b>128 238</b>	<b>117 097</b>	<b>245 335</b>	<b>104 133</b>	<b>19 866</b>	<b>8 241</b>
<b>FINANSUTGIFTER</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endring</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015, justert</b>	<b>2016-2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
LN19 Avdragsutgifter	1 964	2 600	300	2 900	2 900	2 900	2 900
LN20 Utlån	10 793	13 100	-3 100	10 000	10 000	10 000	10 000
LN21 Kjøp av aksjer og andeler	13 029	2 334	18 732	21 066	1 700	1 700	1 700
LN22 Avsatt til ubundne investeringsfond	1 455	2 100	5 000	7 100	1 000	1 000	1 000
LN23 Avsetninger til bundne fond	2 468	8 764	-8 764	0	0	0	0
<b>LN25 Sum finanstransaksjoner</b>	<b>N 29 710</b>	<b>28 898</b>	<b>12 168</b>	<b>41 066</b>	<b>15 600</b>	<b>15 600</b>	<b>15 600</b>
<b>LN26 Finanseringsbehov</b>	<b>O=M+N-L 77 673</b>	<b>131 223</b>	<b>100 422</b>	<b>231 644</b>	<b>110 076</b>	<b>32 841</b>	<b>21 541</b>
<b>FINANSIERING</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Endring</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett</b>
	<b>2014</b>	<b>2015, justert</b>	<b>2016-2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
LN28 Bruk av lån	59 098	99 844	113 965	213 808	104 266	27 031	15 731
LN29 Motteke avdrag på utlån	3 166	7 600	-4 700	2 900	2 900	2 900	2 900
LN31 Overføringer fra driftsregnskapet	13	0	0	0	0	0	0
LN32 Bruk av disposisjonsfond	-2 898	0	0	0	0	0	0
LN33 Bruk av ubundne investeringsfond	12 569	16 210	-7 000	9 210	2 910	2 910	2 910
LN34 Bruk av bundne fond	5 725	7 569	-1 843	5 726	0	0	0
<b>LN36 Sum finansiering</b>	<b>R 77 673</b>	<b>131 223</b>	<b>100 422</b>	<b>231 644</b>	<b>110 076</b>	<b>32 841</b>	<b>21 541</b>
<b>LN38 Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Kommentar til investeringsbudsjett:

Tal i tusen kroner. Tabellen over viser det totale investeringsbudsjettet til Kvam herad. Investeringsprosjekt utgjør hoveddelen av investeringsbudsjettet til Kvam herad i planperioden. Det er få poster som er faste fra år til år.

LN03 – Budsjettert sal av eiendomar i øk.planperioden. Summen varierer fra år til år, alt etter kva kommunen sel. Det er lagt inn 7,2 mnok for sal av næringsareal i 2016, men berre 1 mnok i resten av perioden. Gevinsten vert sett av på bustadfond, LN22

LN04 – Det er budsjettert med sal av stein frå Melstveitvegen i 2016.

LN05 – Refundert mva.kompensasjon på investeringsprosjekt i planperioden, motpost LN15. I tillegg ligg det inne refusjonar frå Grodalsåsen på 8,9 mnok, dersom prosjektet kjem i gang i 2016.

LN07 – Andre overføringer i 2015 overføring frå private til servicebygg på Mundheim.

LN11 og LN12 – Budsjettet er justert for tilsette engasjert i leing av investeringsprosjekt.  
LN13 og 14 – Budsjettet er laga i tråd med investeringsprosjekt, sjå eigen oversikt. Kjøp utanom prosjekt er berre nokre få, mindre postar til eigedomsforvaltning.  
LN15 – Budsjettesummen gjeld meirverdiavgift på invest.prosjekt (motpost LN05), og tilskot til Bårehus.

LN19 – Avdrag på Husbanken sine startlån

LN20 – Lån frå Husbanken er lagt inn med 10 mnok pr. år i planperioden.

LN21 – Kjøp av aksjar gjeld eigenkapitalkrav i KLP og etablering av Hardangerbadet KF for 20 mnok.

LN22 – Det er sett av 7,1 mnok for budsjettert sal av eigedomar (LN03) i 2016 og 1 mnok i resten av perioden.

LN28 – Bruk av lån er motpost til opptak av Husbanklån, og finansiering av investeringsprosjekt.

LN29 – Budsjetterte avdrag for Husbanken sine startlån frå låntakarar til Kvam herad

LN33 – Bruk av ubundne investeringsfond gjeld finansiering av investeringsprosjekt og kjøp av eigedomar.

LN34 – Bruk av bundne fond er til finansiering av investeringsprosjekt og eigenkapital KLP.

## 7.1 Budsjettskjema 2A – Investeringsbudsjett

BUDSJETTSKJEMA 2A (tusen kr)	Rekneskap 2014	Budsjett 2015, justert	Endring 2016-2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
1. Investert anleggsmiddel	64 759	128 238	117 097	245 335	104 133	19 866	8 241
2. Utlån og forskottering	23 823	15 434	15 632	31 066	11 700	11 700	11 700
3. Avdrag på lån	1 964	2 600	300	2 900	2 900	2 900	2 900
4. Dekning av tidlegare års udekka			0				
5. Avsetningar	3 923	10 864	-3 764	7 100	1 000	1 000	1 000
<b>6. Årets finansieringsbehov</b>	<b>94 470</b>	<b>157 136</b>	<b>129 265</b>	<b>286 401</b>	<b>119 733</b>	<b>35 466</b>	<b>23 841</b>
<b>7. Finansiert slik:</b>			0				
8. Bruk av lånemidlar	-59 098	-99 844	-113 965	-213 808	-104 266	-27 031	-15 731
9. Inntekter frå sal av anleggsmiddel	-2 719	-2 100	-5 110	-7 210	-1 000	-1 000	-1 000
10. Tilskot til investeringar	-3 436	-1 740	1 040	-700	0	0	0
11. Mottekne avdrag på lån og refusjonar	-9 652	-29 606	-20 107	-49 714	-11 558	-4 525	-4 200
12. Andre inntekter	-4 156	-67	34	-33	0	0	0
<b>13. Sum ekstern finansiering</b>	<b>-79 060</b>	<b>-133 357</b>	<b>-138 108</b>	<b>-271 465</b>	<b>-116 823</b>	<b>-32 556</b>	<b>-20 931</b>
14. Overført frå driftsrekneskapet	-13	0	0	0	0	0	0
15. Bruk av tidlegare års udisponert			0				
16. Bruk av avsetningar	-15 397	-23 779	8 843	-14 936	-2 910	-2 910	-2 910
<b>17. Sum finansiering</b>	<b>-94 470</b>	<b>-157 136</b>	<b>-129 265</b>	<b>-286 401</b>	<b>-119 733</b>	<b>-35 466</b>	<b>-23 841</b>
<b>18. Udekka(+)/ udisponert(-)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Kommentar til tabellen:** Tabellen over viser det totale investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden, og korleis dette er finansiert.

## 7.2 Budsjettskjema 2B – Investeringsbudsjett

Under er midlane til finansiering fordel t på dei ulike investeringsprosjekta i økonomiplanperioden. For meir utfyllande kommentarar og totalrammer for prosjekta, sjå eige kapittel.

BUDSJETTSKJEMA 2B (tusen kr)		Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Prosjekt					
P16161	0* IKT i skule og barnehage	1 250	1 063	1 063	688
P18162	0* Oppgradering/utskifting adm.system	2 250	0	0	0
P37161	0* Takheis PLO	125	0	0	0
P61160	0* Sanering VA Kvam herad, 2016 - vatn	1 500	0	0	0
P61164	0* Sanering Nedre Vik, Øystese	1 500	3 000	0	0
P61165	0* Opning av dam på Solhaug	0	1 125	0	0
P61166	0* Utskifting til LED i veglys	3 063	3 063	0	0
P61168	0* Sigevatn Tolomarka	625	0	0	0
P61169	0* Sanering VA Kvam herad, 2016 - avlaup	1 500	0	0	0
P62163	0* Rassikring i Bergshagen	2 500	0	0	0
P62171	0* Utskifting glas og fasade rådhus	0	1 250	1 250	0
P65161	0* Digitalt naudnett - compatible GPS	288	225	0	0
<b>Sum nye investeringsprosjekt</b>		<b>14 600</b>	<b>9 725</b>	<b>2 313</b>	<b>688</b>

<b>BUDSJETTSKJEMA 2B (tusen kr)</b>					
<b>Prosjekt</b>		<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
P13161	0* IT-investeringar 2016	1 800	0	0	0
P13171	0* IT-investeringar 2017	0	1 800	0	0
P13191	0* IT-investeringar 2019	0	0	0	1 800
P16152	0* Telefon- og varslingssystem	2 000	0	0	0
P16154	0* PC PLO	125	0	0	0
P16181	0* IT-investeringar 2018	0	0	1 800	0
P17141	0* Kjøp av modulbygg	2 000	0	0	0
P18131	0* Portal- og administrasjonsprogram	375	0	0	0
P18133	0* Heilelektronisk arkiv	1 391	0	0	0
P19141	Hardangerbadet	19 366	0	0	0
P31061	0*Tomt Toloheimen-komande omsorgsbustadar	6 670	0	0	0
P60024	0* Bustadfelt - Grodalsåsen, Mikjelsgarden AS	9 860	0	0	0
P60025	0* Utbyggingsavtale Grodalsåsen	1 213	0	0	0
P60094	0* Komp.midlar veg - avkøyring industriområde St	750	0	0	0
P60096	0* Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	3 125	0	0	0
P60134	0* Familie- og læringscenter	12 000	0	0	0
P60161	0* Asfaltering 2016	1 875	0	0	0
P60162	0* Oppgradering bygg 2016	1 250	0	0	0
P60166	0* Fornying teknisk utstyr 2016	625	0	0	0
P60171	0* Asfaltering 2017	0	1 875	0	0
P60172	0* Oppgradering bygg 2017	0	1 250	0	0
P60173	0* Fornying teknisk utstyr 2017	0	625	0	0
P60181	0* Asfaltering 2018	0	0	1 875	0
P60182	0* Fornying teknisk utstyr 2018	0	0	625	0
P60191	0*Asfaltering 2019	0	0	0	1 875
P60192	0*Fornying teknisk utstyr 2019	0	0	0	625
P61142	0* Næringsareal Mo	2 500	0	0	0
P61143	0* Veg Sandvenhagen/Sæland	2 500	0	0	0
P61145	0* Trafikksikringstiltak - HST-132/12	250	0	0	0
P61147	0* Skutlabergvegen - rassikring og veg	1 600	0	0	0
P61151	0* Kryss Tolo - Buspareklubben	2 400	0	0	0
P61152	0* Bruprosjekt - Netelandsbrua	2 813	0	0	0
P61153	0* Parkering Bjørketeigen	1 250	0	0	0
P61155	0* Rassikring - murar og fjell	500	0	0	0
P61156	0* Melstveitvegen	1 526	0	0	0
P62132	0* Bårehus Øystese	4 047	0	0	0
P62152	0* Rømingeveg rådhuset	500	0	0	0
P62153	0* Oppgr. av område/bygg teknisk Sandven	2 375	0	0	0
P62155	0* Branntryggleik Strandebarmsheimen	1 485	0	0	0
P62156	0* Servicebygg Mundheim	1 125	0	0	0
P62181	0* Oppgradering bygg 2018	0	0	1 250	0
P62191	0*Oppgradering bygg 2019	0	0	0	1 250
P71093	0* Oppgradering Mundheim sentrum	300	0	0	0
<b>Sum aktive investeringsprosjekt</b>		<b>89 596</b>	<b>5 550</b>	<b>5 550</b>	<b>5 550</b>

<b>BUDSJETTSKJEMA 2B (tusen kr)</b>					
<b>Prosjekt</b>		<b>Budsjett 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>
P90131	0* Ålvik skule	46 853	0	0	0
P91140	0* Barnehage - Felles	4 750	0	0	0
P91141	0* Barnehage - Strandebarm	10 000	12 500	0	0
P91142	0* Barnehage - Tørvikbygd	15 500	0	0	0
P91143	0* Barnehage - Norheimsund	22 500	18 750	0	0
P91144	0* Barnehage - Øystese	21 250	0	0	0
<b>Sum aktive skule- og barnehageprosjekt</b>		<b>120 853</b>	<b>31 250</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
P60153	0* Vassleidning Strandebarm	2 200	0	0	0
P60158	0* VA Høgdebasseng Ålvik	1 200	0	0	0
P60159	0* VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentr. -St	2 200	0	0	0
P60167	0* Fornying teknisk utstyr VAR 2016	835	0	0	0
P60174	0* Fornying teknisk utstyr VAR 2017	0	500	0	0
P60183	0* Fornying teknisk utstyr VAR 2018	0	0	500	0
P60193	0*Fornying teknisk utstyr VAR 2019	0	0	0	500
P61073	0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	100	1 718	0	0
P61081	0* Utsleppsanering Evjo, Øystese	200	1 587	0	0
P61082	0* VA-anlegg mot Eikedalen	934	0	0	0
P61091	0* Felles slamavskiljar Vikøy	200	1 300	0	0
P61102	0* Vassleidning Torpe, vidareføring	1 000	0	0	0
P61111	0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	13 700	50 000	10 000	0
P61113	0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	1 500	0	0	0
P61114	1* Oppdatering vassforsyningsplan	500	0	0	0
P61115	0* Sanering VA Skutlalia	2 000	0	0	0
P61116	0* Sanering Norheim	930	0	0	0
P61117	1* Oppdatering avløpsplan	500	0	0	0
P61118	0* Reserveforsyning vatn	1 000	1 000	0	0
P61120	0* VA-leidning Kvammapakken (Skipadalen - Tolo)	1 000	0	0	0
P61148	0* Vassleidning Torpevegen, veg- og murarbeid	2 800	0	0	0
P61154	0* Sanering Norheimsund (Haldeplassen - Straum	350	0	0	0
P61159	0* VA-pumpestasjon ved Fartøyvernserveret	1 500	0	0	0
P61161	0* Kloakksanering Ålvik	500	0	0	0
<b>sum aktive VA-prosjekt</b>		<b>35 149</b>	<b>56 105</b>	<b>10 500</b>	<b>500</b>
<b>Sum investeringsprosjekt</b>		<b>260 197</b>	<b>102 630</b>	<b>18 363</b>	<b>6 738</b>
Investeringsbudsjett eksl. Prosjekt		26 204	17 104	17 104	17 104
<b>Sum investeringsbudsjett eksl. Prosjekt</b>		<b>26 204</b>	<b>17 104</b>	<b>17 104</b>	<b>17 104</b>
<b>Sum totalt</b>		<b>286 401</b>	<b>119 734</b>	<b>35 467</b>	<b>23 842</b>

## 8 Prosjekt i økonomiplanperioden 2016 – 2019

I dette avsnittet om drifts – og investeringsprosjekt omtalar me nye prosjekt og tidlegare vedtekne prosjekt. I motsetnad til resten av drifts- og investeringsbudsjettet som går frå 2016-2019, er totalramma for prosjektet omtala. Det vil seia at ramma omfattar perioden før 2016.

Det er ei rekkje prosjekt som er meldt inn i samband med budsjettarbeidet, men som ikkje er komne langt nok i prosessen til at dei er vurdert i økonomiplanen. Dette gjeld:

- Utskifting utstyr PLO
- Busetjing av flyktningar, auka behov for bustad
- Bustadbehov rus og psykiatri
- Rassikring murar og fjell
- Utbetring bruer og vegar
- Flaumsikring
- Sanering vatn og avlaup
- Nytt høgdebassen på Torpe
- Nytt høgdebassen på Sandven
- Ombygging av barneskulen i Øystese
- Utviding av kapasitet innan Helse og omsorg
- Ny brannstasjon med tilhøyrande utstyr
- Nye digitaliseringsprosjekt

Det er difor tinga ei rekkje utgreiingar i 2016 for å kartleggja tilstand på ulike kommunale eigedomar i 2016 for å få ein totaloversikt på kva som må gjerast i åra framover. Når desse er klare, må ein nytta 2016 til å gå nøye gjennom alle prosjekta igjen, og laga ei nøysam prioritering til økonomiplanen 2017-2020. I tillegg til utfordringar med finansiering av prosjekta, krev dei og administrasjon og erfaringar viser at kommunen ikkje klarar å gjennomføra mange av prosjekta tiltenkt tid.

### **Komande prosjekt i perioden etter 2020:**

Økonomiplanperioden som rådmannen pliktar å leggja fram planar for, strekkjer seg over 4 år. Det er ikkje funne rom i denne perioden til Hardinghuset, men rådmannen ser for seg at dette prosjektet skal starta opp 2020. Kulturhuset er estimert til å ha ein totalkostnad på 120 mill.kr, der kommunen sin del utgjør 46,5 mill.kr.

### **VA-prosjekt:**

VAR-området er eit eige sjølvfinansierande område. Investeringane vert finansiert med lån, der låneutgiftene vert fordelt ut på brukarane som kommunale avgifter. VAR-området er delt i to avgiftsområde, eit for Kvamskogen og eit for resten av Kvam. I økonomiplanperioden må ein vurderer om ein skal slå saman desse to områda, då nokre av prosjekta vedkjem begge avgiftsområda.

### **Årlege investeringsprosjekt:**

Det er lagt inn ein del årlege investeringsprosjekt i planperioden:

- a. Oppgradering av bygg – Kommunen har ei stor bygningsmasse. Vedlikehaldet er omfattande og etterslepet så stort at ein del bygg treng oppgradering. Det er difor lagt opp til eit årleg investeringsbudsjett.
- b. Asfaltering – På same måte som for bygg, har kommunen mange meter veg med stort vedlikehaldsetterslep. Det er lagt opp til reasfaltering-prosjekt i planperioden.
- c. IT-investeringar – IT er eit av dei viktigaste administrative verktøya, og treng kontinuerleg utskifting og vidare satsing for å oppnå gode resultat og utvikling.
- d. Fornyng teknisk utstyr – Innimellom oppstår det uventa behov for nytt teknisk utstyr, men rådmannen ynskjer ein plan for årleg utskifting av teknisk utstyr. På grunn av nokre år med investeringsstopp er det eit etterslep på området.

## 8.1 Prosjektoversikt

Totalrammer for prosjekt, tal i tusen kroner.

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P18161 1* Prosess- og org.gjennomgang - LEAN	0	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P61167 1* Kartlegging tilstand av kommunale vegar	0	0	250	0	0	0	250	250
P62161 1* Rehabilitering bustader Hatlevegen	0	0	816	0	0	0	816	816
P62162 1* Kartlegging tilstand av kommunale bygg	0	0	250	0	0	0	250	250
P65162 1* Redningsbil Ålvik	0	0	225	0	0	0	225	225
<b>Sum nye driftsprosjekt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 541</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 541</b>	<b>2 541</b>
P70132 1* Reg.plan Tokagjelet-Ungd.heimen	0	0	500	0	0	0	500	500
P70133 1* Reg.plan NAF-Eikedalen	0	0	500	0	0	0	500	500
P70134 1*Reguleringsplan Busdalen/Grustaket	693	750	300	0	0	0	1 050	357
P70151 1* Ei dør - Hardanger Fartøyvernssenter	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P71091 1* Kompensasjonsmidlar tettstadutvikling Ålvik	1 312	1 600	2 550	0	0	0	4 150	2 838
P71095 1* Reguleringsplan Håfjellstunnel	472	670	80	0	0	0	750	278
P71096 1* Reguleringsplan Fyksesund bru - Steinstø	46	200	0	0	2 000	0	2 200	2 154
<b>Sum aktive driftsprosjekt</b>	<b>2 523</b>	<b>3 220</b>	<b>5 930</b>	<b>0</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>	<b>11 150</b>	<b>8 627</b>
<b>Sum driftsprosjekt</b>	<b>2 523</b>	<b>3 220</b>	<b>8 471</b>	<b>0</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>	<b>13 691</b>	<b>11 168</b>

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P16161 0* IKT i skule og barnehage	0	0	1 000	850	850	550	3 250	3 250
P18162 0* Oppgradering/utskifting adm.system	0	0	1 800	0	0	0	1 800	1 800
P37161 0* Takheis PLO	0	0	100	0	0	0	100	100
P61160 0* Sanering VA Kvam herad, 2016 - vatn	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P61164 0* Sanering Nedre Vik, Øystese	0	0	1 500	3 000	0	0	4 500	4 500
P61165 0* Opning av dam på Solhaug	0	0	0	1 000	0	0	1 000	1 000
P61166 0* Utskifting til LED i veglys	0	0	2 450	2 450	0	0	4 900	4 900
P61168 0* Sigevatn Tolomarka	0	0	500	0	0	0	500	500
P61169 0* Sanering VA Kvam herad, 2016 - avlaup	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P62163 0* Rassikring i Bergshagen	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P62171 0* Utskifting glas og fasade rådhus	0	0	0	1 000	1 000	0	2 000	2 000
P65161 0* Digitalt naudnett - compatible GPS	0	0	230	180	0	0	410	410
<b>Sum nye investeringsprosjekt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>12 580</b>	<b>8 480</b>	<b>1 850</b>	<b>550</b>	<b>23 460</b>	<b>23 460</b>



Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P13161 0* IT-investeringar 2016	0	0	1 440	0	0	0	1 440	1 440
P13171 0* IT-investeringar 2017	0	0	0	1 440	0	0	1 440	1 440
P13191 0* IT-investeringar 2019	0	0	0	0	0	1 440	1 440	1 440
P16152 0* Telefon- og varslingssystem	0	0	1 600	0	0	0	1 600	1 600
P16154 0* PC PLO	219	300	100	0	0	0	400	181
P16181 0* IT-investeringar 2018	0	0	0	0	1 440	0	1 440	1 440
P17141 0* Kjøp av modulbygg	0	0	1 600	0	0	0	1 600	1 600
P18131 0* Portal- og administrasjonsprogram	1 142	1 200	300	0	0	0	1 500	358
P18133 0* Heilelektronisk arkiv	467	387	1 113	0	0	0	1 500	1 033
P19141 Hardangerbadet	2 146	3 134	19 366	0	0	0	22 500	20 354
P31061 0*Tomt Toloheimen-komande omsorgsbustadar	500	500	6 670	0	0	0	7 170	6 670
P60024 0* Bustadfelt - Grodalsåsen, Mikjelsgarden AS	639	550	8 900	0	0	0	9 450	8 811
P60025 0* Utbyggingsavtale Grodalsåsen	0	0	970	0	0	0	970	970
P60094 0* Komp.midlar veg - avkøyring industriområde St.d	465	1 000	500	0	0	0	1 500	1 035
P60096 0* Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	0	0	2 500	0	0	0	2 500	2 500
P60134 0* Familie- og læringscenter	0	400	9 600	0	0	0	10 000	10 000
P60161 0* Asfaltering 2016	0	0	1 500	0	0	0	1 500	1 500
P60162 0* Oppgradering bygg 2016	0	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P60166 0* Fornying teknisk utstyr 2016	0	0	500	0	0	0	500	500
P60171 0* Asfaltering 2017	0	0	0	1 500	0	0	1 500	1 500
P60172 0* Oppgradering bygg 2017	0	0	0	1 000	0	0	1 000	1 000
P60173 0* Fornying teknisk utstyr 2017	0	0	0	500	0	0	500	500
P60181 0* Asfaltering 2018	0	0	0	0	1 500	0	1 500	1 500
P60182 0* Fornying teknisk utstyr 2018	0	0	0	0	500	0	500	500
P60191 0*Asfaltering 2019	0	0	0	0	0	1 500	1 500	1 500
P60192 0*Fornying teknisk utstyr 2019	0	0	0	0	0	500	500	500
P61142 0* Næringsareal Mo	0	0	2 000	0	0	0	2 000	2 000
P61143 0* Veg Sandvenhagen/Sæland	97	400	2 000	0	0	0	2 400	2 303
P61145 0* Trafikksikringstiltak - HST-132/12	302	350	400	0	0	0	750	448
P61147 0* Skutlabergvegen - rassikring og veg	2 512	3 795	1 280	0	0	0	5 075	2 563
P61151 0* Kryss Tolo - Buspareklubben	2	0	1 600	0	0	0	1 600	1 598
P61152 0* Bruprosjekt - Netelandsbrua	244	250	2 250	0	0	0	2 500	2 256
P61153 0* Parkering Bjørketeigen	0	0	1 000	0	0	0	1 000	1 000
P61155 0* Rassikring - murar og fjell	366	600	400	0	0	0	1 000	634
P61156 0* Melstveitvegen	60	2 479	1 221	0	0	0	3 700	3 640
P62132 0* Bårehus Øystese	157	153	4 047	0	0	0	4 200	4 043
P62152 0* Rømningsveg rådhuset	0	0	400	0	0	0	400	400
P62153 0* Oppgr. av område/bygg teknisk Sandven	94	100	1 900	0	0	0	2 000	1 906
P62155 0* Branntryggleik Strandebarmsheimen	12	12	1 188	0	0	0	1 200	1 188
P62156 0* Servicebygg Mundheim	0	0	900	0	0	0	900	900
P62181 0* Oppgradering bygg 2018	0	0	0	0	1 000	0	1 000	1 000
P62191 0*Oppgradering bygg 2019	0	0	0	0	0	1 000	1 000	1 000
P71093 0* Oppgradering Mundheim sentrum	10	22	240	0	0	0	262	252
<b>Sum aktive investeringsprosjekt</b>	<b>9 432</b>	<b>15 631</b>	<b>78 485</b>	<b>4 440</b>	<b>4 440</b>	<b>4 440</b>	<b>107 437</b>	<b>98 005</b>

Tekst	Forbruk totalt per 2015	Bud T.o.m 2015	Bud 2016	Bud 2017	Bud 2018	Bud 2019	Total- ramme (inkl. fonds- avsetning)	Rest på total ramme
P90131 0* Ålvik skule	1 945	3 121	37 482	0	0	0	40 603	38 658
P91140 0* Barnehage - Felles	3 009	3 700	4 000	0	0	0	7 700	4 691
P91141 0* Barnehage - Strandebarm	945	1 000	8 000	10 000	0	0	19 000	18 055
P91142 0* Barnehage - Tørvikbygd	4 858	11 100	12 400	0	0	0	23 500	18 642
P91143 0* Barnehage - Norheimsund	1 899	2 000	18 000	15 000	0	0	35 000	33 101
P91144 0* Barnehage - Øystese	8 452	16 000	17 000	0	0	0	33 000	24 548
<b>Sum aktive skule- og barnehageprosjekt</b>	<b>21 109</b>	<b>36 921</b>	<b>96 882</b>	<b>25 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>158 803</b>	<b>137 694</b>
P60153 0* Vassledning Strandebarm	0	200	2 200	0	0	0	2 400	2 400
P60158 0* VA Høgdebasseng Ålvik	0	0	1 200	0	0	0	1 200	1 200
P60159 0* VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentr. - Stro	52	1 000	2 200	0	0	0	3 200	3 148
P60167 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2016	0	0	835	0	0	0	835	835
P60174 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2017	0	0	0	500	0	0	500	500
P60183 0* Fornying teknisk utstyr VAR 2018	0	0	0	0	500	0	500	500
P60193 0*Fornying teknisk utstyr VAR 2019	0	0	0	0	0	500	500	500
P61073 0* Ny pumpestasjon P5, Tolo	182	183	100	1 718	0	0	2 000	1 818
P61081 0* Utsleppsanering Evjo, Øystese	130	853	200	1 587	0	0	2 640	2 510
P61082 0* VA-anlegg mot Eikedalen	28 030	26 266	934	0	0	0	27 200	-830
P61091 0* Felles slamavskiljar Vikøy	0	0	200	1 300	0	0	1 500	1 500
P61102 0* Vasssleidning Torpe, vidareføring	1 854	7 500	1 000	0	0	0	8 500	6 646
P61111 0* Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	1 139	4 300	13 700	50 000	10 000	0	78 000	76 861
P61113 0* Oppgr. av eksisterande vassverk i Kvam	671	2 000	1 500	0	0	0	3 500	2 829
P61114 1* Oppdatering vassforsyningsplan	1	0	500	0	0	0	500	499
